HERØY KOMMUNE

# MØTEINNKALLING

| | |
|---|---|
| **Utval:** | Maritim og teknisk komite |
| **Møtestad:** | Formannskapssalen Herøy rådhus |
| **Dato:** | 28.10.2014 |
| **Tid:** | 15:00 |

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

**Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellessekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).**

Fosnavåg, 22.10.14

Idar Tarberg
leiar

**SAKLISTE:**

| Saksnr | Innhold |
|---|---|
| PS 101/14 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| PS 102/14 | Protokoll frå førre møte. |
| PS 103/14 | Delegerte saker |
| PS 104/14 | Referatsaker |
| PS 105/14 | Olav Lovis Tjervåg - 53/11 - Oppføring av 4 naust i rekke og utlegging av flytebrygge/bølgedempar |
| PS 106/14 | Tildeling av midlar til drenering av jordbruksjord for 2014 |
| PS 107/14 | Tildeling av SMIL midlar for 2014 |
| PS 108/14 | Alf Holkestad 28/21 - Oppføring av carport som tilbygg til garasje - Dispensasjon frå plankrav |
| PS 109/14 | Tømrer Service AS 31/112 - Dispensasjon fra plankrav for oppføring av tomannsbustad |
| PS 110/14 | Per Morten Bjørlykke - 29/344 - Klage på avslag vedr endringssøknad på naust/sjøbud |
| PS 111/14 | Forskrift om fartsavgrensing i Fosnavåg fiskerihamn og sjøområdet/farleia gjennom Straumane i Herøy kommune. |

| | |
|---|---|
| | **Delegerte saker frå avdelingane** |
| DS 345/14 | Kjell Notøy 33/19 - Løyve til oppføring av murkant |
| DS 346/14 | Per Arne Måløy 46/71 - Løyve til utviding av terrasse og oppføring av levegg |
| DS 347/14 | Arnfinn Sporstøl 79/83 - Løyve til etablering av landfeste og utlegging av flytebrygge |
| DS 348/14 | Bygg og System AS 23/47 - Løyve til oppføring av lagerhall |
| DS 349/14 | Øyvind Alexander Bostad 30/130 - Løyve til oppføring av sommerstue og levegg på veranda |
| DS 350/14 | Gnr 60 Bnr 58, 103 - Grensejustering mellom eigedomane |
| DS 351/14 | Gnr 9 Bnr 13 - Frådeling av bustadtomt |
| DS 352/14 | Gnr 9 Bnr 6 Frådeling av bustadtomt |
| DS 353/14 | Gnr 9 Bnr 7 Frådeling av bustadtomt |
| DS 354/14 | Gnr 25 Bnr 3 Frådeling av næringsareal |
| DS 355/14 | Frode Leine 32/13 - Igangsetjingsløyve for deler av tiltak |
| DS 356/14 | Mellombels bruksløyve - 82/5 |
| DS 357/14 | Per - Hallstein Dahle - 19/2 - igangsettingsløyve |
| DS 358/14 | Ferdigattest seksjon 6 og 7 på 5/65 |
| DS 359/14 | Ferdigattest altan - 29/37 |
| DS 360/14 | Norgesgruppen Servicehandel as Mix - 34/124 - Reklameskilt |
| DS 361/14 | Runar Larsen 37/3 - Løyve til tiltak |
| DS 362/14 | Svein Ove Kleppe 86/41 - Løyve til oppføring av frittliggande garasje |
| DS 363/14 | Leon Nerland 7/50 - Løyve til oppføring av frittliggande garasje |
| DS 364/14 | Gnr 8 Bnr 6 Anita Johanne Kvalsund - Frådeling av naustparsell |
| DS 365/14 | Gnr 11 Bnr 21 - Frådeling av to naustparsellar. |
| DS 366/14 | Gullik Kjellstadli og Ingrid Sylvia Renberg 29/74 - Endring av løyve |
| DS 367/14 | Erling Magne Hestholm - 44/108 - Garasjebygg |

| | |
|---|---|
| DS 368/14 | Tømrer Prosjekt AS 29/346 - Mellombels bruksløyve for seksjon 1 og garasje |
| DS 369/14 | Ove Geir Myklebust 19/105 - Løyve til oppføring av frittliggande garasje og etablering av ny avkøyrsle |
| DS 370/14 | Mørebygg AS 26/200 - Løyve til oppføring av tomannsbustad og garasje |
| DS 371/14 | Tømrer Prosjekt as - 34/504 - fasadeendring av tidleger godkjent bygg |
| DS 372/14 | ferdigattest 86/4 |
| DS 373/14 | Ferdigattest 4/238 |
| DS 374/14 | Dina Mari H. Remøy - 4/148 - Veranda |
| DS 375/14 | Marita og Aleksansder Zahl Tarberg - 12/94 - tilbygg/altan |
| DS 376/14 | Svein Leon Nerland - 6/28 -Altan |
| DS 377/14 | Gnr 12 Bnr 38 Frådeling av bebygd nausttomt |
| DS 378/14 | Ignas Katilevicius 4/238 - Løyve til oppføring av hagestue |
| DS 379/14 | ferdigattest 2 stk naust - 62/48 |
| DS 380/14 | Børre Oddmund Waagan - 79/129 - Tilbygg til bustadhus |
| DS 381/14 | Ferdigattest - aktivitetspark -58/32 |
| DS 382/14 | Cecilie Smådal og Kim Rory Woods - 26/222 - Endring ansvarsrett og garasjebygg |
| DS 383/14 | Mix Video Vest avd. Eggesbønes 37/217 - Løyve til utskifting av skilt |
| DS 384/14 | Fosnavåg Vekst AS 34/5 - Løyve til endring for deler av tidlegare godkjent tiltak - Hotell, konsertsal, kino og simulatorsenter i Fosnavåg |
| DS 385/14 | Svanhild og Arvid Kvalsund 26/230 - Løyve til oppføring av einebustad og frittliggande garasje |
| DS 386/14 | Fosnavåg Parkering 34/360 - Mellombels bruksløyve for parkeringshus i Gerhard Voldnes veg |
| DS 387/14 | Alf-Sigmund Hjelmeseth 29/32 - Løyve til riving av brannskada einebustad |
| DS 388/14 | Tømrer Service AS 45/164 - Løyve til oppføring av 2-mannsbustad med garasje, avkøyrsle, terrengtilpassing, planering av |

| | |
|---|---|
| | hage og opparbeiding av parkeringsplass |
| DS 389/14 | Fosnavåg Vekst AS 34/5 - Mellombels bruksløyve hotell, konsertsal, kino og simulatorsenter |
| DS 390/14 | Øyvind Kleven 29/177 - Ferdigattest |
| DS 391/14 | Astrid Westbø 34/27 - Løyve til etablering av ny avkøyrsle |
| DS 392/14 | Gnr 37 Bnr 374 Frådeling av tilleggsareal til gnr 37 bnr 258 |
| DS 393/14 | Frode Leine 32/13 - Rammeløyve til oppføring av sjøhus på Leine fiskerihavn |
| DS 394/14 | Ferdigattest - 44/19 |
| DS 395/14 | Torgeir Hide 60/32 - Klagen vert ikkje gjeve oppsetjande verknad |
| DS 396/14 | Hildebritt Kviebakk og Einar Gjeldsvik - 19/17 - Riving og oppføring av ny einebustad |
| DS 397/14 | Runar Kenneth Teige 7/54 - Løyve til oppføring av tilbygg |
| DS 398/14 | Stemmedalen Vasslag SA - 48/16 - Vassledningsanlegg |

**Referatsaker**

| | |
|---|---|
| RS 24/14 | Detaljreguleringsplan for Myrabakken bustadfelt - Offentleg ettersyn |
| RS 25/14 | Reguleringsplan gang- og sykkelveg Moltustranda FV 10 - Offentleg ettersyn |
| RS 26/14 | Reguleringsendring Trolldalen gnr 55 bnr 5 m.fl - Offentleg ettersyn |
| RS 27/14 | Detaljreguleringsplan for Eggesbøjorda gnr 38 bnr 2 m.fl området FKO - Offentleg ettersyn |

PS 101/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 102/14 Protokoll frå førre møte.

PS 103/14 Delegerte saker

PS 104/14 Referatsaker

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

-

| Sakshandsamar: | EFLÅ | Arkivsaknr: | 2014/392 |
|---|---|---|---|
| | | Arkiv: | 53/11 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 105/14 | Maritim og teknisk komite | 28.10.2014 |

**OLAV LOVIS TJERVÅG - 53/11 – KLAGE PÅ MTK-SAK 69/12 VEDR OPPFØRING AV 4 NAUST I REKKE OG UTLEGGING AV FLYTEBRYGGE/BØLGEDEMPAR**

**Tilråding frå rådmannen:**

Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel, jfr pbl § 19-2 og pbl § 1-8 tiltak i 100m beltet for

A.
Oppføring av 4 stk naust i rekker på vilkår:

Nausta skal ha maks mønehøgd på 6,60 m.
Nausta skal tene naustføremål og ikkje nyttast til varig opphald.
Nausta skal ikkje innehalde altan eller ha målbart areal på loft.

B.
Etablering av flytebrygge/bølgedempar på 20m x 2,7m (flytande konstruksjon) med landfeste og sandanker som omsøkt.

Dispensasjonen er grunngjeven med at tiltaket er i samsvar med tidlegare gitte uttalar, signal og råd frå kommune og regionale instansar. Etablering skjer på etablert fylling med etablerte naust og i tråd med ny arealplan som no skal godkjennast . Ei flytebrygge/bølgedempar som flytande konstruksjon vert vurdert til å vere eit skånsamt tiltak som ikkje vil dominere landskapet og det vil gjere det lettare å gjennomføre avbøtande tiltak etter nml § 11, dersom det på sikt skulle vere

naudsynt. Ein vurderer det til at dei samla tiltaka er itråd med dei føringar som tidlegare er gjevne og at det er ei overvekt av fordelar med tiltaket samla sett.

*Ein Gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre – veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jfr Plan-og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

Særutskrift:
Olav L Tjervåg
Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

**Vedlegg:**
Vedlegg
01 - MTK-sak 69/12
02 - Klage på MTK-sak 69/12 frå Olav Lovis Tjervåg
03 - Høringsbrev vedr flytande konstruksjon
04 - Uttale frå Fylkesmannen, datert 06.08.2014
05 - Uttale frå Møre og Romsdal fylke, datert 26.08.2014
06 - Skisser omsøkte naust
07 - Nauststorleik - skildra behov i forhold til båtstorleik av Olav Lovis Tjervåg
08 - Skisse som syner nausthøgd som kan godkjennast -mønehøgd 6,60m

**Saksopplysningar:**

Bakgrunn:

Olav Lovis Tjervåg har med brev, datert 28.03.2012, søkt om å få byggje 4 stk naust i rekke samt etablere ein bølgjebrytar/molo på eksisterande fylling på eigedomen 53/11 i Tjørvågane.

Fyllinga, dispensasjon, er tidlegare godkjent i FLP-sak 4/09. I saka vart det gjeve dispensasjon for å fylle ut på vilkår.

Fyllingsarbeidet vart fullført og fyllinga planert i mars/april 2012. Det vart då påpeika frå Utviklingsavdelinga at tiltaket ikkje var omsøkt etter plan- og bygningslova, det var kun gjeve dispensasjon til føremålet. Tiltakshavar fekk opplysning om dette og fekk høve til å levere komplett søknad vedr. fyllingsarbeidet etter § 20-1.

Olav Lovis Tjervåg arbeidde så fram ein søknad om å føre opp 4 naust i rekke og etablere ein molo knytt til desse nausta. Saka var på høring og den vart fremma for MTK i august 2012. MTK gjekk då inn for å godkjenne nausta med ei høgd på 6,50 og vidare vart det også gitt løyve til å etablere omsøkt molo, jf MTK-sak 69/12.

Møre og Romsdal fylke påklaga vedtaket som MTK traff i sak 69/12.

Klaga vart på nytt handsama i MTK i sak 28/13 og komiteen opprettholdt sitt tidlegare vedtak. Saka vart sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Saka låg lenge hjå Fylkesmannen og først den 08.04.2014 fekk Herøy kommune svar på klagen. Konklusjonen til fylkesmannen vart at ein oppheva vedtaket som MTK traff i sak 69/12. Opphevingsvedtaket vart grunngjeve med at molo kunne ha negative miljømessige konsekvensar.

I etterkant av dette tok Utviklingsleiaren på nytt kontakt mot regionale instansar for å få nærmare info om kva som låg i oppheving av vedtaket. Det resulterte i at det opna seg opp for å kunne godkjenne ein flytande konstruksjon brygge/bølgjedempar.

Saka vart sendt på ny høyring med omsyn for å kunne godkjenne brygge/bølgjedempar.

Under prosessen har Olav Lovis Tjervåg bede MTK på bakgrunn av sak 69/12 om ein ny vurdering i forhold til utforming av omsøkte naust jfr. klagebrev datert 04.07.2014.

**Vurdering og konklusjon:**

**Flytebrygge/bølgedempar.**

Opprinneleg var det søkt om molo som vart godkjent av Herøy kommune. Godkjenningsvedtaket vart seinare oppheva av fylkesmannen jfr. brev datert 08.14.2014.

Tiltakshaver ønskjer no at det vert realisert ein flytande konstruksjon då ein molo ikkje kunne godkjennast. Rådmannen legg til grunn at ein søknad om eit "flytande anlegg", betongbrygger, kan kunne godkjennast .

Frå fylkesmannen sine vurderingar viser ein til dette avsnittet i klagesaka:

*Avslutningsvis skal ein etter nml. § 12 bruke ein teknikk og ei plassering som gjev dei samfunnsmessige beste resultata. Bruk av til dømes ein flytande bølgebrytar vil vere eit meir skånsamt alternativt, føresett at denne er utforma slik at den ikkje er for dominerande i landskapet. Ein slik flyttbar installasjon vil også gjere det lettare å gjennomføre avbøtande tiltak etter nml. § 11.*

Den flytande konstruksjonen har ein dimensjon på 20 meter x 2,7 meter x 1,05 (totalhøgde). Tiltaket vil vere forankra med eit landfeste i etablert fylling og 300 kg sandanker.

Tiltaket har vore sendt på høyring til fylkesmannen og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Fylkesmannen har ingen merknadar til søknaden og Møre og Romsdal fylkeskommune konkluderer med at:

*Fylkeskommunen har ikkje vesentlege merknader til etablering av flytebrygge/ bølgedempar. Dette på bakgrunn av tidlegare saksgang, omfang og utforming av tiltaket, samt at det aktuelle området er avsett i forslag til kommuneplanens arealdel.*

**Nauststørrelse.**

Denne saka har teke unormalt lang tid og til dels har forutsetningane endra seg iløpet av søknadsprosessen. Politiske føringar lokalt har lagt til grunn at ein skal skjerpe inn praksisen med naustbygg i strandsona med omsyn til størrelse, høgder og estetikk. Ein finn og klare føringar frå regionalt hald som tilseier ei strengare praktisering.

Kommunen har vedteke retningsliner for naustbygg som skal leggast til grunn og den nye kommuneplanen sin arealdel som vert vedtatt i oktober 2014 følgjer opp desse retningslinene som føresegner.

Om nauststørrelse traff MTK i sak 69/12 følgjande vedtak:

*«Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel,jfr pbl § 19-2 og pbl § 1-8 tiltak i 100m beltet - til oppføring av 4 stk naust i rekker med ei maks mønehøgd på 6,50 m og utan inntrekt veranda. Nausta skal tene naustføremål og ikkje nyttast til varig opphald.*

Olav L Tjervåg viser til i si klage at naustbygga som er omsøkt er blitt vurdert og grunngjeve at ein har behov for ei minimumshøgd på 7,23m for å tene bruken som ein ser for seg. Vidare visar Tjervåg til korrespondanse mellom han og kommunen der tiltaket har vore vurdert i fleire omgongar. Med omsyn til dei forhold som Tjervåg viser til det på andre plassar i kommunen har vore godkjent liknande tiltak vil rådmannen m.a. vise til at tiltak i Aspevika er godkjent gjennom ein reguleringsprosess der ei rekkje forhold har vore vurdert og lagt til grunn. Klagen til Tjervåg ligg vedlagt.

Rådmannen legg til grunn i si vurdering at politiske signal som er satt fram om tiltak i strandsona skal fylgjast. Vidare bør ein sjå til at tiltak som vert etablert tenar den bruken ein legg opp til.

Ein vurderer det til at estetikk til naust i strandsona skal handsamast strengt. Dette inneberer at element som ikkje er naturlege på naust ikkje skal kunne godkjennast. Rådmannen vil derfor ikkje tilrå at det vert etablert inntrekt altan på naustet. Rådmannen vil og meine at det kan etablerast to vindauge i loftsetasjen på frontfasaden på nausta.

Med omsyn til høgd på loftsetasje på naustet legg rådmannen til grunn at ein vil kunne godkjenne ei innvendig høgd på maks 1,89 meter. Loftsetasjen vil då ikkje ha måleverdig areal.

Totalhøgd på bygget vil med den nye føringa på loftsetasje kunne reduserast noko og vil ha då ei makshøgd på 6,60 m. Den nederste etasjen vil då ha ei høgd på 4,0 m som vil underbyggje søkjar sitt behov slik han har grunngjeve det i sin tidlegare søknad og klage. Naustet vil då tene brukaren sitt behov, jf skriv frå Tjervåg datert 21.07.2012 (rosa tekst)

**Kommentar til vedlegg 08 – skisse nausthøgd:**

Dette er kun ei eksempelskisse som syner at tiltakshavar får dekt sitt behov i forhold til storleik på båtar og at føringane som er sett fram frå politisk og administrativt hald siste åra er innfridde. Teikninga seier ingenting om takvinkel.

**Konklusjon:**

Rådmannen rår til at ein gjev dispensasjon for etablering av flytebrygge/bølgedempar som omsøkt og at naust kan etablerast med ei totalhøgd på 6,60 m. Med omsyn til altan og måleverdig areal på loft rår rådmannen til at altan ikkje vert godkjent og at loftshøgda ikkje skal ha måleverdig areal.

<u>Konsekvensar for folkehelse:</u>

<u>Konsekvensar for beredskap:</u>

<u>Konsekvensar for drift:</u>

Fosnavåg, 15.09.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer

HERØY KOMMUNE
Fellessekretariatet

Statens Vegvesen Region Midt

Fylkeshuset
6404 MOLDE

| Saksnr | Arkiv | Dykkar ref | Avd /sakshandsamar | Dato |
|---|---|---|---|---|
| 2012/1030 | 53/11 | | FEL / LME | 31.08.2012 |

## MTK-SAK 69/12: OLAV LOVIS TJERVÅG - 53/11 - SØKNAD OM OPPFØRING AV 4 STK NAUST I REKKER OG ETABLERING AV NY BØLGJEBRYTAR/MOLO

Vedlagt følgjer:

- MTK-sak 69/12

Maritim og teknisk komite har den 28.08.2012 gjort slikt vedtak i saka:

> «Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel, jfr pbl § 19-2 og pbl § 1-8 tiltak i 100m beltet - til oppføring av 4 stk naust i rekker med ei maks mønehøgd på 6,50 m og utan inntrekt veranda. Nausta skal tene naustføremål og ikkje nyttast til varig opphald.
>
> Maritim og teknisk komite vedtek vidare at det vert gjeve løyve til etablering av ny fylling - bølgjebrytar/molo som omsøkt.
>
> Grunngjeving:
> Bygging av naust er i all hovudsak i samsvar med tidlegare gitt uttalar og bygginga er tenkt på allereie godkjent fylling og der det allereie er etablerte naust og flytebrygget frå før.
>
> Ei etablering av molo/bølgjebrytar vil ikkje etter Maritim og teknisk komite sine vurderingar vere til hinder for eller medføre vanskar for sjøverts ferdsel eller påverke tilflott/tilkomst til området. Tiltaket er heller ikkje i strid med reglane i havne- og farvasslova og ligg utanfor naturreservatet i området. Ein vurderer det til at tiltaket har overvekt av positive element ved seg.»

Med helsing

Lisbeth Moltu Espeseth
e.f.


Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

# HERØY KOMMUNE
**Utviklingsavdelinga**

## SAKSFRAMLEGG

-

| Sakshandsamar: | EFLÅ | Arkivsaknr: | 2012/1030 |
|---|---|---|---|
| | | Arkiv: | 53/11 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| | Maritim og teknisk komite | |

**OLAV LOVIS TJERVÅG - 53/11 - SØKNAD OM DISPENSASJON OG OPPFØRING AV 4 STK NAUST I REKKE OG ETABLERING AV NY BØLGJEBRYTAR/MOLO**

**Tilråding:**

**Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel, jfr pbl § 19-2 og pbl § 1-8 tiltak i 100m beltet - til oppføring av 4 stk naust i rekker med ei maks mønehøgd på 6,50 m – nausta skal tene naustføremål og ikkje nyttast til varig opphald.**

**Maritim og teknisk komite vedtek vidare at det ikkje vert gjeve løyve til etablering av ny fylling - bølgjebrytar/molo som omsøkt.**

**Dispensasjonen er grunngjeven med at tiltaket bygging av naust er i all hovudsak i samsvar med tidlegare gitte uttalar og bygginga er tenkt på allereie godkjent fylling og der det allereie er etablerte naust frå før. Ei utvida utfylling, bølgjebrytar/molo på staden er ikkje ønska frå regionalt hald – avslaget er grunngjeve med at dette er poengtert både i høringa frå 2008 , vedr utfyllingsarbeidet på staden i 2008 , og i høringsuttalen vedr ny søknad no 2012. Ei slik fylling ut i Tjørvågosen vil kunne truge dei naturfaglege verdiane på staden og avvik frå nasjonale og regionale interesser for strandsonevern.**

Særutskrift:

Statens Vegvesen, Fylkeshuset, 6404 Molde
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 2, 6025 Ålesund
Herøy kommune, anlegg- og driftsavd, her
Olav Lovis Tjervåg, 6070 Tjørvåg

**Vedlegg:**

Vedlegg
1 01 Søknad m vedlegg
2 02 Kopi av høringsbrev, datert 30.04.2012
3 03 Kopi av uttale frå Møre og Romsdal fylkerskommune, datert 25.05.2012
4 04 Kopi av uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 06.06.2012
5 05 Kopi av uttale frå Anlegg- og driftsavd, datert 04.06.2012
6 06 Kopi av uttale frå Statens Vegvesen, datert 01.06.2012
7 07 Kopi av uttale frå Kystverket, datert 07.06.2012
8 08 Kopi av førebels svar, datert 21.06.2012
9 09 Kopi av brev frå tiltakshavar - utfyllande opplysningar, datert 21.07.2012
10 10 Situasjonsplan/oversiktskart/teikningar

**Saksopplysningar:**

Bakgrunn:

Olav Lovis Tjervåg har med brev, datert 28.03.2012, søkt om å få byggje 4 stk naust i rekke samt etablere ein bølgjebrytar/molo - alt knytt til eksisterande fylling på eigedomen 53/11 i Tjørvågane. Fyllinga vart godkjent i FLP-sak 4/09 – det vart då gjeve dispensasjon for å fylle ut etter vilkår framsette i FLP-sak 4/09. Fyllingsarbeidet vart fullført og fyllinga planert i mars/april 2012. Det vart då påpeika frå Utviklingsavdelinga at tiltaket ikkje var omsøkt etter plan- og bygningslova - tiltakshavar fekk opplysning om dette og fekk høve til å levere komplett søknad vedr fyllingsarbeidet etter pbl § 20-1.

Søknaden og søknadsprosessen:

Det omsøkte tiltaket gjeld eigedomen gnr 53, bnr 11 i Tjørvågane. Søknaden gjeld oppføring av 4 stk naust i rekke samt utfylling i sjø for etablering av ein bølgjebrytar/molo, som vern mot ver og vind frå nord for dei omsøkte nausta.

Fyllinga vart godkjent gjennom dispensasjonshandsaming i FPL-sak 4/09 – og var den gang sendt på høring. Avslutninga av fyllingsarbeidet/planeringa vart utført i mars/april 2012 – det vart då påpeika frå utviklingsavdelinga si side at det kun var gitt ein dispensasjon – det var ikkje søkt etter reglane i pbl mht ansvarsrettar og liknande.
Den 28.03.2012 fekk utviklingsavdelinga eit tilsvar vedr at tiltakshavar meinte at han hadde søkt om å utføre fyllingsarbeidet – tiltakshavar meinte også at han ikkje hadde søkt om dispensasjon – men at Herøy kommune såleis handsama saka som dispensasjon og lot vere å handsame den opprinnelege søknaden - tiltakshavar uttrykte misnøye med denne til måten å handsame på og seier at søknaden låg føre for 4 år sidan – uansett kom det no inn ny komplett søknad i tråd med pbl § 20-1 slik som saksahandsamar i 2012 krevde.

Vidare vart det no frå sakshandsamaren si side naudsynt å sende saka på ny høring vedr naustbygga og bølgjebrytare/moloen – omsøkt eigedom ligg i LNF-område av

kommuneplanenes arealdel, innanfor 100-metersbeltet i strandsona og naustbygga vil kome nærmare fylkesveg enn 50 m til senterlinje – det vil også verte meir trafikk på den etablerte avkøyrsla. Førre dispensajonshandsaming handsama ikkje bygging og gjekk kun på fyllingsarbeidet, jfr FPL-sak 4/09.

Den 30.04.2012 vart saka sendt til høringsinstansane for uttale. Saka vart sendt til følgjande høyringsorgan:

- Statens Vegvesen Region Midt
- Anlegg- og driftsavdelinga-Herøy kommune
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal fylkeskommune

Etter at høringsbreva vart sendt ut vart utviklingsavdelinga kontakta av Kystverket som også ville ha saka til uttale – saka vart difor sendt til dei på e-post med ein utvida frist for uttale – fristen vart sett til 15.06.2012.

**Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune av 25.05.2012:**

Fylkeskommunen uttalar innleiingsvis at søknaden var noko tynt opplyst i høve til omsøkt tiltak. Tek difor utgangspunkt i at utbygginga av naust må vere i samsvar med såkalla tradisjonelle naust for båtopptrekk og lagring utan moglegheit for isolering eller innreiing – maks storleik 40m2. Vidare uttalar dei at saka bør av omsyn til tidlegare gitt dispensasjon avgrensast til å gjelde oppføring av omsøkte tradisjonelle naustbygg, og ikkje omfatte molo eller flytebrygger. Dei vil påklage vedtak om etablering av molo.

**Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 06.06.2012:**

Fylkesmannen har ingen merknader til at det vert ført opp naust på omsøkt fylling, men det må vere naust som samsvarar med utforming og landskapstilpassning sett fram i høringsuttale – naust med ein etasje, 40m2, ikkje loft, maks mønehøgd 5,0 m, ikkje altan. Når det gjeld molo/bølgjebrytar og flytebrygger vil dei vurdere å påklage løyve til desse tiltaka – ei etablering av slike tiltak vil vere uheldig til dei naturfaglege verdiane inne i Tjørvågosen og representere ein fare for ei framtidig større utbygging i form av småbåthamn på staden.

**Uttale frå Anlegg- og driftsavdelinga av 04.06.2012:**

Anleggs- og driftsavdelinga uttalar at ei etablering av molo/bølgjebrytar ikkje vil vere til hinder for eller medføre vanskar for sjøverts ferdsel eller påverke tilflott/tilkomst til området. Tiltaket er heller ikkje i strid med reglane i havne- og farvasslova uttalar dei. Anlegg- og driftsavdelinga vil tilrå at det vert gitt løyve til omsøkt etablering av omsøkt molo/ bølgjebrytar.

**Uttale frå Statens Vegvesen av 01.06.2012**

Uttalar at dei tek utgangspunkt i at bruken av arealet er klarert gjennom dispensasjonshandsaminga i FPL-sak 4/09 – til tross for dette stiller dei seg undrande til handsaminga den gongen og kan ikkje registrere i sitt system at dei vart

kontakta for uttale vedr FPL-sak 4/09. Likevel vel dei å realitetshandsame søknadane som no ligg føre og gir dispensasjon til etablering av omsøkt naustrekke 15,5 m frå midtlina på fylkesvegen – vidare gir dei også løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsle på staden til å også gjelde dei nye nausteiningane.

**Uttale frå Kystverket av 07.06.2012:**

Uttalar at dei har ingen merknader til etablering av 4 naust i rekke på fyllinga godkjent i FPL-sak 4/09. Vidare stadfestar dei at tiltaket som gjeld molo/bølgjebrytar ligg iht havne- og farvasslova § 27, 1 ledd innanfor kommunens myndigheitsområde. Dei forutsett vidare at privatrettslege forhold knytt til tilflottsrett for naboeigedomene vert ivaretatt.

**Førebels svar i sakshandsaminga av 21.06.2012:**

Etter at alle høringsinstansane hadde kome med sine uttalar vart det sendt ut eit førebles svar til tiltakshavar om at saka ikkje ville verte handsama før etter ferien – saman med denne informasjonen vart også tiltakshavar orientert om status på høringsuttalane. Tiltakshavar tok då kontakt med Herøy kommune for å diskutere saka og etter eit kort møte vart han oppmoda om å kome med utfyllande opplysningar og grunngi behovet for omsøkte tiltak, då særleg vekt på storleiken på nausta og bølgebrytar/molo.

**Brev frå tiltakshavar med utfyllande opplysningar av 21.07.2012:**

Tiltakshavar kjem med opplysningar om kvifor behovet for bølgjebrytar er tilstades og hevdar den vil tene eit kollektiv av 8 naust i området. Vidare utdjupar han behovet for storleiken på nausta utifrå type båtar som skal inn. Viser også i brevet til at det fleire andre stadar i kommune vert gitt løyve til naust av slik storleik.
Brevet inneheldt også nye teikningar av naustbygga.
Det vart også gitt ein vurdering av korvidt området er LNF- område eller ikkje – tiltakshavar meiner området er «frigitt» av fylket i 2008 , knytt til utfyllinga av området - området er best egna til naustføremål og har ingen verdi som LNF-område.

**Vurdering og konklusjon:**

Søknaden gjeld etablering av 4 naust i rekke og ei ytterlegare utfylling i sjø for å etablere ein bølgjebrytar/molo for å verne omsøkte naust og dei allereie etablerte nausta mot ver og vind frå nord. Nausta skal byggast på fylling som i 2008 vart godkjent utfylt med tanke på framtidig bygging av naust. Det omsøkte tiltaket ligg i LNF- område i hht gjeldande kommuneplan (2004). Tiltaket er såleis avhengig av dispensasjon frå arealdelen, pbl § 1-8 tiltak i strandsona og avstandskravet til fv 654.

Gjennom søknad og grunngjeving har tiltakshavar kome opplysningar om kvifor behovet for naust av ein slik storleik - maks mønehøgd 7,23m – Tiltakshavar viser også til møte med Herøy kommune, i kommuneplan samanheng – der det vart opplyst at naust kan byggast som omsøkt i dette tilfellet, men det er særs viktig å påpeike at varig opphald ikkje er lovleg. Herøy kommune, med utviklingsavdelinga, har den siste tida likevel prøvd å styre makshøgd på naustbygg til 6,50m - men poengterer likevel at så lenge behovet før høgare naust er til stades og det vert godt grunngjeve kan slike naust tillatast – slik som i dette tilfellet.

Når det gjeld etablering av bølgjebrytar/molo er det noko meir usemje i høringsuttalane – men rådmannen finn det i dette tilfellet naturleg å ikkje gi dispensasjon frå pbl § 1-8 for etablering av ein slik bølgjebrytar/molo. I begge høringsrundene er det blitt påpeika frå regionale instansar at fyllinga ikkje bør strekke seg lenger ut enn den som er der i dag, med etablerte naust på. Bølgjebrytaren/molen vil ikkje truge skipsleia på nokon måte, men slik rådmannen ser det er det ikkje nokon rett til å få etablere slike tiltak sjølv om ein får sette opp naust – det er allereie etablerte naust på fyllinga i dag - desse står der framleis – trass vind frå nord. Vidare er det frå fylket si side no oppstarta eit arbeid med utarbeiding av ein forvaltningsplan for Tjørvågosen naturreservat. Det vil derfor vere særs uheldig å godkjenne eit tiltak av ein slik karakter så nær opp mot vernesona i Tjørvågosen i denne omgang.

Rådmannen vil såleis etter ei samla vurdering konkludere med å tilrå dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og pbl § 1-8 i medhald av pbl § 19-2 for oppføring av 4 stk naust i rekke. Det vert gitt dispensasjon og løyve til delar av omsøkte tiltak – 4 naust i rekke. Vidare vert det ikkje gitt dispensasjon til etablering av ny utvida fylling - bølgjebrytar/molo.

Etter rådmannen sitt syn vil ikkje omsynet til bestemmelsen det vert dispensert frå eller omsyna til lova sitt føremål verte vesentleg tilsidesatt i denne saka.

Fosnavåg, 17.08.2012

Erlend Krumsvik | Jarl Martin Møller

Sakshandsamar: EF

Ⓔ 12/1030

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg nr 2014/392 Saksbeh. EFLA
-8 JULI 2014
Ark kode P 53/11
Ark kode S
J nr. Dok nr. 7
Kassasjon

Herøy kommune
v/ Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

04.07.2014

**Klage på MTK-sak 69/12, datert 28.08.2012.**

Eg viser til samtale med Jarl Martin Møller 03.06.2014, og sender som avtalt klage på vedtak frå Maritim og teknisk komite der dei fattar vedtak som går i mot uttalelsar som har blitt sagt frå kommuna.

Eg viser til MTK-sak 69/12, datert 28.08.2012 der MTK kom med fylgjande tilrådning:

«Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel, jfr pbl § 19-2 og pbl § 1-8 tiltak i 100m beltet – til oppføring av 4 stk naust i rekker med ei maks mønehøgd på 6,50 m – nausta skal tene naustføremål og ikkje nyttast til varig opphald.»

Vidare skriv dei at

«Dispensasjonen er grunngjeven med at tiltaket bygging av naust er i all hovudsak i samsvar med tidlegare gitte uttalar og bygginga er tenkt på allereie godkjent fylling og der det allereie er etablerte naust frå før.»

Eg stiller meg undrandes til denne uttalelsen, då Rådmann og leiar for Utviklingsavdelinga har gitt uttrykk for noko anna når det gjeld utsjånad og størrelse på dei omsøkte nausta. Eg viser til deira uttalelse:

«Vurdering og konklusjon:

Søknaden gjeld etablering av 4 naust i rekke og ei ytterligare utfylling i sjø for å etablere ein bølgjebrytar/molo for å verne omsøkte naust og dei allereie etablerte nausta mot ver og vind frå nord. Nausta skal byggjast på fylling som i 2008 vart godkjent utfylt med tanke på framtidig bygging av naust. (...)

Gjennom søknad og grunngjevning har tiltakshavar kome opplysningar om kvifor behovet for naust av ein slik storleik – maks mønehøgd 7,23m – Tiltakshavar viser også til møte med Herøy kommune, i kommuneplan samanheng – der det vart opplyst at naust kan byggast som ømsøkt i dette tilfellet, men det er særs viktig å påpåeike at varig opphald ikkje er lovleg. **Herøy kommune, med utviklingsavdelinga, har den siste tida likevel prøvd å styre makshøgd på naustbygg til 6,50m – men poengterer likevel at så lenge behovet for høgare naust er til stades og det vert godt grunngjeve kan slike naust tillatas – slik som i dette tilfellet.**

(...) Rådmannen vil såleis etter ei samla vurdering konkludere med å tilrå dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og pbl § 1-8 i medhald av pbl § 19-2 for oppføring av 4 stk naust i rekke. Det vert gitt dispensasjon og løyve til delar av omsøkte tiltak – 4 naust i rekke. Vidare vert det ikkje gitt dispensasjon til etablering av ny utvida fylling – bølgjebrytar/molo.

Etter rådmannen sitt syn vil ikkje omsynet til bestemmelsen det vert dispensert frå eller omsyna til lova sitt føremål verte vesentleg tilsidesatt i denne saka.»

Signert Erlend Krumsvik og Jarl Martin Møller, Fosnavåg, 17.08.2012.

Til tross for dette gir Maritim og teknisk komite ei tilrådning som ikkje heng i hop med det som blir uttrykt frå rådmann og leiar av Utviklingsavdelinga.

Som nevnt tidlegare er størrelsen på nausta regna ut frå det behov eg og dei andre aktuelle nausteigarane har i forbindelse med storleik på båtane som skal inn. Eg viser til tidlegare begrunnelse på kvifor nausta skal være av denne størrelse og karakter.

Då eg leverte inn tegningar fyrste gongen fikk eg beskjed om å endre dei slik at det blei rette linjer, innvendig altan i staden for utvendig, men høgda kunne være på 7,23 m. Nausta vart omtegna med lavare kneveggar og inntrekt altan etter råd frå Herøy kommune v/ Onar Remøyholm.

Vidare drøfta eg også naust med Jarl Martin Møller og Hallvard Rusten på Kommuneplanmøtet i Tjørvåg ei tid tilbake, og fekk då svar på at nausta kunne innehalde loft, inntrekt altan, vatn, straum og godkjent toalett mot kommunalt avløp eller tett tank, men ingen overnatting.

Eg vil også nevne at den nausttypen eg har søkt om også har blitt oppført både i Kalveneset og i Aspevika. I Kalveneset er der oppført 8 naust av same type som eg har søkt om, og i Aspevika er der per dags dato 12 stk som er oppført, og 3 til er under oppføring. Nausta i Aspevika er både større enn det eg søker om (7,75 m), uten rette linjer og med utvendig altan, medan nausta i Kalveneset har innvendig altan slik eg søker om. Det kan virke som om det er vilkårleg kven som får godkjent høgare naust og kven som ikkje får det.

Det vert ikkje aktuelt for meg å endre tegningane på nausta atter ein gong, særlig sidan dei siste tegningane er utarbeida etter dialog med Herøy kommune.

At MTK skal gå imot uttalelsar som er signert av både rådmann og leiar av Utviklingsavdelinga og treffe vedtak som står i strid med tegningar som har blitt laga i samråd med kommunens representantar, stiller eg meg svært kritisk til. Det blir for uforutsigbart for oss dersom vi ikkje kan stole på kva som blir sagt frå kommunens representantar.

Eg kjem ikkje til å endre tegningane atter ein gong, og eg forventar at det kjem eit vedtak som er i tråd med det som har blitt sagt og skreve frå Herøy kommune. Då denne saka har trekt svært langt ut i tid håpar eg på snarleg avgjerd. Det har kosta meg mykje dyrebar tid og pengar å måtte vente på endeleg avgjerd.

Legg også ved forslag til flytande bølgedempar etter forslag frå Fylkesmannen.

Mvh

Olav Lovis Tjervåg
Tjørvågvegen 48
6070 Tjørvåg

Olav Lovis Tjervåg

HERØY KOMMUNE
**Utviklingsavdelinga**

«MOTTAKERNAVN»
«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POST «POSTSTED»
»

| Saksnr | Arkiv | Dykkar ref | Avd /sakshandsamar | Dato |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| 2014/392 | 53/11 | «REF» | UTV / JMM | 15.07.2014 |

**GNR 53 BNR 11 TILTAK FLYTEBRYGGE - TIL UTTALE.**

Saka gjeld etablering av flytebrygge/bølgedempar på gnr 53 bnr 11 i Tjørvåg.

Opprinneleg var det søkt om molo som seinare vart godkjent av Herøy kommune. Godkjenningsvedtaket vart seinare oppheva av fylkesmannen jfr. brev datert 08.14.2014.

Tiltakshaver ønskjer no at det vert realisert ein flytande konstruksjon då ein molo ikkje kunne godkjennast. Ein legg til grunn at ein søknad om eit "flytande anlegg", betongbrygger, kan kunne godkjennast .

Frå fylkesmannen sine vurderingar viser ein til dette avsnittet i klagesaka:

*Avslutningsvis skal ein etter nml. § 12 bruke ein teknikk og ei plassering som gjev dei samfunnsmessige beste resultata. Bruk av til dømes ein flytande bølgebrytar vil vere eit meir skånsamt alternativt, føresett at denne er utforma slik at den ikkje er for dominerande i landskapet. Ein slik flyttbar installasjon vil også gjere det lettare å gjennomføre avbøtande tiltak etter nml. § 11.*

Den flytande konstruksjonen har ein dimensjon på 20 meter x 2,7 meter x 1,05 (totalhøgde). Tiltaket vil vere forankra med eit landfeste i etablert fylling og 300 kg sandanker. Sjå vedlegg for dokumentasjon.

Ein ber om uttale til tiltaket innan **25.08.2014.**

Med helsing

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar
*Dokumentet er elektronisk godkjent og er utan signaturer.*

Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
fagsjef Jon Ivar Eikeland, 71258468

Vår dato
06.08.2014
Dykkar dato
15.07.2014

Vår ref.
2012/3286/JOEI/421.3
Dykkar ref.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2014/392 Saksbeh. EFLA
-7 AUG. 2014
Ark.kode P
Ark.kode S
J.nr. Dok.nr.
Kassasjon

**Herøy kommune**
**Søknad om utlegging av betongflytebrygge gnr53 bnr11 i Tjørvåg**
**Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen og § 1-8**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader til søknaden.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Jon Ivar Eikeland
fagsjef

**Kopi:** Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| 2014/392 | 15.07.2014 | 51768/2014/DISPENSASJON/1515 | Anders Røynstrand, tlf. 71 25 82 90 | 26.08.2014 |

-

# Herøy komune - etablering av flytebrygge/bølgedempar - gbnr 53/11 - fråsegn ved søknad om dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

## Planfagleg vurdering

Det er søkt om etablering av flytebrygge/bølgedempar på eigedommen, der det tidlegare var søkt om oppføring av molo. Fylkeskommunen klaga på vedtak om dispensasjon for molo og fylkesmannen endra i klagebehandlinga kommunen sitt vedtak til avslag på søknaden (jf. brev til kommunen 8.4.2014).

Oversendinga frå kommunen manglar grunngitt søknad og vurderingar m.o.t. statlege planretningslinjer for strandsona. Vi legg likevel til grunn at desse forholda er opplyste gjennom tidlegare saksgang. Vi legg vidare til grunn at fylkesmannen i klage-behandlinga vurderte at «Bruk av til dømes ein flytande bølgebrytar vil vere eit meir skånsamt alternativ, føresett at denne er utforma slik at den ikkje er for dominerande i landskapet.».

Oversendinga viser foto og illustrasjon av konstruksjonen som er tenkt lagt ut: ei flytande betongbrygge med bølgebrytande funksjon. Brygga har ein dimensjon på 20 x 2.7 meter, med totalhøgde 1.05 meter. Dette gir eit vesentleg mindre landskaps-inngrep enn tidlegare omsøkt molo på ca. 25 x 5 m.

Vi er framleis av den oppfatning at tiltak av dette omfanget bør avklarast i overordna plan, der ein vurderer kva område som er eigna for meir omfattande tilrettelegging for småbåtar med flytebrygger og skjerming ved molo og/eller bølgebrytar. Eit slikt plangrunnlag ligg no på det nærmaste føre, ettersom området er konsekvensutgreidd og avsett til naustområde (AN24) i forslag til kommuneplanens arealdel.

## Konklusjon

Fylkeskommunen har ikkje vesentlege merknader til etablering av flytebrygge/bølgedempar. Dette på bakgrunn av tidlegare saksgang, omfang og utforming av tiltaket, samt at det aktuelle området er avsett i forslag til kommuneplanens arealdel.

Postadresse: Fylkeshuset, 6404 Molde • Besøksadresse: Julsundveien 9 • Telefon: 71 25 80 00 • Telefaks: 71 24 50 01
e-post: post@mrfylke.no • www.mrfylke.no

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Røynstrand
rådgivar

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

Kopi:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal



SJØFRONT




LANGSIDE

| | |
|---|---|
| Naust<br>Olav L. Tjervåg | Posêdo AS |
| | Tegn |
| Dato 15.10.2009 | Tegn RAI / Skala 1:50 |

**Herøy Kommune v/Utviklingsavd.** 6070 Tjørvåg 21-07-12

Saksnr.2012/1030

Ref. til brev frå Herøy Kommune Utviklingsavd 21-06-12,og møte11-07-12 . v/Eivind Flåskjer .

I dette brevet går det fram at to av høringsinstansane går imot molo og flytebrygger i forbindelse med tidligere søknad om dette, i forb. med søkn. om oppføring 4 naust i rekke.

Utviklingsavdelinga ber meg også senke mønehøgda på desse nausta frå 7,23m. (som eg har søkt om) til 6,50m. og begrunne kvifor eg treng 6,50m. (som eg ikkje har søkt om) ,noko eg heller ikkje kjem til å søke om,då dette ikkje tjener mit formål.

Bølgebryter(molo):

Denne saman med flytebrygger vart også inntegna i samråd med Herøy Kommune.

Når det gjeld bølgebryter(molo) er dette av svært stor vikigheit for å kunne bruke området til det som det er beregna til,nemleg naust ,flytebrygger og oppbevaring av båt ved desse.Vinden er svert sterk frå Nord i dette området,så båter og utstyr vil vert ødelagt uten dette.

Forstod det slik at Fylket meinte at molo måtte knyttast til større" kollektiv" og at molo og flytebrygger ville forringe Tjørvågosen.

For det fyrste så vert ikkje desse nausta med tillhøyrande molo og flytebrygger liggande i Tjørvågosen, men lengst frå den grensa som har denne benevnelsen.

For det andre blir desse etablert i et allereide eksisterande naustområde der fylket tidligere har gjeve dispensasjon for ei lita snippe LNF.Så LNF eksisterer etter mit syn ikkje lenger i det aktuelle området.(sjå saks mappe)

For det tredje kjem denne moloen dei allereide eksist. nausta , 4 stk. og flytebrygger til gode.Eit ønske som har vore i monge år.

Der vert då 8stk. naust med sine fasiliter knytt opp mot dette.

Kor stort må eit såkalla"kollektiv" vere for at ein skal ha ein rett til å verne båt og utstyr ?

Bølgebryter/molo og flytebrygger er vel ein naturleg del av eit slikt naustområde.

PS!Havnestyret v/Jan Gjerde har vore på synfaring og kjenner til saka og vindforholda på stedet.

Registrerer at andre utbyggere av naust får godkjent sine moloer,sjølv om desse ligg mot skipslei og i trafikert område.

Naust:

Nausta eg har søkt om er utfrå det behov eg og dei andre aktuelle har i forbindelse med stoleiken på båtane som skal inn.Båtane er i klassen 30 fot + og treng defor ei høgd frå golv til under bjelker på 4,00m.

Porten bygg ned 20cm. Så frihøgd vert 3,80m.

Når då behovet og ønsket mit om full ståhøgde og utnyttelse av loft, vert mønehøgda 7,23m. som eg har søkt om. Nausta vart omtegna med lavare knevegger og inntrekt altan etter råd frå Herøy Kommune v/Onar Remøyholm. Nye tegn. vart laga og sjekka før desse vart lagt i mappen til Utviklingsavd. Onar Remøyholm har vore svert behjepeleg under heile prosessen. Så at eg no får krav om nye tegninger, på noke som eg ikkje har søkt om, synest eg er merkeleg

Snakka mad Jarl Martin Møller og Halvard Rusten på Kommuneplanmøtet i Tjørvåg. Fekk då klart svar at nausta kunne innhalde loft, inntrekt altan ,vatn, straum og godkjent toalett, mot kommunalt avløp eller tett tank. PS! Men ingen overnatting.

Nausttypen det søkes om er av same type som er oppført tidligere i løpet av 3siste år i Tjørvåg. 12 stk. med høgere mønehøgde en det eg søker om. PS! 2stk.er under bygging pr.d.d.

Det vart sagt at desse var i eit ikkje LNF område,det var grunnen.

Etter mit syn er heller ikkje dei nausta eg søker om i LNF område, så lenge Fylkeskommunen

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
2012/1030
27 JULI 2012
Ark kode P 53/11
Ark kode S
Dok nr 14
EFLÅ
Cru.

har gjeve dispensasjon på den omtalte" vesle snippa" av slikt område som var på stedet.Dette vart søkt om i fellesskap av Herøy Kommune og meg i 2008 .Dette i forb.med at Herøy Kommune ville fylle steinmasse der under kloakkutb. I Tjørvåg.
Fylket presiserte at arealet var av en slik art at det ikke hadde verdi som LNF, og vanskelig kunne brukes til anna en naustformål.
Håper dette kan vere ei oppklaring på behov.

PS!!!!Har nå fått opplyst at en søker i same omr. som eg søker i,(på andre sida av den omtalte Tjørvåg osen) har fått gokjent sine planer, to naust med høgere møne høgde en det eg søker om. Tilsynelatende uten kommentarer frå Herøy Kommune. Dette vart godkjent på siste planmøtet som b.a. Maritimt Utvalg hadde nå i Juli .
Se vedlagt kart utsnitt.
Kvar er logikken?

Håper på en positiv behandling då denne saka har trekt veldig langt ut i tid.

Mvh. Olav Lovis Tjervåg
Olav Lovis Tjervåg

SKISSE NAUSTHØGD: 6,60 m



HERØY KOMMUNE

Søre Sunnmøre landbrukskontor

# SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | ANNLOB | Arkivsaknr: | 2014/1575 |
| | | Arkiv: | V10 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 106/14 | Maritim og teknisk komite | 28.10.2014 |

## TILDELING AV MIDLAR TIL DRENERING AV JORDBRUKSJORD FOR 2014

**Tilråding frå rådmannen:**
Maritim og teknisk komité vedtek framlegg til løyving av tilskot til drenering av jordbruksjord for 2014 slik den ligg føre i saksutgreiinga, vedlegg 1.

Lovheimel:
FOR 2013-06-25-769 Forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord

Særutskrift:
Søre Sunnmøre Landbrukskontor

**Vedlegg:**

| Nr. | Namn | |
|---|---|---|
| 1 | Disponible tilskotsmidlar til drenering i Herøy kommune 2014 | 17.10.2014 |
| 3 | Tildelingsbrev frå Fylkesmannen, midlar til drenering 2014 | 21.02.2014 |

**Saksopplysningar:**

Det har kome inn 2 søknadar dette året. I tilrådinga er søknadane prioritert då dei oppfyller krava i føreskrifta.

Herøy kommune fekk løyvd kr 30.000,- i tilskot for 2014.

Tilskot til drenering av jordbruksjord kom i 2013. Føremålet med tilskotet er å auke kvaliteten på tidlegare grøfta jordbruksjord som har potensial for auka jordbruksproduksjon. I tillegg er det eit mål å redusere faren for erosjon og overflateavrenning.

Søkjaren må ha grøfteplan og miljøplan trinn 2. Tilskotet utgjer kr 1.000,- pr. dekar eller kr 15,- år løpemeter avgrensa til kr 1.000,- pr. dekar.

**Vurdering og konklusjon:**

Framlegg til løyving av tilskot til drenering av jordbruksjord er heimla i føreskrifta til ordninga. Ein rår til at løyvingane vert gitt slik dei er prioritert vedlegg 1 då begge søkjarane fyller krava som er sett i føreskrifta.

Fosnavåg, 20.10.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Anne Kathrine Løberg
Landbrukssjef

Sakshandsamar: Oddvar Gjerde

# Disponible tilskotsmidlar til drenering i Herøy kommune - 2014.

| | | |
|---|---|---|
| Tildelte tilskotsmidlar ti ldrenering i Herøy kommune - 2014: | kr | 30 000 |
| Tilrådd løyving av tilskot til drenering i Herøy kommune - 2014: | kr | 17 500 |
| Sum Smilmidlar til grøfting att til disposisjon i 2014: | kr | 12 500 |

## Grøfting på dyrka mark som tidlegare har vore grøfta .

*** Tilskotsats inntil kr. 1000 pr. daa.**

| Søknad år | Namn | Tiltak | Grøfteareal på søknad i daa. | Søknadsum i kr. | Godkjent grøfteareal i daa. | Tilrådd tilskot i kr. | Kommentar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2014 | **Leif-Morten Igesund** | Grøfting av om lag 12,0 daa tidlegare grøfta dyrka jord på gardsbruket Igesund gnr. 35 bnr. 1 og 9 i Herøy kommune. Det dyrka areal-et som skal drenerast på nytt vart grøfta sist på 60-70 talet. | 12,0 | kr 12 000 | 12,0 | kr 12 000 | Søkjer om produksjonstilskot i jordbruket. Det ligg ved i søknaden grøftekart, Miljøplan Trinn 2 og beskrivelse på korleis drenerings-arbeidet skal utførast. Rår til å løyve kr. 12.000. i tilskot til drenering av 12,0 daa dyrka mark i samsvar med innlevert søknad. |
| **Grunngjeving:** | | Viser til kommentarfelt. | | | | | |
| **Tilråding:** | | **Rår til å løyve kr. 12.000. i tilskot til drenering på gardsbruket Igesund gnr. 35 bnr. 1 og 9.** | | | | | |
| **Vilkår:** | | Dreneringsarbeidet skal utførast i samsvar med utarbeidd grøftekart datert 12.03.2014 som er utarbeidd av Norsk Landbruksrådgiving Sunnmøre v/ Olav Martin Synnes. | | | | | |

| Søknad år | Namn | Tiltak | Grøfteareal på søknad i daa. | Søknadsum i kr. | Godkjent grøfteareal i daa. | Tilrådd tilskot i kr. | Kommentar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2014 | **Sverre R. Helleseth** | Grøfting av om lag 5,5 daa tidlegare grøfta dyrka jord på Moltu Øvre gnr. 60 bnr. 49 i Herøy kommune. Det dyrka arealet var sist grøfta på 1930 talet. | 5,5 | kr 5 500 | 5,5 | kr 5 500 | Søkjer ikkje om produksjons-tilskot i jordbruket, men arealet det vert søkt tilskot til grøfting er leigd bort til nabobruk i drift. Det ligg ved søknaden grøftekart, oversiktskart over området som skal drenerast, Miljøplan Trinn og beskrivelse korleis drenerings-arbeidet skal utførast. Rår til å løyve kr. 5.500 i tilskot til drener-ing av 5,5 daa dyrka mark i samsvar med innlevert søknad. |
| **Grunngjeving:** | | Viser til kommentarfelt. | | | | | |
| **Tilråding:** | | **Rår til å løyve kr. 5.500. i tilskot til drenering på bruket Moltu Øvre gnr. 60 bnr. 49.** | | | | | |
| **Vilkår:** | | Dreneringsarbeidet skal utførast i samsvar med utarbeidd grøftekart datert 09.05.2014 utarbeidd av Oddvar Gjerde ved Søre Sunnmøre landbrukskontor. | | | | | |
| | | | **17,5** | **kr 17 500** | **17,5** | **kr 17 500** | |

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**

Vår dato 21.02.2014
Vår ref. 2013/7732/BYFI/510
Saksbehandlar, innvalstelefon
Rådgivar Byrge Fitje, 71258144
Dykkar dato
Dykkar ref.

Kommunane i Møre og Romsdal

# Tildeling av midlar til Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) for 2014 Tildeling av midlar til Drenering av jordbruksjord for 2014.

**SMIL:**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, landbruksavdelinga, skal tildele virkemidlane til spesielle miljøtiltak i jordbruket i ei årleg disposisjonsramme til kommunane. Kommunane prioriterer tiltak etter forskrift og vedtekne strategiar innanfor forskrifta til SMIL-ordninga.

Tildelinga gjeld for følgjande ordning: "Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket"

| | |
|---|---|
| SMIL – midlar tildelt for 2014 (utanom organisert beitebruk og utanom drenering) | 7.100.000,- |
| Overførte SMIL-midlar frå 2013 | 2.067.686,- |
| | |
| **Tilskotsramme for Møre og Romsdal 2014** | **9.167.686,-** |

(Samla ramme er noko større enn i 2013, då var den kr 7.368.470 medrekna overførte midlar.)

For SMIL-midlane er det stort sprik mellom det behovet som er rapportert frå kommunane og den tilskotsramma som er til fordeling. Dette medfører at vi må prioritere hardt i samband med tildelinga til kommunane. Vurderingskriteria som har vore lagt vekt på er:

- Kommunane sin aktivitet og innmeldt behov for 2014
- Kommunane sitt forbruk av midlar i høve til løyving/inndregne midlar i 2013.
- Kommunar med få gamle saker vert tilgodesett
- Kommunar med mange svært saker med utgått arbeidsfrist har fått ein reduksjon
- Vurdering av aktivitetsnivået som kommunane har hatt over tid.
- Antal søkjarar av produksjonstilskot i kommunen er tillagt meir vekt enn tidlegare
- Godt dokumentert restaureringsprosjekt og kurs for handtverkarar.

Postadresse: Fylkeshuset 6404 Molde | Telefon: 71 25 84 43 | Telefax: 71 25 85 10 | E-post: postmottak@fmmr.no | Web: www.fylkesmannen.no

**Kommunerammer for SMIL – midlar 2014:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Molde | 150 000 | Vestnes | 180 000 |
| Ålesund | | Rauma | 400 000 |
| Kristiansund | 40 000 | Nesset | 310 000 |
| Vanylven | 360 000 | Midsund | 150 000 |
| Sande | 160 000 | Sandøy | 100 000 |
| Herøy | 110 000 | Aukra | 110 000 |
| Ulstein | 110 000 | Fræna | 400 000 |
| Hareid | 110 000 | Eide | 160 000 |
| Volda | 330 000 | Averøy | 180 000 |
| Ørsta | 460 000 | Gjemnes | 250 000 |
| Ørskog 1) | 360 000 | Tingvoll | 280 000 |
| Norddal | 370 000 | Sunndal 2) | 1 400 000 |
| Stranda | 450 000 | Surnadal | 430 000 |
| Stordal | | Rindal | 220 000 |
| Sykkylven | 280 000 | Halsa 3) | 320 000 |
| Skodje | | Smøla | 240 000 |
| Sula | | Aure | 270 000 |
| Giske | 150 000 | Ikkje fordelt FM | 67 686 |
| Haram | 260 000 | Sum | 9 167 686 |

*1): For kommunane Ålesund, Sula, Skodje, Stordal og Ørskog er det gjort ei samla tildeling på kr. 330.000,-. Fordeling mellom kommunane/søknadane vil skje lokalt gjennom landbruksforvaltninga.*
*2)Ekstratildeling på 1 mill. kr til restaurering av bygningar i det svært verneverdige tunet Svøu. Grundig tilstandsrapport med kostnadsoverslag utarbeidd for 9 bygningar i 2013. Samla kostnad på over 3,11 mill.kr.*
https://drive.google.com/folderview?id=0B1ZAtus-eAYaQkZZcXJDbjhIclE&usp=sharing
*3)Ekstra tildeling av kr 180.000 til gjennomføring av kurs i restaureringsarbeid .Opplæring av handtverkarar.*

Vi minner om at kommunen er ansvarleg for å halde løyvingane innanfor tildelt ramme.
Kommunen skal kontrollere at tiltaka vert gjennomførte i samsvar med føresetnadene.

I fullmaktsbrevet frå SLF for 2014 står det mellom anna: «Fylkesmannen må sjå til at kommunane dreg tilbake tilsegner der arbeidsfristen er gått ut. Inndregne midlar skal omfordelast til kommunar som har oppnådd gode resultat og har god gjennomføringsevne.» Dei tiltaka som har best miljøeffekt skal prioriterast.

I 2013 var det gjort eit stort arbeid med opprydding i gamle saker, men det sig fort på med nye prosjekt der arbeidsfristen er gått ut. Pr. 13/2-2014 var det 97 ulike SMIL-saker med utgått arbeidsfrist. Saldo for desse sakene er kr. 1.853.076,-. Dette er eit for stort beløp. Fylkesmannen tilrår at saker som det ikkje er gjort noko med når arbeidsfristen har gått ut (ofte 3 år) ikkje får forlenga arbeidsfrist. Ein kan heller ikkje rekne med at fylkesmannen vil gje ekstra utvida arbeidsfrist etter § 8 i forskrifta.

For å få utnytte midlane dette året vert dette gjort slik:

- Kommunen må gjere vedtak om inndraging snarast. Jamfør liste over utgått arbeidsfrist pr 13/2-2014 (SMIL-ordninga Forskriftstype 500, 034, 207 hjemmel 02 og 234.) Liste over saker med utgått arbeidsfrist pr. 13/2-2014 skal vere utsendt til dei kommunane dette gjeld.(19/2-2014)

- Midlar som vert inndregne før 1/5-2014 kan kommunen løyve på nytt i 2014. (før 1. november)

- Midlar som vert inndregne på etter 1/5-2014 (saker som står på lista pr 13/2-2014) går tilbake til fylkesmannen for ny fordeling. Fylkesmannen vil følgje opp dette.

- Inndregne midlar på saker der arbeidsfristen går ut seinare i år (for eksempel 1/7 eller 1/10 - 2014) kan løyvast på nytt av kommunen før 1/11-2014.

- Inndregne midlar som gjeld «Organisert beitebruk» kan ikkje løyvast på nytt av kommunen. Desse midlane går tilbake til fylkesmannen og vert løyvde på nye saker. Dette gjeld sjølv om det var kommunen som i si tid løyvde til desse søknadane.

Fylkesmannen vil følgje opp arbeidet med å få avslutta gamle saker. Nye lister skal bli sendt ut. Ta kontakt om det er behov for saldokort eller lister på gamle saker.

*Kontroll:*
Ei av arbeidsoppgåvene som Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i si handlingsplan for 2014 er oppfølging av kommunane sine kontrollrutinar. Det vil det bli gitt nærare informasjon om seinare.

*Søknadsskjema:*
Søkjarane skal nytte eige skjema "Søknad om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket". Skjemaet er å finne på www.slf.dep.no. Skjemaet er det same som i fjor.

*Forskrift og rundskriv:*
Gjeldande forskrift for SMIL-ordninga er "Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket", datert 04. februar 2004. Utdjupingar finn de i Rundskriv nr 07/2005.

*Strategiplan:*
Kommunen sine fleirårige tiltaksstrategiar skal som tidlegare år omfatte alle tiltak innan Spesielle miljøtiltak i jordbruket. Det er mange kommunar som skal rullere strategiplanen i år. Ta då også med eit avsnitt om drenering av jordbruksjord. **Vi ber om å få tilsendt kopi av strategidokument etter kvart som dei vert reviderte.**

*Kontakt med areal- og miljøvernavdelinga og kulturavdelinga:*
Areal- og miljøvernavdelinga hos fylkesmannen og kulturavdelinga i fylkeskommunen har mykje kompetanse på sine fagfelt. Kommunane kan kontakte desse avdelingane for å dra nytte av fagkompetansen i SMIL-saker. Dette er også understreka i rundskrivet til SMIL-forskrifta.

*Registrering av søknader som har fått innvilga tilskot:*
Tilskot kan berre løyvast til personar med eigartilknyting til ein landbrukseigedom eller til registrerte foretak. Registrering av foretak i Einingsregisteret (Brønnøysund) kan ta litt tid. Særleg gjeld det foreiningar eller selskap med fleire deltakarar, der Einingsregisteret kan krevje m.a. selskapsavtale, vedtekter og møteprotokoll m.m. Tilskot til fellestiltak skal ikkje registrerast på enkeltpersonar eller enkeltpersonføretak. Vi ber om at kommunen ikkje sender søknader hit til registrering før dei formelle vilkåra er oppfylte.

Når kommunane har gjort vedtak om tildeling av SMIL-midlar til eit tiltak, må det fortløpande sendast kopi av løyvingsskriv med vedtak og søknadsskjema til landbruksavdelinga for registrering. ( Det trengst ikkje sendast med andre vedlegg) Dersom søknadsskjemaet er mangelfullt utfylt eller viser til vedlegg, ber vi om at alle nødvendige opplysningar vert overført til skjemaet før oversending hit. Dette lettar arbeidet med registrering av søknader og sikrar at fagsystemet vert raskt oppdatert i høve til dei løyvingane som kommunen til ei kvar tid har gjort.

Når kommunen mottek saldokort for dei einskilde sakene er dette stadfesting på at sakene er registrert i fagsystemet og klargjort for utbetaling av tilskot.

**Siste frist for innsending av SMIL-saker til registrering er 1. november -2014.**
Fristen er tidleg, men dette er nødvendig også på grunn av mange grøftesøknader som vil kome. Det er veldig viktig at ein unngår opphoping av saker mot slutten av året. Ein kan ikkje utan vidare rekne med at saker som kjem inn lenge etter denne fristen vert registrerte.

*Arbeidsfrist:*
Landbruksavdelinga har rutinar for å sende ut brev til søkjar med varsel om arbeidsfrist. Brevet går med kopi til kommunen. Vi tilrår at kommunane set dato for arbeidsfrist til kvartalskifte, dvs. 01. januar (ikkje 31/12), 01. april, 01. juli eller 01. oktober.
Dersom tiltakshavar søkjer om utsett arbeidsfrist, er det kommunen som avgjer søknaden og eventuelt set ny arbeidsfrist i hht forskrifta. Fylkesmannen ønskjer at kommunane vert strengare når det gjeld forlenga arbeidsfristar. I saker der kommunen gjev utsett arbeidsfrist, sender kommunen brev til søkjar og kopi av vedtaket hit for registrering. Det er også kommunen som gjer vedtak om inndraging.

*Saldokort:*
Det er kommunen som handsamar og avgjer alle søknader om utbetaling av tilskot. Fylkesmannen skal ikkje ha tilsendt timelister, rekneskap eller anna dokumentasjon. Send inn saldokort påført nødvendige opplysningar og underskrift for utbetaling av tilskot. Dei som brukar eigen ferdigattest kan gjerne fortsette med det.

*Inndraging:*
Ut frå det som er nemnt tidlegare vil dette med arbeidsfrist bli handtert strengare. Vi gjer merksam på at vedtak om inndraging er eit enkeltvedtak som gir tilskotsmottakar rett til å klage, jamfør Forvaltningslova. Ikkje send inn saldokort med inndraging før klagefristen er ute.

Landbruksavdelinga kjem til å sende ut lister til kommunane med oversikt over aktive saker i kommunane med arbeidsfristar.

Inndraging i saker som gjeld organisert beitebruk: Her vert som nemnt ikkje midlane ført tilbake til kommunane.

***Kalender 2014 for SMIL og Drenering:***

| Fristar: | Aktivitet | Ansvar |
|---|---|---|
| 22. februar 2014 | Fordeling av midlar til kommunane | Landbr.avdelinga |
| Februar osv | Opprydding i saker med utgått arbeidsfrist. | Kommunane /l.avd |
| oktober 2014 | Liste til kommunane over aktive saker m/arb.fristar | Landbr.avdelinga |
| **01. nov. 2014** | **Siste frist for innsending av saker til registrering** | Kommunane |
| 15. nov. 2014 | Rapportering av forbruk av SMIL- midlar 2014 og behov 2015<br>Rapportering av behov for midlar til drenering 2015 | Kommunane |

*Kontaktperson for registrering av søknader/vedtak/utskriving av saldokort m.v.:*

| | | |
|---|---|---|
| Tone Helen Rørseth | tone.helen.rorseth@fylkesmannen.no | 71258149 |

*Kontaktperson for spørsmål knytt til forvaltning av midlane til SMIL og drenering:*

| | | |
|---|---|---|
| Byrge Fitje | byrge.fitje@fylkesmannen.no | 71258144 |

# Tilskott til drenering av jordbruksjord 2014 - fordeling av midlar til kommunane

Ved jordbruksoppgjeret i 2013 vart det sett av 100 mill. kroner på landsbasis til drenering. Møre og Romsdal har fått 4,1 mill. kroner av desse midlane.

| | |
|---|---|
| Drenering av jordbruksjord. Midlar tildelt for 2014 | 4.100.000,- |
| Overførte midlar frå 2013 | 600.030,- |
| | |
| **Tilskotsramme for Møre og Romsdal 2014** | **4.700.030,-** |

Føremålet med forskrifta er å auke kvaliteten på tidlegare grøfta jordbruksjord som har potensial for auka jordbruksproduksjon. I tillegg er det m.a.eit mål å redusere faren for erosjon og overflateavrenning. Tilskott kan gjevast både til eigd og leigd areal, men ikkje til drenering av nydyrkingsfelt. Søknadsskjema finn de på SLF sine heimesider. Forskrifta finn

de på Lovdata. Sjå også rundskriv 2013-5 frå SLF om «Forvaltning av forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord»

Søkjar må ha grøfteplan med kart og miljøplan trinn 2 eller tilsvarande miljøinformasjon der tiltaket og verknaden av tiltaket er gjort greie for. Tilskottet utgjer kr 1000 pr dekar. Ved anna grøfting kan det gjevast 15 kroner pr løpemeter grøft avgrensa til kr 1000 pr dekar. Arbeidsfrist er 3 år utan forlenging. (som i fjor)
Det er berre kopi av søknadsskjema og kopi av løyvingsskriv som skal sendast inn for registrering.

## Tilskott til drenering av jordbruksjord – fordeling til kommunane

| Kommune | Ramme (kr) |
|---|---|
| 1502 MOLDE | 120.000 |
| 1504 ÅLESUND | |
| 1505 KRISTIANSUND | 20 000 |
| 1511 VANYLVEN | 130.000 |
| 1514 SANDE | 40.000 |
| 1515 HERØY | 30 000 |
| 1516 ULSTEIN | 30 000 |
| 1517 HAREID | 30 000 |
| 1519 VOLDA | 120.000 |
| 1520 ØRSTA | 200.000 |
| 1523 ØRSKOG | 1) 150.000 |
| 1524 NORDDAL | 90.000 |
| 1525 STRANDA | 110.000 |
| 1526 STORDAL | |
| 1528 SYKKYLVEN | 90.000 |
| 1529 SKODJE | |
| 1531 SULA | |
| 1532 GISKE | 80.000 |
| 1534 HARAM | 150.000 |
| 1535 VESTNES | 150.000 |
| 1539 RAUMA | 240 000 |
| 1543 NESSET | 160.000 |
| 1545 MIDSUND | 40 000 |
| 1546 SANDØY | 30 000 |
| 1547 AUKRA | 80.000 |
| 1548 FRÆNA | 500.000 |
| 1551 EIDE | 160.000 |
| 1554 AVERØY | 150.000 |
| 1557 GJEMNES | 190.000 |
| 1560 TINGVOLL | 150.000 |
| 1563 SUNNDAL | 200.000 |
| 1566 SURNADAL | 320.000 |
| 1567 RINDAL | 190.000 |
| 1571 HALSA | 110.000 |
| 1573 SMØLA | 140.000 |
| 1576 AURE | 160.000 |
| Førebels ikkje fordelt | 340 030 |
| Sum | 4.700.030 |

Tabellen viser kommunevis fordeling av totalramma.

1):Nordre Sunnmøre landbrukskontor har fått ei rammetildeling for alle 5 kommunane.

Fordelinga er basert på ein modell som i hovudsak tek utgangspunkt i arealoppgåvene. Arealet er summert for dei ulike kodane, men slik at korn, grønsaker, potet og frukt/bær blir multiplisert med 2. Ramma for kvar kommune er noko avrunda.
(Dette er same fordelingsmetode som SLF har nytta)

NB!: Fylkesmannen har halde tilbake 340. 030 kroner av totalramma. Desse midlane blir fordelte til dei kommunane som har størst etterspørsel og som er raskast til å melde frå om behov for tillegg. Det er også viktig at kommunane melder frå tidleg dersom midlane ikkje vert brukte (helst i løpet av september) slik at desse kan fordelast til kommunar med større behov.

Alle søknader om tilskot til drenering skal sendast kommunen og det er kommunen som handsamar søknadane. Kommunen kan setje søknadsfrist. (truleg då nytte same dato som for SMIL-søknadane.)

Ta kontakt om det er ting vi kan avklare og hjelpe til med !

Lukke til med arbeida !

Med helsing

Ottar Longva (e.f.)                                        Byrge Fitje
ass.dir.

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Norsk Landbruksrådgiving Sunnmøre | Boks 1312 | 6001 | ÅLESUND |
| Møre og Romsdal bonde- og småbrukarlag | v/Ingvild Hansen Nystad | 6214 | NORDDAL |
| Møre og Romsdal bondelag | Boks 2047 | 6402 | MOLDE |
| Landbruk Nordvest | Hovsvegen 25 | 6600 | SUNNDALSØRA |

HERØY KOMMUNE

Søre Sunnmøre landbrukskontor

# SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | ANNLOB | Arkivsaknr: | 2014/1575 |
| | | Arkiv: | V10 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 107/14 | Maritim og teknisk komite | 28.10.2014 |

## TILDELING AV SMIL MIDLAR FOR 2014

**Tilråding frå rådmannen:**
Maritim og teknisk komité vedtek framlegg til løyving av SMIL-midlar for 2014 slik den ligg føre i saksutgreiinga, vedlegg 1.

Grunngjeving:
Prioritering av tiltak er i samsvar med Strategiplan for 2013- 2016

Lovheimel:
FOR 2004-02-04-448 Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Særutskrift:
Søre Sunnmøre Landbrukskontor

**Vedlegg:**

| Nr. | Namn | |
|---|---|---|
| 1 | Framlegg til tildeling av SMIL midlar for 2014 | 17.10.2014 |
| 2 | Strategiplan for SMIL midlar 2013 – 2016 | 18.04.2013 |
| 3 | Tildelingsbrev frå Fylkesmannen, SMIL midlar 2014 | 21.02.2014 |

**Saksopplysningar:**

Det har kome inn 8 nye søknadar dette året. I tilrådinga er 7 av desse søknadane prioritert samt 1 søknad frå 2013.

Tiltaka som er prioritert i kulturlandskapet er:
Tiltak på gamal kulturmark/ tiltak mot attgroing og tiltak for å ta vare på viktige kulturminne og kulturmiljø.

Søknadsfristen var 20. juni og ordninga vart annonsert i lokalavisa. I tillegg fekk alle aktive bønder tilsendt informasjonsskriv.

Tildelinga av SMIL midlar er heimla i FOR 2004-02-04-448 Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket.
Det er vedteke ein strategiplan for bruk av midlar for perioden 2013 - 2016 (vedlegg 2) i Formannsskapet i Herøy kommune den 02.07.2013.

I tildelingsbrev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavdelinga datert 21.02.2014 fekk Herøy kommune tildelt kr. 110.000 for 2014 (vedlegg 3). I tillegg vart det trekt inn midlar frå prosjekt som ikkje er gjennomførd eller sluttkostnaden vart lågare enn budsjettert. Sum inndregne midlar for 2014 er kr 49.689. I alt er det kr 159.689 til disposisjon for 2014.

Løyvde tilskot skal utbetalast etter skriftleg oppmoding frå tilskotsmottakar og når tiltaket har fått godkjent sluttrekneskapet. Det kan likevel foretas utbetalingar på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter kvart som delar av prosjektet eller tiltaket utføres. Minst 25 % av tilskotet vert halde tilbake inn til arbeidet er fullført og sluttrekneskapen er godkjent.

Prioriteringar i strategiplanen for perioden 2013 – 2016:

- Marknadsføre ordningane og stimulere aktive gardbrukarar til å søkje om midlar til prosjekt.
- Prioritere tiltak der nytten vert størst. Gjeld tiltak for ferdsel til kulturminne og tiltak for å hindre attgroing av kulturlandskapet.
- Om tilgangen på tilskot er mindre enn etterspurnaden må ein prioritere søknadane slik: Prioritere dei tiltaka som gir størt nytte. Prioritere naudsynte tiltak for å unngå vidare forfall på bygningar og kulturminne. Prioritere aktive gardbrukarar (rett til produksjonstilskot). Prioritere samarbeidstiltak framfor enkeltiltak.

- Alle ordningane vert sidestilt.
- Stimulerer til å halde fram med aktiv drift.

Tiltak i strategiplanen for perioden 2013 – 2016:

- Ta vare på viktige kulturminne og kulturmiljø.
- Tiltak som hindrar attgroing av kulturlandskapet og tap av biologisk mangfald.
- Leggje til rette for at allmennheita skal få tilgang/ ferdsel til viktige kulturminne og kulturmiljø.
- Hindre at eldre bygningar som kan reknast som kulturminne forfell.
- Tiltak som fremjar organisert beitebruk.
- Vedlikehaldsgrøfting av gamal kulturmark og innmarksbeite.
- Grøfting av dyrka mark (syner til eiga føreskrift juli 2013). Her har kommunen fått tildelt kr 30.000 for 2014.
- Redusere/ fjerne avrenning frå landbruket.

Tilskotssatsane som vert nytta er nedfelt i strategiplanen.

**Vurdering og konklusjon:**

Det er prioritert aktive brukarar (rett på produksjonstilskot i jordbruket) eller brukarar som har avtale om bortleige av areala. Eit tiltak som fekk delløyving i 2013 er prioritert for løyving av resttilskot. To søkjarar som ikkje mottek produksjonstilskot er prioritert då tiltaka har høg verdi for kulturlandskapet.

Framlegg til løyving av SMIL-midlar for 2014 er prioritert etter Strategiplan for 2013 – 2016. Ein rår til at løyvingane vert gitt slik dei er prioritert i framlegg til løyving av SMIL midlar i Herøy kommune 2014 (vedlegg 1).

Fosnavåg, 20.10.2014

| | |
|---|---|
| Erlend Krumsvik | Anne Kathrine Løberg |
| Rådmann | Landbrukssjef |

Sakshandsamar: Oddvar Gjerde

# Framlegg til løyving av SMIL midlar i Herøy kommune 2014

| Søknad nummer år | Namn | Tiltak | Godkjend tilskots grunnlag | Søkt tilskot | Tildlegare løyvd tilskot | Tilrådd tilskot | Kommentar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2009 | **Petter Voldsund** | Setje opp 450 m fast tradisjonelt gjerde for sau på eigedomen gnr. 26 bnr. 8 i Herøy kommune. | 28 800 | 17 280 | 0 | 0 | Søkjer ikkje produksjonstilskot i jordbruket. Føremålet med tiltaket er å stoppe attgroing av kulturlandskapet. Ikkje nok Smilmidlar til alle søknadane. Rår til å utsetje søknaden til 2015. |
| **Grunngjeving:** For lite Smilmidlar fører til at gardbrukarar som ikkje søkjer produksjonstilskot får prioritet etter aktive i elles like saker. | | | | | | | |
| **Tilråding: Rår til at søknaden om Smiltilskot til oppsetjing av 450 m gjerde på gnr. 26 bnr. 8 vert utsett til 2015.** | | | | | | | |
| 2009 | **Karl Inge Voldsund** | Setje opp 500 m fast tradi-sjonelt gjerde for utgangar-sau for å gjerde inn beite-areal for sau på gnr. 14 bnr. 2 i Herøy kommune. | 36 000 | 21 600 | 0 | 0 | Søkjer ikkje produksjonstilskot i jordbruket. Ikkje nok Smilmidlar til alle som søkjer om midlar. Rår til å utsetje søknaden til 2015. |
| **Grunngjeving:** For lite Smilmidlar fører til at gardbrukarar som ikkje søkjer produksjonstilskot får prioritet etter aktive i elles like saker. | | | | | | | |
| **Tilråding: Rår til at søknaden om Smiltilskot til oppsetjing av 500 m gjerde på gnr. 14 bnr. 2 vert utsett til 2015.** | | | | | | | |
| 2009 | **Trond Vegard Myrvågnes** | Inngjerding og rydding av beitemark til beite for sau på leigd areal under gnr. 47 bnr. 1 i Herøy kommune. | 26 400 | 15 800 | 0 | 0 | Søkjer ikkje produksjonstilskot i jordbruket. Etter oppslysning frå søkjar, rår vi til at søknaden vert avslått. |
| **Grunngjeving:** Søkjar opplyser at søknaden no ikkje er aktuell. Sjå kommentarfelt. | | | | | | | |
| **Tilråding: Ut frå opplysning frå søkjar, rår vi til at søknaden om tilskot til oppsetjing av gjerde på gnr. 47 bnr. 1 vert avslått.** | | | | | | | |
| 2010 | **Stig Lenart Giske** | Sette opp 740 m fast tradisjonelt gjerde for utegangarsau på 3 skifte. Gjerda skal setjast opp på eige areal gnr. 61 bnr. 1 og på leigd areal gnr. 61 bnr. 4 og 5 i Herøy kommune. | 51 200 | 30 720 | 0 | 0 | Søkjar ikkje om produksjonstilskot i jordbruket. Føremålet med tiltaket er å drive med sau og å ta vare på kulturlandskapet. Søknaden oppfyller vilkåra for løyving av midlar. Ikkje nok Smilmidlar til alle søkjarane. Rår til å utsetje søknaden til 2015. |
| **Grunngjeving:** For lite Smilmidlar til å løyve tilskot til alle som søkjer. I like saker vert dei som søkjer om produksjonstilskot i jordbruket prioritert. | | | | | | | |
| **Tilråding: Rår til at søknad om Smilmidlar til oppsetjing av 740 gjerde for sau på gnr. 61 bnr. 1 vert utsett til 2015.** | | | | | | | |

| Søknad nummer år | Namn | Tiltak | Godkjend tilskots grunnlag | Søkt tilskot | Tildlegare løyvd tilskot | Tilrådd tilskot | Kommentar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2010 | **Dekkmester`n K-service v/ Palmar Jon Kopperstad.** | Inngjerding av areal til beite for utegangarsau på små-bruket Østremyren gnr. 3 bnr. 6 i Herøy kommune. | 44 000 | 26 400 | 0 | 0 | Søkjer om produksjonstilskot i jordbruket. Søknaden oppfyller vilkåra for løyving av midlar. Bortsett frå eit mindre dyrka areal, kan det dyrka arealet slåast maskinelt. Då det er begrensa med Smilmidlar, er det betre bruk av midlane å prioritere tilskota til gjerde i utmark, på beiteareal og dårleg dyrka mark. Vi rår til at søknaden vert utsett til 2015 og vurdert på nytt då. |
| **Grunngjeving:** Då det ikkje er nok Smilmidlar til alle, er det betre å prioritere søknader til inngjerding av inn- og utmarksbeite og dårelg dyrka mark. | | | | | | | |
| **Tilråding: Rår til at søknad om Smilmidlar til oppsetjing av 700 m gjerde for sau på gnr. 3 bnr. 6 vert utsett til 2015 og vurdert på nytt då.** | | | | | | | |
| 2012 | **Espen Bårdsnes Dypvik** | Oppsetjing av 485 m fast tradisjonelt gjerde for sau og rydding av kratt på eigdomen Bjørklund gnr 22 bnr 8 i Herøy kommune. | 42 500 | 25 500 | 0 | 0 | Søkjer ikkje produksjonstilskot i jordbruket. Føremålet med tiltaket er å kunne halde sau for halde vedlike jorda og kulturlandskapet. Søknaden oppfyller krava. Ikkje nok tilskotsmidlar til alle som søkjer. Rår til å utsetje søknaden til 2015. |
| **Grunngjeving:** For lite løyvde midlar, fører til at søkjarar som ikkje søkjer produksjonstilskot ikkje vert prioritet i 2014. | | | | | | | |
| **Tilråding: Rår til at søknaden om Smilmidar til oppsetjing av 485 m gjerde for sau på gnr. 22 bnr. 8 vert utsett til 2015 og vurdert på nytt då.** | | | | | | | |
| 2013 | **Torbjørn Frode Teige** | Reparasjon/ omlegging av delvis øydelagt steingard på eigedomen Myren gnr 5 bnr 4 i Herøy kommune. | 114 400 | 57 200 | 18 655 | 31 345 | Eigedomen er ikkje i aktiv drift. Steingarden er eit kulturminne og ein naturleg del av kulturlandskapet som det er viktig å ta vare på. Godkjent tilskotsgrunnlag er justert til kr. 100.000. Søkjar fekk i 2013 løyvd første del, kr 18.655, av søknadsum av Smilmidlane. Rår til å løyve restsummen , kr. 31.345, av Smiltilskotet i 2014. |
| **Grunngjeving:** Søkjar er godt i gang med tiltaket og vi rår til at resten av tilskotet vert løyvd i år. Viser til kommentarfeltet. | | | | | | | |
| **Tilråding: Rår til å løyve, kr 31.345. i tilskot til sist del av søknadsum på Smilmidlar til reparasjon/ omlegging av steingard på gnr 5 bnr 4.** | | | | | | | |

| Søknad nummer år | Namn | Tiltak | Godkjend tilskots grunnlag | Søkt tilskot | Tildlegare løyvd tilskot | Tilrådd tilskot | Kommentar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2014 | **Martin Ove Torvik** | Oppsetjing av 715 m fast tradisjonelt gjerde for sau til inngjerding av to beitestykke (Felt I og II) på eigedomen Torvik gnr. 17 bnr. 4 i Herøy kommune. Tidlegare Smilsak journal nr. 06/151515. | 36 300 | 25 410 | 11 200 | 14 210 | Søkjar driv ikkje jorda sjølv, men leiger den bort på 5-årig avtale til nabobruk i drift. Søkjar fekk i 2006 i sak, journal nr. 06/151515, løyvd kr. 25.000. i Smil-midlar på sitt eige bruk til oppsetjing av 855 m fast tradisjonelt gjerde for sau og til rydding av beite. Den 01.11.2007 vart det betalt ut kr. 11.200. i forskot av dei løyvde Smilmidlane til tiltaket. Inngjerding av Felt I vart tidleg ferdig, medan det tok lengre tid med å gjere Felt II ferdig. Fordi arbeidet ikkje var ferdig innan sommaren 2013 vart resttilskotet på sak journal nr. 06/151515 dratt inn i juli 2013. Søkjar søkte pånytt den 23.01.2014 om Smilmidlar til å gjere gjerdet på felt II ferdig. Då gjerde for Felt II vert noko kortare enn først kalkulert er samla kostnadsoverslag for heile tiltaket justert til kr. 36.300. Nytt tilskotsgrunnlag for det som står att er kr. 20.300. Vi rår til å løyve kr. 14.210 i Smilmidlar til å gjennomføre oppsetjing av gjerde på beitestykket Felt II i 2014. |

**Grunngjeving:** Viser til tidlegare løyvingsak journal nr. 06/1515 og til kommentarfelt.

**Tilråding: Rår til å løyve på nytt kr. 14.210. i Smilmidlar til oppsetjing av 715 m gjerde for sau og til ryddig av beite på gnr. 17 bnr. 4 .**

| Søknad nummer år | Namn | Tiltak | Godkjend tilskots grunnlag | Søkt tilskot | Tildlegare løyvd tilskot | Tilrådd tilskot | Kommentar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2014 | **Arna Jøsok** | Tidlegare sak 08/151508. Søkjer på nytt om oppsetjing av 450 m fast tradisjonelt gjerde for utegangarsau på eigedomen Rauvik Lille gnr. 82 bnr. 2 i Herøy kommune. Søkjar har leigd ut beitearealet på 5-årig kontrakt. | 35 300 | 21 180 | 0 | 21 180 | Søkjar driv ikkje jorda sjølv, men leiger den ut på 5-årig avtale til bruk i drift. Søkjar fekk i sak 08/151508 løyvd kr. 21.870 i Smilmidlar til oppsetjing av gjerde for sau på bruket. Då søkjar ikkje var ferdig med gjerde innan arbeids-fristen var det løyvde tilskotet til tiltaket dratt inn i samråd med søkjar. Vi rår til på dette grunnlag å løyve kr. 21.180. i Smilmidlar til oppsetjing av 450 m gjerde for sau på gnr. 82 bnr. 2 i 2014. |
| **Grunngjeving:** Viser til kommentarfelt. | | | | | | | |
| **Tilråding: Rår til å løyve på nytt kr. 21.170. i Smilmidlar til oppsetjing av 450 m gjerde for sau på gnr. 82 bnr. 2 .** | | | | | | | |
| 2014 | **Per Ola Kleppe** | Hovudsøknad. Restaurering/ vøling av sider murt av naturstein i open kanal (bekk) på småbruket Kleppe gnr. 83 bnr. 1 i Herøy kommune. Tilleggsøknad. Då sluttsummen på prosjektet viste seg å verte vesentleg høgre enn først kalkulert, sende søkjar inn ein tilleggsøknad den 11.04.2014. | 62 000 | | 16 800 | 16 200 | Søkjar søkjer produksjonstilskot. Søkjar fekk i 2009, journal nr. 09/151512, løyvd kr. 16.800. i Smilmidlar til restaurering av sider i open kanal på sitt bruk. Den murte opne kanalen er eit kulturminne og er ein naturleg del av kulturlandskapet i området. Då arbeidet ikkje var ferdig innan arbeidsfristen vart søknaden fornya i 2013. Sluttkostnaden viste seg ved innsending av rekneskapet for tiltaket å vere vesentleg høgre enn først kalkulert. Godkjent kostnad er kr. 62.000 som er kr. 27.000 høgre enn først kalkulert og godkjent. På dette grunnlag rår vi til å løyve eit tilleggstilskot på kr. 16.200 i Smilmidlar til tiltaket. |
| **Grunngjeving:** Viser til kommentarfelt. Rår til å løyve eit tilleggstilskot på grunnlag av auka kostnad i sluttrekneskapet for restaureing av kanalen. | | | | | | | |
| **Tilråding: På grunnlag av vesentleg auke i sluttrekneskapet i forhold til kostnadsoverslag, rår vi til å løyve eit tilleggstilskot på kr. 16.200. til restaurering/ vøling av sider murt av naturstein i open kanal på gnr. 83 bnr. 1 .** | | | | | | | |

| Søknad nummer år | Namn | Tiltak | Godkjend tilskots grunnlag | Søkt tilskot | Tildlegare løyvd tilskot | Tilrådd tilskot | Kommentar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2014 | **Johannes Kvalsvik** | Oppsetjing av 710 m fast tradisjonelt gjerde for sau til inngjerding av utmark til beite for sau. Arealet tilhøyrer eigen eigedom gnr. 7 bnr. 6 og leigd areal gnr. 7 bnr. 1 samt felles utmarksareal til eigedomane gnr. 7 bnr. 1, 6 og 7 i Herøy kommune. | 51 000 | 30 600 | 0 | 30 600 | Søkjer ikkje om produksjonstilskot i jordbruket, men driv med noko sau. Utmarksarealet som skal gjerdast inn og brukast til beite, grenser til det verdifulle kulturlandskapet i Mulevika. Vi rår til å løyve eit eingongstilskot på kr. 30.600, i Smilmidlar til oppsetjing av gjerde til dette tiltaket i 2014 slik som det er søkt om. |
| **Grunngjeving:** Utmarksarealet som skal gjerdast inn grenser til det verdifulle kulturlandskapet i Mulevika. Viser elles til kommentarfeltet. | | | | | | | |
| **Tilråding: Rår til å løyve eit eingongstilskot på kr. 33.400. i Smilmidlar til inngjerding av utmark på gnr. 7 bnr. 1, 6 og 7.** | | | | | | | |
| 2014 | **Harald Thorseth** | Oppsetjing av 250 m fast tradisjonelt gjerde for sau på småbruket Vike gnr. 36 bnr. 1 i Herøy kommune. Rydding av 6,0 daa einer og lauvskog i beitemark (lyngmark) som skal brukast til beite for sau. | 26 000 | 15 600 | 0 | 15 600 | Søkjer om produksjonstilskot i jordbruket frå og med 20.08.2014. Området som det skal setjast opp gjerde i og ryddast for einer og lauvskog er del av eit verdifullt kulturlandskap i bygda Vikene i Herøy kommune. Beitearealet er òg del av større lyngmarksområde. Det vart løyvd Smilmidlar til oppsetjing av eit sperregjerde i same område i 2013. Viser til sak journal nr. 13/151513. Rår til å løyve midlar til desse tiltaka i 2014. |
| **Grunngjeving:** Området der det skal setjast opp gjerde for sau og ryddast for einer og kratt er del av eit verdifullt kulturlandskap. Sjå kommentarfelt. | | | | | | | |
| **Tilråding: Rår til å løyve eit tilskot på kr. 15.600 i Smilmidlar til oppsetjing av gjerde og til rydding beite på gnr. 36 bnr. 1 i Herøy kommune i 2014** | | | | | | | |

# Framlegg til løyving av SMIL midlar i Herøy kommune 2014

| Søknad nummer år | Namn | Tiltak | Godkjend tilskots grunnlag | Søkt tilskot | Tildlegare løyvd tilskot | Tilrådd tilskot | Kommentar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2014 | **Bjørn Inge Taklo** | Restaurering av gamal verneverdig grindløde bygd rundt 1840 på eigedomen Øren gnr. 80 bnr. 1 i Herøy kommune. Løda er registrert i "Sefrakregisteret." | 158 800 | 79 400 | 0 | 0 | Søkjar ikkje om produksjonstilskot, men jorda og løda vert drive av faren Bjarne Taklo som driv nabobruket Øren-Søndre gnr. 80 bnr. 2 i Herøy kommune. Sakshandsamar var i lag med søkjar og Toril Moltubakk frå kulturavdelinga frå Møre og Romsdal fylkeskommune på synfaring for å sjå på løda i september 2014. Dette er eit bygg som heilt klart er viktig å ta vare på. Nytt justert kostnadsoverslag mottatt på e-post 01.09.2014. Kommunen har ikkje nok Smilmidlar til alle som søkjer og må prioritere. Vi rår difor til at søknaden vert utsett til 2015 for ny vurdering då. |

**Grunngjeving:** Viser til kommentarfelt. Forlite Smilmidlar til alle søknader i 2014. Rår til at søknaden vert utsett til 2015 og vurdert pånytt då.

**Tilråding: Rår til at søknaden om Smilmidlar om restaurering av grindløde på eigedomen Øren gnr. 80 bnr. 1 vert utsett til 2015.**

| Søknad nummer år | Namn | Tiltak | Godkjend tilskots grunnlag | Søkt tilskot | Tildlegare løyvd tilskot | Tilrådd tilskot | Kommentar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2014 | **Bjørn Inge Taklo** | Restaurering av gamal verneverdig stovehus bygd rundt 1840 som står på frådelt tomt gnr. 80 bnr. 4 i Herøy kommune. Stovehuset med frådelt tomt tilhøyrer hovudbruket Øren gnr. 80 bnr. 1 i Herøy kommune. Stova er registrert i "Sefrakregisteret" | 217 000 | 108 500 | 0 | 17 954 | Søkjar ikkje om produksjonstilskot, men jorda og løda vert drive av faren Bjarne Taklo som driv nabobruket Øren-Søndre gnr. 80 bnr. 2 i Herøy kommune. Sakshandsamar var i lag med søkjar og Toril Moltubakk frå kulturavdelinga frå Møre og Romsdal fylkeskommune på synfaring for å sjå på stova i september 2014. Dette er eit særmerkt bygg som heilt klart er viktig å ta vare på. Nytt justert kostnadsoverslag mottatt på e-post den 01.09.2014. Søkjar har endra søknaden til å leggje torvtak på stovehuset istaden for takplater som først planlagt. Vi rår til å løyve første del, kr. 17.954., i Smilmidlar til restaurering av gamalt stovehus som står på gnr. 80 bnr. 4 i 2014. Resten av søknadsum vert å vurdere i 2015. |
| **Grunngjeving:** Verdifult bygg som det er viktig å ta vare på. Sjå kommentarfelt. | | | | | | | |
| **Tilråding: Rår til å løyve første del, kr. 17954., i Smilmidlar til restaurering av stovehus som står på gnr. 80 bnr. 4 tilhøyrande gnr. 80 bnr. 1.** | | | | | | | |
| 2014 | **Lars Harald Moltustøl** | Oppsetjing av 278 m fast tradisjonelt gjerde for sau og til rydding av 0,8 daa krattskog for å ta vare på det gamle kulturlandskapet på denne delen av småbruket Slettebakke gnr. 62 bnr. 1 i Herøy kommune. | 21 000 | 12 600 | 0 | 12 600 | Søkjer om produksjonstilskot i jordbruket. Rår til å løyve eit eingongstilskot på kr. 12.600. i Smilmidlar til oppsetjing av gjerde og til rydding av eit mindre område med krattskog i beite. |
| **Grunngjeving:** Viser til kommentarfelt. Dette småbruket ligg i eit fint kulturlandskap som det er viktig å ta vare på. | | | | | | | |
| **Tilråding: Rår til å løyve eit tilskot på kr. 12.600. i Smilmidlar til oppsetjing av 278 m fast tradisjonelt gjerde for sau og til rydding av kratt på gnr. 61 bnr. 2.** | | | | | | | |

# Framlegg til løyving av SMIL midlar i Herøy kommune 2014

| Søknad nummer år | Namn | Tiltak | Godkjend tilskots grunnlag | Søkt tilskot | Tildlegare løyvd tilskot | Tilrådd tilskot | Kommentar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kostnda og forslag til fordeling av Smilmidlar 2014: | | | **950 700** | **487 790** | **46 655** | **159 689** | |

**Smilmidlar til disposisjon i 2014**

| | | |
|---|---|---|
| Løyde Smilmidlar: | kr | 110 000 |
| Inndregne Smilmidlar i 2014: | kr | 49 689 |
| Sum Smilmidlar for løyving: | kr | 159 689 |
| Sum Smilmidlar for løyving: | kr | 159 689 |
| | kr | - |

**Inndregne Smilmidlar i 2014:**

| | | |
|---|---|---|
| Harald Thorseth, 30.04.2014, journal nr. 08/151513: | kr | 11 900 |
| Arna Jøsok, 30.04.2014, journal nr. 08/151508: | kr | 21 870 |
| Marit Kopperstad, 08.07.2014, journal nr. 08/151506: | kr | 2 830 |
| Kjartan Sundnes, 01.07.2014, journal nr. 12/151512: | kr | 404 |
| Kjartan Sundnes, 01.07.2014, journal nr. 13/151512: | kr | 5 685 |
| Veigard v/ Ingebjørg Lyster, 16.10.2014, journal nr. 151510: | kr | 7 000 |
| Inndregne Smilmidlar i 2014: | kr | 49 689 |

# Strategiplan for SMIL midlar 2013 – 2016
# for kommunane Herøy, Ulstein og Hareid

## Innleiing

Tildeling av SMIL midlar er heimla i *Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket.* Ordninga tok til i 2004 og denne strategien vert den tredje i rekka. Kommunen står fritt til å prioritere tiltak i vedteken strategi innafor forskrifta. Strategien er drøfta i møte med Vestre Sunnmøre Bondelag. Fylkesmannen i Møre og Romsdal tildelar kommunane midlar årleg. Tildeling av midlar skjer til ein viss grad etter innmeldt behov.

## Prioriteringar i perioden

- Marknadsføre ordningane og stimulere aktive gardbrukarar til å søkje om midlar til prosjekt.
- Prioritere tiltak der nytten vert størst. Gjeld tiltak for ferdsel til kulturminne og tiltak for å hindre attgroing av kulturlandskapet.
- Om tilgangen på tilskot er mindre enn etterspurnaden må ein prioritere søknadane slik:
  - Prioritere dei tiltaka som gir størt nytte.
  - Prioritere naudsynte tiltak for å unngå vidare forfall på bygningar og kulturminne.
  - Prioritere aktive gardbrukarar (rett til produksjonstilskot).
  - Prioritere samarbeidstiltak framfor enkeltiltak.
- Alle ordningane vert sidestilt.
- Stimulerer til å halde fram med aktiv drift.

## Tiltak

- Ta vare på viktige kulturminne og kulturmiljø.
- Tiltak som hindrar attgroing av kulturlandskapet og tap av biologisk mangfald.
- Leggje til rette for at allmennheita skal få tilgang/ ferdsel til viktige kulturminne og kulturmiljø.
- Hindre at eldre bygningar som kan reknast som kulturminne forfell.
- Tiltak som fremjar organisert beitebruk.
- Vedlikehaldsgrøfting av gamal kulturmark og innmarksbeite.
- Grøfting av dyrka mark (syner til eiga føreskrift juli 2013).
- Redusere/ fjerne avrenning frå landbruket.

## Tilskotsatsar

<u>Tiltak i kulturlandskapet:</u>

- Gammal kulturmark/ tiltak mot attgroing av utmark.
  - Enkeltiltak: Inntil 60 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.
  - Samarbeidstiltak: Inntil 70 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.

- Freda og verneverdige bygningar.
  Prosjekt som er vurdert av kulturavdelinga på fylket vert prioritert.
  - Inntil 50 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.
  - Skal restaurerast i samsvar med heftet "Råd om istandsetting av eldre hus" som er utarbeidd av fylkeskonservatoren i Møre og Romsdal.

- Tilgjenge/oppleving.
  - Inntil 30 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.

- Kulturminne/kulturmiljø.
  - Inntil 30 % av godkjent kostnadsoverslag.
  - Steingard/ steinmurar inntil 50 % av godkjent kostnad.

- Biologisk mangfald.
  - Inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag.

- Tiltak som fremjar organisert beitebruk.
  - Inntil 50 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.

Tiltak mot forureining:

- Vedlikehaldsgrøfting av gamal kulturmark og innmarksbeite.
  - Inntil 30 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag
  - Ved kostnadsoverslaget skal det leggjast ved enkelt grøftekart (1:1000 el. 1:2000).
  - Arbeidet skal fagmessig utførast med godkjente drensrør og dekkmateriale.

- Hydrotekniske anlegg, slik som opne kanalar.
  - Inntil 60 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.

- Høytørke.
  - Inntil 40 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.

- Klimaplanting/ leplanting.
  - Enkeltiltak: Inntil 60 % av godkjent kostnadsoverslag.
  - Samarbeidstiltak: Inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag.

Generelt:
For tiltak på kulturmark- miljø, og vedlikehaldsgrøfting kan ein søkje om midlar på leigd areal.

18.04.2013
Søre Sunnmøre Landbrukskontor

## Kommunane sine vedtak

Rådmannen si tilråding vart samrøytes vedteken. Vedtak i Formannskapet - 02.07.2013.
Herøy kommune vedtek framlegget til strategiplan for serskilde miljøtiltak i jordbruket (SMIL) for 2013-2016 slik den ligg føre.

Vedtak i Ulstein formannskap, 14.05.2013:
Ulstein kommune vedtek framlegget til strategiplan for serskilde miljøtiltak i jordbruket (SMIL) for 2013-2016 slik den ligg føre. Tilrådinga frå Rådmannen vart vedteken 7 mot 0 røyster.

PS 48/13 strategiplan for SMIL midlar 2013-2016 for kommunane Herøy, Ulstein og Hareid.
Kommunestyret si handsaming. Samrøystes. Vedtak: Hareid kommune vedtek framlegget til strategiplan for serskilde miljøtiltak i jordbruket (SMIL) for 2013-2016 slik den ligg føre.

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**

Vår dato: 21.02.2014
Vår ref.: 2013/7732/BYFI/510
Dykkar dato
Dykkar ref.

Saksbehandlar, innvalstelefon
Rådgivar Byrge Fitje, 71258144

Kommunane i Møre og Romsdal

# Tildeling av midlar til Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) for 2014 Tildeling av midlar til Drenering av jordbruksjord for 2014.

**SMIL:**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, landbruksavdelinga, skal tildele virkemidlane til spesielle miljøtiltak i jordbruket i ei årleg disposisjonsramme til kommunane. Kommunane prioriterer tiltak etter forskrift og vedtekne strategiar innanfor forskrifta til SMIL-ordninga.

Tildelinga gjeld for følgjande ordning: "Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket"

| | |
|---|---:|
| SMIL – midlar tildelt for 2014 (utanom organisert beitebruk og utanom drenering) | 7.100.000,- |
| Overførte SMIL-midlar frå 2013 | 2.067.686,- |
| | |
| **Tilskotsramme for Møre og Romsdal 2014** | **9.167.686,-** |

(Samla ramme er noko større enn i 2013, då var den kr 7.368.470 medrekna overførte midlar.)

For SMIL-midlane er det stort sprik mellom det behovet som er rapportert frå kommunane og den tilskotsramma som er til fordeling. Dette medfører at vi må prioritere hardt i samband med tildelinga til kommunane. Vurderingskriteria som har vore lagt vekt på er:

- Kommunane sin aktivitet og innmeldt behov for 2014
- Kommunane sitt forbruk av midlar i høve til løyving/inndregne midlar i 2013.
- Kommunar med få gamle saker vert tilgodesett
- Kommunar med mange svært saker med utgått arbeidsfrist har fått ein reduksjon
- Vurdering av aktivitetsnivået som kommunane har hatt over tid.
- Antal søkjarar av produksjonstilskot i kommunen er tillagt meir vekt enn tidlegare
- Godt dokumentert restaureringsprosjekt og kurs for handtverkarar.

Postadresse: Fylkeshuset 6404 Molde
Telefon: 71 25 84 43
Telefax: 71 25 85 10
E-post: postmottak@fmmr.no
Web: www.fylkesmannen.no

**Kommunerammer for SMIL – midlar 2014:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Molde | 150 000 | Vestnes | 180 000 |
| Ålesund | | Rauma | 400 000 |
| Kristiansund | 40 000 | Nesset | 310 000 |
| Vanylven | 360 000 | Midsund | 150 000 |
| Sande | 160 000 | Sandøy | 100 000 |
| Herøy | 110 000 | Aukra | 110 000 |
| Ulstein | 110 000 | Fræna | 400 000 |
| Hareid | 110 000 | Eide | 160 000 |
| Volda | 330 000 | Averøy | 180 000 |
| Ørsta | 460 000 | Gjemnes | 250 000 |
| Ørskog 1) | 360 000 | Tingvoll | 280 000 |
| Norddal | 370 000 | Sunndal 2) | 1 400 000 |
| Stranda | 450 000 | Surnadal | 430 000 |
| Stordal | | Rindal | 220 000 |
| Sykkylven | 280 000 | Halsa 3) | 320 000 |
| Skodje | | Smøla | 240 000 |
| Sula | | Aure | 270 000 |
| Giske | 150 000 | Ikkje fordelt FM | 67 686 |
| Haram | 260 000 | Sum | 9 167 686 |

*1): For kommunane Ålesund, Sula, Skodje, Stordal og Ørskog er det gjort ei samla tildeling på kr. 330.000,-. Fordeling mellom kommunane/søknadane vil skje lokalt gjennom landbruksforvaltninga.*
*2)Ekstratildeling på 1 mill. kr til restaurering av bygningar i det svært verneverdige tunet Svøu. Grundig tilstandsrapport med kostnadsoverslag utarbeidd for 9 bygningar i 2013. Samla kostnad på over 3,11 mill.kr.*
https://drive.google.com/folderview?id=0B1ZAtus-eAYaQkZZcXJDbjhIclE&usp=sharing
*3)Ekstra tildeling av kr 180.000 til gjennomføring av kurs i restaureringsarbeid .Opplæring av handtverkarar.*

Vi minner om at kommunen er ansvarleg for å halde løyvingane innanfor tildelt ramme.
Kommunen skal kontrollere at tiltaka vert gjennomførte i samsvar med føresetnadene.

I fullmaktsbrevet frå SLF for 2014 står det mellom anna: «Fylkesmannen må sjå til at kommunane dreg tilbake tilsegner der arbeidsfristen er gått ut. Inndregne midlar skal omfordelast til kommunar som har oppnådd gode resultat og har god gjennomføringsevne.» Dei tiltaka som har best miljøeffekt skal prioriterast.

I 2013 var det gjort eit stort arbeid med opprydding i gamle saker, men det sig fort på med nye prosjekt der arbeidsfristen er gått ut. Pr. 13/2-2014 var det 97 ulike SMIL-saker med utgått arbeidsfrist. Saldo for desse sakene er kr. 1.853.076,-. Dette er eit for stort beløp. Fylkesmannen tilrår at saker som det ikkje er gjort noko med når arbeidsfristen har gått ut (ofte 3 år) ikkje får forlenga arbeidsfrist. Ein kan heller ikkje rekne med at fylkesmannen vil gje ekstra utvida arbeidsfrist etter § 8 i forskrifta.

For å få utnytte midlane dette året vert dette gjort slik:

- Kommunen må gjere vedtak om inndraging snarast. Jamfør liste over utgått arbeidsfrist pr 13/2-2014 (SMIL-ordninga Forskriftstype 500, 034, 207 hjemmel 02 og 234.) Liste over saker med utgått arbeidsfrist pr. 13/2-2014 skal vere utsendt til dei kommunane dette gjeld.(19/2-2014)

- Midlar som vert inndregne før 1/5-2014 kan kommunen løyve på nytt i 2014. (før 1. november)

- Midlar som vert inndregne på etter 1/5-2014 (saker som står på lista pr 13/2-2014) går tilbake til fylkesmannen for ny fordeling. Fylkesmannen vil følgje opp dette.

- Inndregne midlar på saker der arbeidsfristen går ut seinare i år (for eksempel 1/7 eller 1/10 - 2014) kan løyvast på nytt av kommunen før 1/11-2014.

- Inndregne midlar som gjeld «Organisert beitebruk» kan ikkje løyvast på nytt av kommunen. Desse midlane går tilbake til fylkesmannen og vert løyvde på nye saker. Dette gjeld sjølv om det var kommunen som i si tid løyvde til desse søknadane.

Fylkesmannen vil følgje opp arbeidet med å få avslutta gamle saker. Nye lister skal bli sendt ut. Ta kontakt om det er behov for saldokort eller lister på gamle saker.

*Kontroll:*
Ei av arbeidsoppgåvene som Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i si handlingsplan for 2014 er oppfølging av kommunane sine kontrollrutinar. Det vil det bli gitt nærare informasjon om seinare.

*Søknadsskjema:*
Søkjarane skal nytte eige skjema "Søknad om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket". Skjemaet er å finne på www.slf.dep.no. Skjemaet er det same som i fjor.

*Forskrift og rundskriv:*
Gjeldande forskrift for SMIL-ordninga er "Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket", datert 04. februar 2004. Utdjupingar finn de i Rundskriv nr 07/2005.

*Strategiplan:*
Kommunen sine fleirårige tiltaksstrategiar skal som tidlegare år omfatte alle tiltak innan Spesielle miljøtiltak i jordbruket. Det er mange kommunar som skal rullere strategiplanen i år. Ta då også med eit avsnitt om drenering av jordbruksjord. **Vi ber om å få tilsendt kopi av strategidokument etter kvart som dei vert reviderte.**

*Kontakt med areal- og miljøvernavdelinga og kulturavdelinga:*
Areal- og miljøvernavdelinga hos fylkesmannen og kulturavdelinga i fylkeskommunen har mykje kompetanse på sine fagfelt. Kommunane kan kontakte desse avdelingane for å dra nytte av fagkompetansen i SMIL-saker. Dette er også understreka i rundskrivet til SMIL-forskrifta.

*Registrering av søknader som har fått innvilga tilskot:*
Tilskot kan berre løyvast til personar med eigartilknyting til ein landbrukseigedom eller til registrerte foretak. Registrering av foretak i Einingsregisteret (Brønnøysund) kan ta litt tid. Særleg gjeld det foreiningar eller selskap med fleire deltakarar, der Einingsregisteret kan krevje m.a. selskapsavtale, vedtekter og møteprotokoll m.m. Tilskot til fellestiltak skal ikkje registrerast på enkeltpersonar eller enkeltpersonføretak. Vi ber om at kommunen ikkje sender søknader hit til registrering før dei formelle vilkåra er oppfylte.

Når kommunane har gjort vedtak om tildeling av SMIL-midlar til eit tiltak, må det fortløpande sendast kopi av løyvingsskriv med vedtak og søknadsskjema til landbruksavdelinga for registrering. ( Det trengst ikkje sendast med andre vedlegg) Dersom søknadsskjemaet er mangelfullt utfylt eller viser til vedlegg, ber vi om at alle nødvendige opplysningar vert overført til skjemaet før oversending hit. Dette lettar arbeidet med registrering av søknader og sikrar at fagsystemet vert raskt oppdatert i høve til dei løyvingane som kommunen til ei kvar tid har gjort.

Når kommunen mottek saldokort for dei einskilde sakene er dette stadfesting på at sakene er registrert i fagsystemet og klargjort for utbetaling av tilskot.

**Siste frist for innsending av SMIL-saker til registrering er 1. november -2014.**
Fristen er tidleg, men dette er nødvendig også på grunn av mange grøftesøknader som vil kome. Det er veldig viktig at ein unngår opphoping av saker mot slutten av året. Ein kan ikkje utan vidare rekne med at saker som kjem inn lenge etter denne fristen vert registrerte.

*Arbeidsfrist:*
Landbruksavdelinga har rutinar for å sende ut brev til søkjar med varsel om arbeidsfrist. Brevet går med kopi til kommunen. Vi tilrår at kommunane set dato for arbeidsfrist til kvartalskifte, dvs. 01. januar (ikkje 31/12), 01. april, 01. juli eller 01. oktober.
Dersom tiltakshavar søkjer om utsett arbeidsfrist, er det kommunen som avgjer søknaden og eventuelt set ny arbeidsfrist i hht forskrifta. Fylkesmannen ønskjer at kommunane vert strengare når det gjeld forlenga arbeidsfristar. I saker der kommunen gjev utsett arbeidsfrist, sender kommunen brev til søkjar og kopi av vedtaket hit for registrering. Det er også kommunen som gjer vedtak om inndraging.

*Saldokort:*
Det er kommunen som handsamar og avgjer alle søknader om utbetaling av tilskot. Fylkesmannen skal ikkje ha tilsendt timelister, rekneskap eller anna dokumentasjon. Send inn saldokort påført nødvendige opplysningar og underskrift for utbetaling av tilskot. Dei som brukar eigen ferdigattest kan gjerne fortsette med det.

*Inndraging:*
Ut frå det som er nemnt tidlegare vil dette med arbeidsfrist bli handtert strengare. Vi gjer merksam på at vedtak om inndraging er eit enkeltvedtak som gir tilskotsmottakar rett til å klage, jamfør Forvaltningslova. Ikkje send inn saldokort med inndraging før klagefristen er ute.

Landbruksavdelinga kjem til å sende ut lister til kommunane med oversikt over aktive saker i kommunane med arbeidsfristar.

Inndraging i saker som gjeld organisert beitebruk: Her vert som nemnt ikkje midlane ført tilbake til kommunane.

***Kalender 2014 for SMIL og Drenering:***

| Fristar: | Aktivitet | Ansvar |
|---|---|---|
| 22. februar 2014 | Fordeling av midlar til kommunane | Landbr.avdelinga |
| Februar osv | Opprydding i saker med utgått arbeidsfrist. | Kommunane /l.avd |
| oktober 2014 | Liste til kommunane over aktive saker m/arb.fristar | Landbr.avdelinga |
| **01. nov. 2014** | **Siste frist for innsending av saker til registrering** | Kommunane |
| 15. nov. 2014 | Rapportering av forbruk av SMIL- midlar 2014 og behov 2015<br>Rapportering av behov for midlar til drenering 2015 | Kommunane |

*Kontaktperson for registrering av søknader/vedtak/utskriving av saldokort m.v.:*

| | | |
|---|---|---|
| Tone Helen Rørseth | tone.helen.rorseth@fylkesmannen.no | 71258149 |

*Kontaktperson for spørsmål knytt til forvaltning av midlane til SMIL og drenering:*

| | | |
|---|---|---|
| Byrge Fitje | byrge.fitje@fylkesmannen.no | 71258144 |

## Tilskott til drenering av jordbruksjord 2014 - fordeling av midlar til kommunane

Ved jordbruksoppgjeret i 2013 vart det sett av 100 mill. kroner på landsbasis til drenering. Møre og Romsdal har fått 4,1 mill. kroner av desse midlane.

| | |
|---|---|
| Drenering av jordbruksjord. Midlar tildelt for 2014 | 4.100.000,- |
| Overførte midlar frå 2013 | 600.030,- |
| | |
| **Tilskotsramme for Møre og Romsdal 2014** | **4.700.030,-** |

Føremålet med forskrifta er å auke kvaliteten på tidlegare grøfta jordbruksjord som har potensial for auka jordbruksproduksjon. I tillegg er det m.a.eit mål å redusere faren for erosjon og overflateavrenning. Tilskott kan gjevast både til eigd og leigd areal, men ikkje til drenering av nydyrkingsfelt. Søknadsskjema finn de på SLF sine heimesider. Forskrifta finn

de på Lovdata. Sjå også rundskriv 2013-5 frå SLF om «Forvaltning av forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord»

Søkjar må ha grøfteplan med kart og miljøplan trinn 2 eller tilsvarande miljøinformasjon der tiltaket og verknaden av tiltaket er gjort greie for. Tilskottet utgjer kr 1000 pr dekar. Ved anna grøfting kan det gjevast 15 kroner pr løpemeter grøft avgrensa til kr 1000 pr dekar. Arbeidsfrist er 3 år utan forlenging. (som i fjor)
<u>Det er berre kopi av søknadsskjema og kopi av løyvingsskriv som skal sendast inn for registrering.</u>

## Tilskott til drenering av jordbruksjord – fordeling til kommunane

| Kommune | Ramme (kr) |
|---|---|
| 1502 MOLDE | 120.000 |
| 1504 ÅLESUND | |
| 1505 KRISTIANSUND | 20 000 |
| 1511 VANYLVEN | 130.000 |
| 1514 SANDE | 40.000 |
| 1515 HERØY | 30 000 |
| 1516 ULSTEIN | 30 000 |
| 1517 HAREID | 30 000 |
| 1519 VOLDA | 120.000 |
| 1520 ØRSTA | 200.000 |
| 1523 ØRSKOG | 1) 150.000 |
| 1524 NORDDAL | 90.000 |
| 1525 STRANDA | 110.000 |
| 1526 STORDAL | |
| 1528 SYKKYLVEN | 90.000 |
| 1529 SKODJE | |
| 1531 SULA | |
| 1532 GISKE | 80.000 |
| 1534 HARAM | 150.000 |
| 1535 VESTNES | 150.000 |
| 1539 RAUMA | 240 000 |
| 1543 NESSET | 160.000 |
| 1545 MIDSUND | 40 000 |
| 1546 SANDØY | 30 000 |
| 1547 AUKRA | 80.000 |
| 1548 FRÆNA | 500.000 |
| 1551 EIDE | 160.000 |
| 1554 AVERØY | 150.000 |
| 1557 GJEMNES | 190.000 |
| 1560 TINGVOLL | 150.000 |
| 1563 SUNNDAL | 200.000 |
| 1566 SURNADAL | 320.000 |
| 1567 RINDAL | 190.000 |
| 1571 HALSA | 110.000 |
| 1573 SMØLA | 140.000 |
| 1576 AURE | 160.000 |
| Førebels ikkje fordelt | 340 030 |
| Sum | 4.700.030 |

Tabellen viser kommunevis fordeling av totalramma.

1):Nordre Sunnmøre landbrukskontor har fått ei rammetildeling for alle 5 kommunane.

Fordelinga er basert på ein modell som i hovudsak tek utgangspunkt i arealoppgåvene. Arealet er summert for dei ulike kodane, men slik at korn, grønsaker, potet og frukt/bær blir multiplisert med 2. Ramma for kvar kommune er noko avrunda. (Dette er same fordelingsmetode som SLF har nytta)

NB!: Fylkesmannen har halde tilbake 340. 030 kroner av totalramma. Desse midlane blir fordelte til dei kommunane som har størst etterspørsel og som er raskast til å melde frå om behov for tillegg. Det er også viktig at kommunane melder frå tidleg dersom midlane <u>ikkje</u> vert brukte (helst i løpet av september) slik at desse kan fordelast til kommunar med større behov.

Alle søknader om tilskot til drenering skal sendast kommunen og det er kommunen som handsamar søknadane. Kommunen kan setje søknadsfrist. (truleg då nytte same dato som for SMIL-søknadane.)

Ta kontakt om det er ting vi kan avklare og hjelpe til med !

Lukke til med arbeida !

Med helsing

Ottar Longva (e.f.)                    Byrge Fitje
ass.dir.

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Norsk Landbruksrådgiving Sunnmøre | Boks 1312 | 6001 | ÅLESUND |
| Møre og Romsdal bonde- og småbrukarlag | v/Ingvild Hansen Nystad | 6214 | NORDDAL |
| Møre og Romsdal bondelag | Boks 2047 | 6402 | MOLDE |
| Landbruk Nordvest | Hovsvegen 25 | 6600 | SUNNDALSØRA |

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | MARVOL | Arkivsaknr: | 2014/1388 |
| | | Arkiv: | 28/21 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 108/14 | Maritim og teknisk komite | 28.10.2014 |

## ALF HOLKESTAD 28/21 - OPPFØRING AV CARPORT SOM TILBYGG TIL GARASJE - DISPENSASJON FRÅ PLANKRAV

**Tilråding frå rådmannen:**

A. Maritim og teknisk komite gjev med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 dispensasjon frå plankravet i kommuneplanens arealdel, for oppføring av carport som tilbygg til eksisterande garasje på gnr 28 bnr 21.

B. Med heimel i pbl § 21-4 av 27. juni 2008 nr 71, med tilhøyrande forskrifter og vedtekter godkjenner Maritim og teknisk komite søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-1, datert 05.09.14.

MTK gjev løyve til oppføring av carport som tilbygg til eksisterande garasje på gnr 28 bnr 21, slik det er søkt om og etter innsendte teikningar, situasjonsplan og søknad datert 05.09.14.

*Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er 3 veker, rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagd innan fristen. Klagen skal sendast skriftleg til det organet som har gjort vedtaket. Vis til vedtaket du klagar over, den eller dei endringar du ønskjer, og dei grunnane du vil vise til i klagen. Dersom du klager seint, slik at det kan være uklårt for oss om du har klaga i rett tid, må du også oppgje datoen denne meldinga kom fram.*

Særutskrift: Alf Holkestad, 6091 Fosnavåg

**Vedlegg:**

01 – Søknad
02 – Fråsegn
03 - Situasjonplan
04 – Teikning
05 – Kartutnitt av komande reguleringsplan Indre Bergsøy M 1: 500
06 – Flyfoto M 1: 500

**Saksopplysningar:**

Alf Holkestad søkjer om oppføring av carport som tilbygg til eksisterande garasje på gnr 28 bnr 21. Tiltaket skal utførast i eit område som er regulert til bustadformål med krav om reguleringsplan før utbygging i kommuneplan. Tiltaket krev difor dispensasjon frå plankrav. Reguleringsplan 1515201247 INDRE BERGSØY er under arbeid i fase 3 offentleg ettersyn. Tiltaket bryt den regulerte byggegrensen i planen.

**Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen vurderer det slik at vilkåra for å kunne gi dispensasjon er oppfylt. Ein dispensasjon i denne saka vil ikkje tilsidesette formålet bak føresegna det vert dispensert frå eller pbl sin formålsparagraf. Ein dispensasjon vil også ha klart større fordelar enn ulemper etter ei samla vurdering.

Rådmannen viser til at tiltaket er nabovarsla og at det ikkje har kome inn merknader til tiltaket. Tomta er allereie utbygd med bustadhus og garasje.

Reguleringsplan 1515201247 INDRE BERGSØY er under arbeid i fase 3 offentleg ettersyn. I denne reguleringsplanen er det innregulert ei byggjegrense med fire meter avstand frå nabogrense. Dette tiltaket bryt med denne grensa.

Det føreligg imidlertid fråsegn frå nabo på gnr 28 bnr 2 for oppføring av carport inntil 1,5 m frå nabogrensa datert 03.09.14. I tillegg har naboeigedomen reguleringsformål vern av kulturmiljø eller kulturminne. Tiltaket vil difor ikkje medføre konflikt med tanke på utbygging på denne nabotomta.

Etter ei samla vurdering rår rådmannen MTK til å innvilge dispensasjon frå plankrav før utbygging, og imøtekome søknaden om oppføring av carport som tilbygg til eksisterande garasje på gnr 28 bnr 21.

Konsekvensar for folkehelse:
**Ingen**
Konsekvensar for beredskap:
**Ingen**
Konsekvensar for drift:
**Ingen**
Konsekvensar for økonomi:

Fosnavåg, 14.10.2014

| | |
|---|---|
| Erlend Krumsvik<br>Rådmann | Jarl Martin Møller<br>Avd.leiar |

Sakshandsamar: Marie Frøystad Voldsund

standard norge

(W) MARVOL

Byggblankett 5153

# Søknad om tiltak uten ansvarsrett

etter plan- og bygningsloven § 20-2

Oppfylles vilkårene for 3 ukers saksbehandling, jf. § 21-7 andre ledd? ☐ Ja ☐ Nei
- tiltaket er i samsvar med arealplaner, plan- og bygningsloven med forskrifter
- ikke behov for tillatelse/samtykke/uttalelse fra annen myndighet

Berører tiltaket eksisterende eller fremtidige arbeidsplasser? ☐ Ja ☐ Nei
Hvis ja, skal samtykke innhentes fra Arbeidstilsynet før igangsetting av tiltaket. Byggblankett 5177 med vedlegg.

Berører tiltaket byggverk oppført før 1850, jf. Kulturminneloven § 25, andre ledd? ☐ Ja ☐ Nei
Hvis ja, skal uttalelse fra fylkeskommunen foreligge før igangsetting av tiltaket.

Opplysninger gitt i søknaden eller vedlegg til søknaden vil bli registrert i matrikkelen.

Dersom det foreligger merknader fra naboer eller gjenboere, må det foreligge tillatelse fra kommunen før tiltaket igangsettes.

## Søknaden gjelder

**Eiendom/ byggested**

| Gnr. | Bnr. | Festenr. | Seksjonsnr. | Bygningsnr. | Bolignr. | Kommune |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 28 | 21 | | | | | |

| Adresse | Postnr. | Poststed |
|---|---|---|
| | 6091 | FOSNAVÅG |

**Tiltakets art**

Mindre tiltak til bebygd eiendom, pbl § 20-2 bokstav a) og SAK10 § 3-1

☒ Tilbygg < 50 m² ☐ Frittliggende bygning (ikke boligformål) < 70 m² ☐ Antennesystem ☐ Skilt/reklame

☐ Driftsbygning i landbruket med samlet bruksareal (BRA) mnindre enn 1000 kvm, jf. pbl § 20-2 bokstav b) og SAK10 § 3-2
☐ Midlertidig bygning, konstruksjon eller anlegg, pbl § 20-2 bokstav c) (som ikke skal plasseres for lengre tidsrom enn 2 år)
☐ Bruksendring (fra tilleggsdel til hoveddel og motsatt innenfor en bruksenhet)

Planlagt bruk/formål — Beskriv: Tilbygg til Garasje

## Forhåndskonferanse

Pbl § 21-1 — Forhåndskonferanse er avholdt ☐ Ja ☐ Nei

HERØY KOMMUNE — 2014/1388 MARVOL — 5 SEPT. 2014 — 28/21 — 1

## Dispensasjonssøknad og fravik fra TEK10

**Pbl Kap. 19** — Det søkes dispensasjon fra bestemmelsene i: (begrunnelse for dispensasjon gis på eget ark)
☐ Plan- og bygningsloven med forskrifter ☐ Kommunale vedtekter/ forskrifter til pbl ☐ Arealplaner ☐ Vegloven — Vedlegg nr. B –

**Pbl § 31-2** — ☐ Det søkes om fravik fra TEK for eksisterende byggverk (pbl § 31-2) Redegjørelse i eget vedlegg — Vedlegg nr. B –

## Arealdisponering

**Planstatus mv.**

Sett kryss for gjeldende plan
☐ Arealdel av kommuneplan ☐ Reguleringsplan ☐ Bebyggelsesplan

Navn på plan

Reguleringsformål i arealdel av kommuneplan/reguleringsplan/bebyggelsesplan - beskriv

Velg aktuell kolonne iht. beregningsregel angitt i gjeldende plan*

| | | %-BYA | BYA | %-BRA / %-TU | BRA | U-grad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | a. Grad av utnytting iht. gjeldende plan | % | m² | % | m² | |
| Tomtearealet | b. Byggeområde/grunneiendom** | m² | | m² | | m² |
| | c. Ev. areal som trekkes fra iht. beregn.regler | – m² | | – m² | | |
| | d. Ev. areal som legges til iht. beregn.regler | | | | | + m² |
| | e. Beregnet tomteareal (b – c) eller (b + d) | = m² | | = m² | | = m² |
| Grad av utnytting | Arealbenevnelser | m² BYA | m² BYA | m² BRA | m² BRA | m² BTA |
| | f. Beregnet maks. byggeareal iht. plan (jf. a. og e.) | m² | m² | m² | m² | m² |
| | g. Areal eksisterende bebyggelse | m² | m² | m² | m² | m² |
| | h. Areal ny bebyggelse | + m² | + m² | + m² | + m² | + m² |
| | i. Parkeringsareal | + m² | + m² | + m² | + m² | + m² |
| | j. Sum areal | = m² | = m² | = m² | = m² | = m² |
| | Beregnet grad av utnytting (jf. e. og j.)*** | % | m² | % | m² | |

* Skal beregning av utnyttingsgrad skje etter annen regel, beskriv nærmere — Vedlegg nr. Q –

** Dersom areal i rad b ikke er fremkommet av målebrev, beskriv nærmere — Vedlegg nr. Q –

*** Vis ev. underlag for beregningen av grad av utnytting i vedlegg — Vedlegg nr. Q –

Tilleggsopplysninger om areal på ny bebyggelse

Skjer beregningen ovenfor i m² BRA, oppgi også: Bebygd areal: m² BYA

Skjer beregningen ovenfor i m² BYA oppgi også: Bruksareal: 35 m² BRA

Er beregningen foretatt i m² BTA, oppgi både bebygd areal og bruksareal.

| Arealdisponering (forts.) | | |
|---|---|---|
| Plassering av tiltaket | Kan høyspent kraftlinje være i konflikt med tiltaket? ☐ Ja ☒ Nei<br>Hvis ja, må avklaring med berørt rettighetshaver være dokumentert | Vedlegg nr.<br>Q – |
| | Kan vann og avløpsledninger være i konflikt med tiltaket? ☐ Ja ☒ Nei<br>Hvis ja, må avklaring med berørt rettighetshaver være dokumentert | Vedlegg nr.<br>Q – |

| Tilknytning til veg og ledningsnett | | |
|---|---|---|
| **Adkomst**<br>vegloven §§ 40-43<br>pbl § 27-4 | Gir tiltaket endrede avkjøringsforhold?<br>☐ Ja ☒ Nei | Tomta har adkomst til følgende veg som er opparbeidet og åpen for alminnelig ferdsel:<br>☐ Riksveg/fylkesveg — Er avkjøringstillatelse gitt? ☐ Ja ☐ Nei<br>☐ Kommunal veg — Er avkjøringstillatelse gitt? ☐ Ja ☐ Nei<br>☐ Privat veg — Er vegrett sikret ved tinglyst erklæring? ☐ Ja ☐ Nei |
| **Vann-forsyning**<br>pbl §§ 27-2, 27-3 | Tilknytning i forhold til tomta<br>☐ Offentlig vannverk ☒ Privat vannverk<br>☐ Annen privat vannforsyning, innlagt vann<br>☐ Annen privat vannforsyning, ikke innlagt vann<br>Dersom vanntilførsel forutsetter tilknytning til annen privat ledning eller krysser annens grunn, foreligger rettighet ved tinglyst erklæring? ☐ Ja ☐ Nei | Beskriv<br><br>Vedlegg nr.<br>Q – |
| **Avløp**<br>pbl §§ 27-2, 27-3 | Tilknytning i forhold til tomta<br>☐ Offentlig avløpsanlegg<br>☐ Privat avløpsanlegg — Skal det installeres vannklosett? ☐ Ja ☐ Nei<br>Foreligger utslippstillatelse? ☐ Ja ☐ Nei<br>Dersom avløpsanlegg forutsetter tilknytning til annen privat ledning eller krysser annens grunn, foreligger rettighet ved tinglyst erklæring? ☐ Ja ☐ Nei | Vedlegg nr.<br>Q – |
| **Overvann** | Takvann/overvann føres til: ☐ Avløpssystem ☐ Terreng | |

**Vedlegg**

| Beskrivelse av vedlegg | Gruppe | Nr. fra – til | Ikke relevant |
|---|---|---|---|
| Dispensasjonssøknader | B | – | ☐ |
| Nabovarsling (gjenpart/nabomerknader/ kommentarer til nabomerknader) | C | – | ☐ |
| Situasjonsplan/avkjøringsplan | D | – | ☐ |
| Tegninger plan, snitt, fasade (eksisterende) | E | – | ☐ |
| Tegninger plan, snitt, fasade (ny) | E | – | ☐ |
| Uttalelse/vedtak fra annen offentlig myndighet | I | – | ☐ |
| Andre vedlegg | Q | – | ☐ |

**Erklæring og underskrift**

**Tiltakshaver**

Tiltakshaver forplikter seg til å la gjennomføre tiltaket iht. plan- og bygningsloven (pbl) og byggteknisk forskrift

| | | |
|---|---|---|
| × Navn: Alf Hollerstad | Telefon (dagtid): 9343 1104 | Mobiltelefon |
| Adresse | Postnr.: 6091 Poststed: FOSNAVÅG | |
| Dato: 5/9-2014 Underskrift: Alf Hollerstad | E-postadresse: al-holle@online.no | |
| Gjentas med blokkbokstaver | Eventuelt organisasjonsnr. | |

Herøy kommune

# FRÅSEGN

## PLAN- OG BYGNINGSLOVA § 29-4 – SITAT:

**"§ 29-4.** *Byggverkets plassering, høyde og avstand fra nabogrense*

Byggverkets plassering, herunder høydeplassering, og byggverkets høyde skal godkjennes av kommunen. Kommunen skal påse at veglovas bestemmelser om byggegrense og frisikt blir fulgt. Bygning med gesimshøyde over 8 meter og mønehøyde over 9 meter kan bare føres opp hvor det har hjemmel i plan etter kapittel 11 eller 12

Hvis ikke annet er bestemt i plan etter kapittel 11 eller 12, skal byggverk ha en avstand fra nabogrense som minst svarer til byggverkets halve høyde og ikke under 4 meter.

Kommunen kan godkjenne at byggverk plasseres nærmere nabogrense enn nevnt i andre ledd eller i nabogrense:

a) når eier (fester) av naboeiendommen har gitt skriftlig samtykke eller

b) ved oppføring av garasje, uthus og lignende mindre tiltak.

Nærmere bestemmelser, herunder regler om avstand mellom byggverk, beregningsmåten for høyde, avstand fra nabogrense og areal på bygning som nevnt i andre ledd bokstav b, gis ved forskrift.

I kraft 1 juli 2010, se § 34-3

Tilføyd ved lov 8 mai 2009 nr. 27, endret ved lov 25 juni 2010 nr. 48

Underteikna Ottar Lars Njorthaug
(Namn)

Fødselsdato 120342, eigar av gnr 28 bnr 2 i Herøy kommune

gjev med dette samtykke til at Alf Hollekstad
(Namn)

Fødselsdato 10.03.60, eigar av gnr 28 bnr 21 i Herøy kommune,

får føre opp Carport inntil 1,5 m frå vår felles grense.
(type bygg)

**Underteikna er kjend med at det ved seinare oppføring av bygning(ar) på eigen eigedom som kjem nærare dette bygget enn 8 m, kan verte stilt krav om branntekniske løysingar for å innfri krav fastlagde i plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter.**

Fosnavåg, den 3/9-2014
(Stad)

[signature], eigar av gnr 28, bnr 2
(Underskrift)

Dersom det er fleire eigarar skal alle partar underteikne.

**DENNE FRÅSEGNA SKAL KUNNE TINGLYSAST SOM HEFTE PÅ EIGEDOMEN.**

Adresse: P.b 274, 6099 Fosnavåg – Tlf : 700 81 300 – Fax: 700 81 1301
E-post: postmottak@heroy.kommune.no
www.heroy.kommune.no


28/21
carport
HERØY KOMMUNE
19.08.2014 1:500
Det kan forekomme feil i kartet
0
5
10
15
20 m

Forandring av takretning!

Garasje på Gardsnummer 28 Bruksnummer 21

PBL. § 86a Sak § 20 nr 1




Alf Holkestad

# Gnr 28 bnr 21

1:500

14.10.2014




Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.

# Gnr 28 bnr 21

1:500

14.10.2014




Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

-

| Sakshandsamar: | MARVOL | Arkivsaknr: | 2014/1196 |
|---|---|---|---|
| | | Arkiv: | 31/112 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 109/14 | Maritim og teknisk komite | 28.10.2014 |

## TØMRER SERVICE AS 31/112 - DISPENSASJON FRA PLANKRAV FOR OPPFØRING AV TOMANNSBUSTAD

**Tilråding frå rådmannen:**

Maritim og teknisk komite vedtek at det med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert gjeve dispensasjon frå krav om reguleringsplan før utbygging. Tømrer Prosjekt AS får dispensasjon til å føre opp tomannsbustad med tilhøyrande garasje, avkøyrsle, terrengtilpassing, planering av hage og parkeringsplass på gnr 31 bnr 112.

Det stillast fylgjande vilkår for dispensasjonen:

1. Under anleggsarbeidet må det setjast opp eit midlertidig gjerde langs grensa mot sikringssona til det automatisk freda kulturminnet på eigedomen.

*Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er 3 veker, rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagd innan fristen. Klagen skal sendast skriftleg til det organet som har gjort vedtaket. Vis til vedtaket du klagar over, den eller dei endringar du ønskjer, og dei grunnane du vil vise til i klagen. Dersom du klager seint, slik at det kan være uklårt for oss om du har klaga i rett tid, må du også oppgje datoen denne meldinga kom fram.*

Særutskrift: Tømrer Prosjekt AS, Røysbakken 5, 6100 VOLDA

**Vedlegg:**

01 – Søknad om dispensasjon
02 – Situasjonsplan
03 – Korrespondanse mellom tiltakshavar og Kristoffer Dahle
04 – Uttale frå Anlegg- og driftsavdelinga
05 – Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune
06 – Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal
07 – Forslag til plankart for Indre Bergsøy
08 – Flyfoto over området M 1: 500
09 – Flyfoto over området med tilgrensande reguleringsplanar M 1: 2500

**Saksopplysningar:**
Tømrer Service AS søkjer på vegne av Tømrer Prosjekt AS om oppføring av tomannsbustad med tilhøyrande frittliggande garasjebygg på eigedom 31/112 på Hjelmeset. Det aktuelle området er regulert til bustad i gjeldande kommuneplan, med krav om reguleringsplan før utbygging. Det søkjast om dispensasjon frå krav om reguleringsplan før oppføring av tomannsbustad.

Det omsøkte tiltaket gjeld oppføring av tomannsbustad med tilhøyrande garasje, avkøyrsle, terrengtilpassing, planering av hage og parkeringsplass. Utnyttingsgrad er ikkje spesifisert i kommuneplan. Her har ein satt BYA til 35 % maksimal utnyttingsgrad. Denne utnyttingsgrada er brukt i tilgrensande reguleringsplan 1515201256 HJELMESETH 4. Utnyttingsgrada for tiltaket er under 30 %.

Huset er ein tomannsbustad i moderne stil, med flatemål 16,4 x 10 m, og takhøgde 6,8 m framme og 5,7 m bak på huset. Huset vil passe inn i det eksisterande miljøet i byggefeltet med variert bebyggelse og byggestil.

Den tiltenkte garasjen har same stil som tomannsbustaden, og har 42,9 m2 BRA. Høgde er 3,5 m. Garasjen er i samsvar med kommuneplanens § 20-4 b: «Garasje og buder kan berre oppførast i 1 høgd og grunnflata må ikkje overstige 50 m2, og dei skal vere tilpassa bustadhuset med omsyn til form og materialval. Garasjer og buder kan plasserast med ein vegg i nabogrense innafor ramma i byggeforskriftene.» Garasja er plassert 1 m frå nabogrense jfr pbl § 29-4 bokstav b.

Kulturminne:
Det blei utført arkeologisk registrering på tomta i 2010. Tomta ligg inntil eit kulturminne og grensa til kulturminnet går litt inn på tomta. Utstikking av grensa til kulturminnet er i byggesaka behefta med ansvarsrett. Det er lagt opp til at kulturminnet ikkje skal berørast og at området som er kulturminne skal brukast som hage. Det er då ikkje krav om å søke dispensasjon frå kulturminnelova. Sjå kart over kulturminne og korrespondanse mellom tiltakshavar og Kristoffer Dahle frå Møre og Romsdal Fylke.

Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune v/ Kristoffer Dahle, 03.09.14:
«Tomta blei arkeologisk registrert i 2010, utan funn av automatisk freda kulturminne. Eigedomen omfattar likevel sikringssona til eit automatisk freda kulturminne som er registrert på naboeeigedomen. Ut frå situasjonsplanen blir ikkje denne råkå, og ut frå eksisterande utforming av bustadfelt og infrastruktur i området vurderer vi ikkje tiltaket som utilbørlig skjemmande, jf. § 3 i kulturminnelova.

Vi vil likevel be om at det under anleggsarbeidet blir satt opp eit midlertidig gjerde langs grensa mot sikringssona, for slik å hindre ulovleg inngrep, og at dette blir innarbeidd i eit eventuelt positivt vedtak. Vi gjer også merksam på at dersom ein under arbeidet kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring jfr kulturminnelova § 8 andre ledd.»

Uttale frå Anlegg- og driftsavdelinga, 04.09.14:
Anlegg- og drift har ingen særskilde merknader til søknaden slik den framstår m.o.t. plassering og tilkomst.

Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 19.09.14:
«Barn og unge sine interesse
Det er lite opplysningar om tilgjengelege leikeplassar i nærleiken. Å berre vise til eit areal på tomta er ikkje godt nok. Ettersom søknaden gjeld dispensasjon frå reguleringsplankravet, må kommunen legge til grunn ei vurdering av RPR for barn- og unge for eit større område. Barn som skal vekse opp her må få dei same moglegheitene til tilgang til ein nærleikeplass som er trygg, solrik og skjerma for støy. Dette er normalt sikra i ein reguleringsplan.»

**Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen vurderer det slik at vilkåra for å kunne gi dispensasjon er oppfylt. Ein dispensasjon i denne saka vil ikkje tilsidesette formålet bak føresegna det vert dispensert frå eller plan- og bygningslova sin formålsparagraf. Ein dispensasjon vil også ha klart større fordelar enn ulemper etter ei samla vurdering. Rådmannen viser til dei uttalane som har kome til søknaden og at ingen av høyringsorgana stiller seg negative til ein søknad om dispensasjon i denne saka.

Formålet bak plankravet er blant anna å sikre medverknad frå innbyggjarar og offentlege styresmakter og få gode heilskaplege løysingar for gjeldande og framtidig bruk av området. I tillegg skal ein reguleringsprosess bidra til å førebyggje eventuelle interessekonfliktar.

Tiltakshavar har tatt utgangspunkt i kommuneplan og tilgrensande reguleringsplan ved utforminga av tiltaket, slik at tiltaket er mest mogleg i samsvar med den utviklinga som allereie er i området. Ein dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen vil soleis  ikkje vesentleg tilsidesette omsyna bak plankravet.

Vidare vert vurderinga om ein dispensasjon frå plankravet har klart større fordelar enn ulemper.

Den aktuelle tomta ligg i eit allereie etablert bustadfelt, som ei av få tomter som ikkje er regulert eller bebygd. Det der opparbeidd vegar og anna teknisk anlegg i bustadfeltet. Det vil ikkje vere hensiktsmessig å starte ein detaljreguleringsprosess for å byggje på ei einsleg tomt. Det vil medføre større kostnadar enn kva som er hensiktsmessig, særleg med tanke på at resten av bustadfeltet allereie er utbygd.

Det har kome inn merknad frå Fylkesmannen der det etterlysast ei vurdering frå kommunen av RPR for barn- og unge for eit større område. Den aktuelle tomta har ikkje tilgong til nokon egna friområde som er avsett til nærleik. I dette tilfellet ser

rådmannen det imidlertid som positivt at den aktuelle tomta vert utbygd fordi det er positivt med fortetting på denne delen av Bergsøya. Ein vurderer det slik at ein kan tillate dispensasjon frå plankravet i dette tilfellet, sjølv om ein ikkje har fått sikra friområde som er avsett til nærleik i dette konkrete tilfellet. Det vises også til at det er gåavstand til skule- og barnehageområde, sjølv om dette ikkje er i umiddelbar nærleik.

Rådmannen kan ikkje sjå at det føreligg avgjerande moment som tilseier at det ikkje kan gjevast dispensasjon til oppføring av ein tomannsbustad på denne tomta. Ein dispensasjon i denne saka vil ikkje tilsidesette formålet bak føresegna det vert dispensert frå eller plan- og bygningslova sin formålsparagraf. Tiltaket er tilpassa kommuneplan og reguleringsplan Hjelmeseth 4, og vil ikkje bryte med byggjeskikken i området. Fordelane ved dispensasjon frå plankravet i kommuneplan er klart større enn ulempene. Ein vurderer det slik at vilkåra for å kunne gi dispensasjon er oppfylt i denne saka. Etter ei samla vurdering vil det etter dette kunne vere tilrådeleg å opne for bygging av ein tomannsbustad på denne tomta, utan at det føreligg detaljreguleringsplan før utbygging.

Konsekvensar for folkehelse:
**Ingen**
Konsekvensar for beredskap:
**Ingen**
Konsekvensar for drift:
**Ingen**
Konsekvensar for økonomi:

Fosnavåg, 14.10.2014

| | |
|---|---|
| Erlend Krumsvik | Jarl Martin Møller |
| Rådmann | Avd.leiar |

Sakshandsamar: Marie Frøystad Voldsund

# Søknad om tillatelse i ett trinn

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1

## Søknaden gjelder

Vilkårene for 3 ukers saksbehandling, jf.§ 21-7 annet ledd, oppfylles ikke.
Opplysninger gitt i søknad eller vedlegg til søknaden, herunder oppretting eller endring av matrikkelenhet, vil bli registrert i matrikkelen.

### Eiendom/Byggested

| Kommune | Gnr. | Bnr. | Adresse |
|---|---|---|---|
| Herøy i Møre og Romsdal | 31 | 112 | Hjelmesetvegen 38, 6092 FOSNAVÅG |

### Tiltakets art

Søknadstype
Ettrinnssøknad

Tiltakstype
Nytt bygg - Boligformål Veg Parkeringsplass Vesentlig terrenginngrep Nytt anlegg/konstruksjon

| Næringsgruppekode | Anleggstype | Bygningstypekode | Formål |
|---|---|---|---|
| X Bolig | veier | 121 | bolig garasje annet |

Beskrivelse av bruk
2 manns bustad med tilhøyrande garasje, avkjørsle, terreng tilpassing, planering av hage, parkeringsplass.

### Tiltakshaver

| Partstype | Navn | Adresse | Organisasjonsnummer | Telefon |
|---|---|---|---|---|
| foretak | TØMRER PROSJEKT AS | Røysbakken 5, 6100 VOLDA | 993407313 | 70055910 |

e-postadresse
henning@mesterhussunnmore.no

### Ansvarlig søker

| Navn | Organisasjonsnummer | Adresse | Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|
| TØMRER SERVICE AS | 979837682 | Røysbakken 5, 6100 VOLDA | Henning Heltne | 93212702 |

| Mobiltelefon | e-postadresse |
|---|---|
| 93212702 | henning@mesterhussunnmore.no |

### Varsling

Tiltaket krever nabovarsling

Det foreligger ingen merknader fra naboer eller gjenboere

### Følgebrev

Det byggesøkes 2 mannsn bustad med tilhøyrande garasje, avkjørsle, terreng tilpassing, planering av hage, parkeringsplass.
Det søkes dispensasjon frå veilova plassering av hus nærmare vei en det veilova seier. Det søkes om dispensasjon frå plankravet som er for området i kommuneplanen.

Om nabo ønsker ytterligare informasjon om tiltaket så vennligst ta kontakt med søker.

## Dispensasjonsøknad

### Plan-og bygningsloven Kapittel 19

Det søkes dispensasjon fra bestemmelsene i:Arealplaner, Vegloven
Begrunnelse for dispensasjon:
Det søkes om dispensasjon i trå med PBL § 19-1 og 19-2 frå plankrav i Kommuneplanen.
Tomta ligger i eit "etablert" bustadfelt som ei enslig uregulert/ubebygd tomt

# Søknad om tillatelse i ett trinn

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1

Der er i feltet opparbeida veier og annet teknisk anlegg. Det vil ikkej være hensiktsmessig å starte en detalj reguleringsprosess bare for å bygge på denne eine tomta.

De i andre tomtene i feltet har fått innvilga dispensasjon frå plankravet og blidt bebygd.

Det søkes om dispensasjon frå veilova byggelinje mot kommunal vei § 29 annet ledd

Begrunnelse. Det er ikke laga reguleringsplan for byggefeltet. Dei generelle krava til byggelinje i veilova er 15 meter og vil gjere at tomta er vanskeleg å bygge på
Hus på tomta er plassert med over 10 meter til midten av kommunal vei. Dette er i trå med normer som er vanleg brukt i tilsvarende byggefelt i kommunen , og den samme bygelijeavstand som er brukt for tilgrensande reguleringsplan Hjelmeset 4. Garasje er plassert langs vei med avstand på 2,5 meter til regulert veikant. Dette er vanlig avstand som Herøy kommune ofte bruker i nyere regulerinsplaner.
Dei andre tomtene i byggefeltet har også fått dispensasjon frå byggelinje krav i veilova.

Dette er ei enslig ubebygd timt i eit bebygd område. En er da av den oppfatning at fordelane med å gi dispensasjon er klart større en ulempene. Jf Pbl § 19-2 Tomtestruktur veier, teknisk anlegg og fradeling av tomt er allerede utført og satt. Overordna plan og retningslinjer blir defor ikkje vesentleg tilsidesatt.

## Arealdisponering

### Planstatus mv.

| Type plan | Navn på plan |
|---|---|
| Kommuneplanenes arealdel | Kommuneplan for Herøy |

Reguleringsformål
Boliger

| Beregningsregel angitt i gjeldende plan | Grad av utnytting iht. gjeldende plan |
|---|---|
| %BYA | 35% |

Andre relevante krav

Reguleringsplan på nabotomter Hjelmeset 3 (utnytting byggelinjer)

### Tomtearealet

| | |
|---|---|
| Byggeområde/grunneiendom | 899,00 m² |
| - Ev. areal som trekkes fra iht. beregningsregler | 40,00 m² |
| = Beregnet tomteareal | 859,00 m² |

### Bebyggelsen

| | |
|---|---|
| Beregnet maksimalt byggeareal iht. plan | 300,65 m² |
| Areal eksisterende bebyggelse | 0,00 m² |
| - Areal som skal rives | 0,00 m² |
| + Areal ny bebyggelse | 213,00 m² |
| + Parkeringsareal | 36,00 m² |
| = Sum areal | 249,00 m² |

### Grad av utnytting

| | |
|---|---|
| Beregnet grad av utnytting | 28,99 |

### Plassering av tiltaket

Høyspent kraftlinje er ikke i konflikt med tiltaket .
Vann og avløpsledninger er ikke i konflikt med tiltaket.

# Søknad om tillatelse i ett trinn

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1

## Bygningsopplysninger

| | m² BYA | m² BRA | | | Antall bruksenheter | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Bolig | Annet | I alt | Bolig | Annet | I alt |
| Eksisterende | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0 | 0 | 0 |
| Ny | 213,00 | 289,60 | 42,00 | 331,60 | 2 | 0 | 2 |
| Åpne arealer/Enheter som fjernes | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0 | 0 | 0 |
| Sum | 213,00 | 289,60 | 42,00 | 331,60 | 2 | 0 | 2 |

Antall etasjer etter at tiltaket er gjennomført: 2

## Krav til byggegrunn

**Flom**
Byggverket skal IKKE plasseres i flomutsatt område

**Skred**
Byggverket skal IKKE plasseres i skredutsatt område

**Andre natur- og miljøforhold (pbl § 28-1)**
Det foreligger IKKE fare eller vesentlig ulempe som følge av andre natur- og miljøforhold.

## Tilknytning til veg og ledningsnett

**Adkomst**
Tiltaket gir ny/endret adkomst.
Tomta har adkomst til kommunal veg som er opparbeidet og åpen for alminnelig ferdsel.Avkjørselstillatelse er IKKE gitt.

**Vannforsyning**
Tomta er tilknyttet privat vannverk
Beskrivelse av annen privat vannforsyning: Herøy vasslag
Vanntilførsel krysser IKKE annens grunn.

**Avløp**
Tomta er tilknyttet offentlig avløpsanlegg
Avløpsanlegg krysser IKKE annens grunn.

**Overvann**
Takvann/overvann føres til avløpssystem

## Løfteinnretninger

**Løfteinnretninger**
Det er IKKE løfteinnretninger som omfattes av TEK i bygningen
Det planlegges IKKE en slik innretning

# Søknad om tillatelse i ett trinn

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1

## Vedlegg

| Vedleggstype | Gruppe | Beskrivelse av vedlegget | Hvordan oversendes vedlegget? |
|---|---|---|---|
| Kvittering for nabovarsel | C | Med tegninger som følgte nabovarselet situasjonsplan, fasade og snitt tegning. | Vedlagt søknaden |
| Situasjonsplan | D | | Vedlagt søknaden |
| Tegning ny fasade | E | Tegninger av hus 1: 100 komplett | Vedlagt søknaden |
| Tegning ny fasade | E | Tegninger av garasje 1: 100 komplett | Vedlagt søknaden |
| Tegning ny snitt | E | Snitt av tomt | Vedlagt søknaden |
| Redegjørelse - estetikk | E | Brev til kommune | Vedlagt søknaden |
| Situasjonskart | F | Va plan veiledande | Vedlagt søknaden |
| Situasjonskart | F | Kart over kulturminne | Vedlagt søknaden |
| Revisjonserklering | G | Revisjonserklæring Farstad Maskin AS | Vedlagt søknaden |
| Organisasjonsplan | G | Organisasjonsplan Farstad Maskin AS | Vedlagt søknaden |
| Annet | Q | Kvitering Søkt sanitærabonement | Vedlagt søknaden |
| Annet | Q | Kvitering Søkt vassabonement. | Vedlagt søknaden |
| Annet | Q | uttale kulturminne Kristoffer Dahle Møre og Romsdal fylke. samt kart over kulturminne. | Vedlagt søknaden |

## Erklæring og signering

Ansvarlig søker bekrefter at hele tiltaket belegges med ansvar, og dekker kravene i henhold til plan- og bygningsloven. En er kjent med reglene om straff og sanksjoner i pbl. Kap. 32 og at det kan medføre reaksjoner dersom det gis uriktige opplysninger

**Ansvarlig søker**

Ansvarlig søker bekrefter at tiltakshavers underskrift på en kopi av søknaden kan dokumenteres.

Dato 21.07.2014

Signatur Søknaden er elektronisk signert
TØMRER SERVICE AS

**Tiltakshaver**

Dato____________________

Signatur____________________

Gjentas med blokkbokstaver

**Herøy Kommune**
**PB 274**
**6099 Fosnavåg**

18.07.2014

# Skildring av estetikk

Vi viser vedlagd byggesøknad for Gnr 31 Bnr 112 bygging av 2 manns bustad i Hjelmesetvegen 38

**Tomt:**
Tomta ligger i eit u-regulert område berekna for bustader i kommuneplan.
Byggefeltet har variert småhusbebyggelse. Tomta ble utskilt frå hovedbruket via en tomtedelingsplan for eit større område/ fleire tomter i 1992
Tomta er lett skråande. Der er ikkje utnyttingsgrad spesifisert i Kommuneplan, så det er brukt BYA. satt til 35 % for maksimal utnytting i søknaden. Denne utnyttingsgrada er brukt i tilgrensa reguleringsplan Hjelmeset 4. Utnyttinga for tiltaket er under 30 %. Litt av arealet på tomta er regulert til Vei/ veikant. Det er gjort eit anslag på dette arealet som er trekt i frå tomta ved utretning av tomtestørrelse.
Der er i kommuneplan ikkje vist byggelinje mot vei. Det er brukt vanlege normer for dette og mot garasje så er det 2,5 meter frå eigendomsgrense/veikant med parallell innkjøring mens der er 10 meter frå hus til midten av til grensa vei. ( dette også i trå med reguleringsplan på nabo eigendom Hjelmeset 4)

**Plassering og høgde:**
Huset er tilpassa høgda på terreng med tanke på høgdeskilnad til kommunal vei og massebalanse på tomta. Huset er vent mot sør og følger plasseringsstrukturen i feltet.

**Hus:**
Huset er en 2 manns bustad, og stil messig så er huset i moderne stil og gjenspeiler tida det er bygget i. Huset har utvendig tre kledning og papptekking på taket. Tiltaket vil passe godt inn i det eksisterande miljøet i byggefeltet med en variert bebyggelse og byggestil, frå forskjellige tids epokar.

**Garasje:**
Det byggesøkes garasje samtidig med hus i same stil. Det vises til føresegner i kommuneplan §24-4 nr1 Byggeområde 9 avsitt. *Der står. Garasje og buder kan bare oppførast i 1 Høgd og grunnflate må ikkje overstige 50 M2, og dei skal være tilpassa bustadhuset med omsyn til form og matrealvalg. Garasjer og buder kan plasseres med en vegg i nabogrense innanfor ramma i byggeforskriftene.*
Garasja er plassert 1 meter frå nabogrense Jf PBL § 29-4 bokstav b

**Støttemur:**
Der vil vere behov for noen mindre støttemurer og noen mindre rekker med stein på tomta for å ta opp fall og skråningar, høgder på murer vil ikkje overstige 1 meter.

**Vatn og avløp:**
Der er leidningsnett 160 avløp og drens som ligg ved eller i Hjelmesetvegen, der skal være utstikk til tomta. Lendingar ble bygget til tomtene omfatta av tomtedelingsplan som ble fradelt 31/1 i 1989. dette i trå med bestemmelser Pbl 1985 § 66. Herøy vasslag har vannlindning liggande på eller ved tomta. Der er noe dårleg kartgrunnlag over ledningane men dei ligge mest truleg langs østsiden på tomta. Slik at en sleppe å grave seg inn i veien.
Om det viser seg at en likevel må grave inn i vei så vil en rutine messig søke kommunen om graveløyve.
Det er søkt Herøy Vasslag og innvilga vassabonement, og det er søkt Herøy kommune om Sanitærabonement. Kviteringer for dette ligger ved søknaden.

**Naboer:**
Det er ikkje mottatt merknader frå naboer eller gjenbuere i området.

**Uteopholdsareal:**
Der vil være noelunde flatt ute-opphaldsareal på deler av tomta og her vill være godt over over 50 m2 MUA. til kvar bustad.

**Dispensasjon:**
Det er søkt om dispensasjon frå veglova og plankrav. Dette er vidare spesifisert i søknad.

**Reguleringsplan Hjelmeset 4**
Sjølv om tomta ikke er omfatta av reguleringsplan så er Tiltak er likevell tilpassa plan og føresegner som er utarbeida for nabotomtene. (Høgde, utnytting, byggelinje)

**Kulturminne:**
Der ble utført arkeologisk registrering på tomta i 2010, tomta ligger inntil eit kulturminne og grensa til kulturminnet går litt innpå tomta. Utstikking av grensa til kulturminnet er i byggesaka be hefta med ansvarsrett. Det er lagt opp til at kulturminne ikkje skal be røres og området som er kulturminne skal brukas som hage. Det er da ikkje krav om å søke dispensasjon frå kulturminnelova. Det vises til kart over kulturminne og uttale frå Kristoffer Dahle frå Møre og Romsdal Fylke.

Med vennlig Hilsen

Henning Heltne Tømrer Service AS Søker

**Henning Heltne**

| | |
|---|---|
| **Fra:** | Kristoffer Dahle <Kristoffer.Dahle@mrfylke.no> |
| **Sendt:** | 2. juni 2014 11:34 |
| **Til:** | Henning Heltne |
| **Emne:** | SV: 236 SV: Spørsmål vedr. boligtomt på Hjelmeseth |

Det er korrekt. Det er ikkje forbode å eige eit kulturminne ☺

Mvh
Kristoffer Dahle

**Fra:** Henning Heltne [mailto:henning@mesterhussunnmore.no]
**Sendt:** 2. juni 2014 11:32
**Til:** Kristoffer Dahle
**Emne:** 236 SV: Spørsmål vedr. boligtomt på Hjelmeseth

Ok takk for raskt svar. ☺
Om en her da planlegger byggetiltak slik at en ikke kommer i berøring med sikringssone. Stikker ut og merker sikringssone, skriv det på situasjonsplan i byggesøknad. og informerer godt evt. huseigar om dette. Så treng en ikke om å søke dispensasjon.

Er det da riktig forstått ?

Med vennlig hilsen Henning Heltne

**Fra:** Kristoffer Dahle [mailto:Kristoffer.Dahle@mrfylke.no]
**Sendt:** 2. juni 2014 11:05
**Til:** Henning Heltne
**Emne:** VS: Spørsmål vedr. boligtomt på Hjelmeseth

Hei,

Sender same svar til deg som eg har sendt kommunen/eigedomsmeglar:

Området blei registrert i 2010, jf lenke til rapport under. Det blei funne eit flintavslag, men dette blei tolka som ein enkelt funnstad og ikkje som ein freda lokalitet. Funnet kan mulegvis stamme frå ein lokalitet lengre vest, på gbnr 31/4. Denne lokaliteten går derimot heilt inn til grensa til gbnr 31/4, på ein slik måte at sikringssona strekkjer seg innanfor tomta (sjå vedlagt kart)

http://arkeologi.mrfylke.no/Registreringer/Rapport%20-%20Roti%20Dahl%202010.pdf

For tiltak/inngrep i sørvestre del av tomta (ca 50 kvm)må det dermed søkes om dispensasjon, jf kulturminneloven §8, første ledd. Det er imidlertid mulig å nytte dette til hage (utan større terrenginngrep). Ved tvil ber vi ny eigar å ta kontakt med oss.

Med vennleg helsing
Kristoffer Dahle


31/20
35
Hjelmesetvegen
31/112
52,70 m²
39
31/109
40
31/111
42
Hjelmesetvegen




**Herøy kommune**

**Reguleringsplaner**
**Målestokk: 1:500**
**Dato 30.06.2014**

10 m

Kartopplysninger son
Ellers står ikke komm

| | |
|---|---|
| **Tiltakshavar / kunde:**<br>**Tømrer Prosjekt AS** | **Teikna dato/sign.:**<br>29.06.14 |
| **Byggjeadresse:**<br>**Gnr 31 del av Bnr 112**<br>**Hjelmeset 6091 Fosnavåg** | **Revidert dato/sign.:** |
| **Type teikning:**<br>**Situasjonsplan** | **Målestokk**<br>1: 500 |
| **Teikninga tilhøyrer:**<br>TØMRERSERVICE AS | |


TEIKNFORKLARING
N

| | |
|---|---|
| Tiltakshavar / kunde:<br>Tømrer Prosjekt AS | Teikna dato/sign.<br>29.06.14 |
| Byggjeadresse:<br>Gnr 31 del av Bnr 112<br>Hjelmeset 6091 Fosnavåg | Revidert dato/sign.: |
| Type teikning:<br>Snitt av tomt (kartarbeid) | Målestokk<br>1: 100 |
| Teikninga tilhøyrer: TØMRERSERVICE AS | |



© Denne tegning må ikke kopieres eller benyttes ved foretagender som Mesterhus Norge eller utførende tegnekontor ikke medvirker i.



FASADE 2



FASADE 1



FASADE 4



FASADE 3

| REV | DATO: | REVISJON: | SIGN: |
|---|---|---|---|
| | | | |

MESTERHUS

Tømrer Service AS. Tlf 700 55 910. Epost: post@mesterhussunnmore.no

| | |
|---|---|
| TILTAKSHAVER: | Tømrer Prosjekt AS |
| BYGGEPLASS: | Hjelmesettvegen 38 |
| G.nr/B.nr: | 31/11 |
| KOMMUNE: | 6092 Fosnavågen |

TØMRERSERVICE AS
Røysbakken 5
6100 Volda

| TEGN. INNHOLD: | | | TILTAKSART: | MÅL: |
|---|---|---|---|---|
| Fasade | | | 2mannsbolig | 1 : 100 |
| PROSJEKT: 341 2-mannsbolig | | | | |
| ARKITEKT: HH | DATO: 01.07.14 | TEGN: JR | PROSJEKT NR: 341 | TEGN NR: 341/A100 |

© Denne tegning må ikke kopieres eller benyttes ved foretagender som Mesterhus Norge eller utførende tegnekontor ikke medvirker i.

| BYA | |
|---|---|
| | 168 m² |

| BRA pr leilighet | |
|---|---|
| Beskrivelse: | Areal: |
| 1. ETASJE | 75,0 m² |
| 2. ETASJE | 69,8 m² |
| | 144,8 m² |




| REV | DATO | REVISJON: | SIGN |
|---|---|---|---|
| | | | |

**MESTERHUS**
Tømrer Service AS. Tlf 700 55 910. Epost: post@mesterhussunnmore.no

| | |
|---|---|
| TILTAKSHAVER: | Tømrer Prosjekt AS |
| BYGGEPLASS | Hjelmesettvegen 38 |
| G.nr/B.nr: | 31/11 |
| KOMMUNE | 6092 Fosnavågen |

TØMRERSERVICE AS
Røysbakken 5
6100 Volda

| TEGN. INNHOLD: | TILTAKSART: | MÅL: |
|---|---|---|
| Plan 1.etg | 2mannsbolig | 1 : 100 |
| PROSJEKT: 341 2-mannsbolig | | |
| ARKITEKT: HH · DATO: 01.07.14 · TEGN: JR | PROSJEKT NR: 341 | TEGN NR: 341/A101 |

© Denne tegning må ikke kopieres eller benyttes ved foretagender som Mesterhus Norge eller utførende tegnekontor ikke medvirker i.




| REV | DATO | REVISJON: | SIGN |
|---|---|---|---|
| | | | |

**MESTERHUS**

Tømrer Service AS. Tlf 700 55 910. Epost: post@mesterhussunnmore.no

| | |
|---|---|
| TILTAKSHAVER: | Tømrer Prosjekt AS |
| BYGGEPLASS: | Hjelmesettvegen 38 |
| G.nr/B.nr: | 31/11 |
| KOMMUNE | 6092 Fosnavågen |

TØMRERSERVICE A/S
Røysbakken 5
6100 Volda

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| TEGN. INNHOLD: Plan 2.etg | | | TILTAKSART: 2mannsbolig | MÅL: 1 : 100 |
| PROSJEKT: 341 2-mannsbolig | | | | |
| ARKITEKT: HH | DATO: 01.07.14 | TEGN: JR | PROSJEKT NR: 341 | TEGN NR: 341/A102 |

© Denne tegning må ikke kopieres eller benyttes ved foretagender som Mesterhus Norge eller utførende tegnekontor ikke medvirker i.




SNITT A-A



3D Snitt

| REV: | DATO: | REVISJON: | SIGN: |
|---|---|---|---|
| | | | |

MESTERHUS

Tømrer Service AS. Tlf 700 55 910. Epost: post@mesterhussunnmore.no

| | |
|---|---|
| TILTAKSHAVER: | Tømrer Prosjekt AS |
| BYGGEPLASS: | Hjelmesettvegen 38 |
| G nr/B nr: | 31/11 |
| KOMMUNE: | 6092 Fosnavågen |

TØMRERSERVICE AS
Røysbakken 5
6100 Volda

| | |
|---|---|
| TEGN. INNHOLD: | Snitt |
| TILTAKSART: | 2mannsbolig |
| MÅL: | 1 : 100 |
| PROSJEKT: | 341 2-mannsbolig |
| ARKITEKT: | HH |
| DATO: | 01.07.14 |
| TEGN: | JR |
| PROSJEKT NR: | 341 |
| TEGN NR: | 341/A103 |

© Denne tegning må ikke kopieres eller benyttes ved foretagender som Mesterhus Norge eller utførende tegnekontor ikke medvirker i.



3D View 8



3D View 6



3D View 7



3D View 5

| REV | DATO | REVISJON: | SIGN: |
|---|---|---|---|
| | | | |

MESTERHUS

Tømrer Service AS. Tlf 700 55 910. Epost: post@mesterhussunnmore.no

| | |
|---|---|
| TILTAKSHAVER: | Tømrer Prosjekt AS |
| BYGGEPLASS: | Hjelmesettvegen 38 |
| G.nr/B.nr.: | 31/11 |
| KOMMUNE: | 6092 Fosnavågen |

TØMRERSERVICE AS
Røysbakken 5
6100 Volda

| TEGN. INNHOLD: Perspektiv | | TILTAKSART: 2mannsbolig | MÅL: |
|---|---|---|---|
| PROSJEKT: 341 2-mannsbolig | | | |
| ARKITEKT: HH | DATO: 01.07.14 | TEGN: JR | PROSJEKT NR: 341 / TEGN NR: 341/A104 |

© Denne tegning må ikke kopieres eller benyttes ved foretagender som Mesterhus Norge eller utførende tegnekontor ikke medvirker i.







A



FASADE 2



FASADE 1



FASADE 4



FASADE 3

| Areal BRA | |
|---|---|
| Beskrivelse: | Areal: |
| Plan | 42.9 m² |
| | 42.9 m² |

| Areal BYA | |
|---|---|
| 46,5 | ~~48~~ m² |

| REV: | DATO: | REVISJON: | SIGN: |
|---|---|---|---|
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |

**MESTERHUS**

Tømrer Prosjekt AS

| | |
|---|---|
| TILTAKSHAVER: | Tømrer Prosjekt AS |
| BYGGEPLASS: | Hjelmesetvegen |
| G.nr/B.nr: | |
| KOMMUNE: | Herøy Kommune |

Unikus
Postboks 4104,
Terminalveien 10
8089 Bodø, tlf. 75 56 51 20
E-mail: post@unikus.no

| TEGN. INNHOLD: | TILTAKSART: | MÅL: |
|---|---|---|
| Plan, snitt,fasader | Garasje | 1 : 100 |

PROSJEKT: **Garasje**

| ARKITEKT: | DATO: | TEGN: | PROSJEKT NR: | TEGN NR: |
|---|---|---|---|---|
| | 14.03.13 | Tove | 130203 | 09.01 |

HERØY KOMMUNE

# NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Anlegg- og driftsavdelinga

| Saksnr | Arkivkode | Dato |
| --- | --- | --- |
| 2014/1196 | 31/112 | 04.09.2014 |

**TØMRER SERVICE AS 31/112 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ AVSTANDSKRAVA I VEGLOVA FOR OPPFØRING AV 2-MANNSBUSTAD M/GARASJE PÅ HJELMESET.**

Tømrer Service AS søkjer om oppføring av ny 2-mannsbustad med garasje på gnr.31 bnr.112 på Hjelmeset.

Den omsøkte bustaden er tenkt plassert med ein avstand på 10 meter frå senterlinje av kommunevegen. Garasjen er planlagt oppført med ein avstand på 2,5 meter til regulert vegkant. I medhald av dette vert det søkt om dispensasjon frå avstandskravet i veglova.

Anlegg- og driftsavdelinga har ingen særskilde merknader til søknaden slik den framstår m.o.t. plassering og tilkomst.

Med helsing

Jan Reidar Gjerde

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| 2014/1196 | 27.08.2014 | 55531/2014/DISPENSASJON/1515 | Kristoffer Dahle,71 25 89 03 | 03.09.2014 |

# Herøy kommune - oppføring av tomannsbustad gbnr 31/112 - dispensasjon frå reguleringsplan - fråsegn

Vi viser til dykkar brev av 27.08.2014, der de ber om uttale til oppføring av tomannsbustad, gbnr 31/112, samt våre tidlegare uttalar.

Tomta blei arkeologisk registrert i 2010, utan funn av automatisk freda kulturminne. Eigedomen omfattar likevel sikringssona til eit automatisk freda kulturminne som er registrert på naboeigedomen. Ut frå situasjonsplanen blir ikkje denne råkå, og ut frå eksisterande utforming av bustadfelt og infrastruktur i området vurderer vi ikkje tiltaket som utilbørleg skjemmande, jf. § 3 i kulturminnelova.

Vi vil likevel be om at det under anleggarbeidet blir satt opp eit midlertidig gjerde langs grensa mot sikringssona, for slik å hindre ulovleg inngrep, og at dette blir innarbeidd i eit eventuelt positivt vedtak. Vi gjer også merksam på at dersom ein under arbeidet kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring jfr kulturminnelova § 8 andre ledd.

Med helsing

Bjørn Ringstad
fylkeskonservator

Kristoffer Dahle
arkeolog

Postadresse: Fylkeshuset, 6404 Molde • Besøksadresse: Julsundveien 9• Telefon: 71 25 80 00 • Telefaks: 71 25 88 37
e-post: post@mrfylke.no • www.mrfylke.no

2014

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

(t)14/1196

| Saksbehandlar, innvalstelefon | Vår dato | Vår ref. |
| --- | --- | --- |
| fagsjef Jon Ivar Eikeland, 71258468 | 19.09.2014 | 2014/5320/JOEI/421.4 |
| | Dykkar dato | Dykkar ref. |
| | 27.08.2014 | |

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

2014/1196 MAEVOL
31/112
7

**Herøy kommune**
**Tomannsbustad på gnr31 bnr112 - Tømrer Service AS**
**Fråsegn ved søknad om dispensasjon frå reguleringsplan**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

**Barn og unge sine interesse**

Det er lite opplysningar om tilgjengelege leikeplassar i nærleiken. Å berre vise til eit areal på tomta er ikkje godt nok. Ettersom søknaden gjeld dispensasjon frå reguleringsplankravet, må kommunen legge til grunn ei vurdering av RPR for barn- og unge for eit større område. Barn som skal vekse opp her må få dei same moglegheitene til tilgang til ein nærleikeplass som er trygg, solrik og skjerma for støy Dette er normalt sikra i ein reguleringsplan.

Med helsing

| | |
| --- | --- |
| Sveinung Dimmen (e.f.) | Jon Ivar Eikeland |
| samordnar | fagsjef |

**Kopi:** Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

# Gnr 31 bnr 112

1:500 14.10.2014

N




Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.

# Gnr 31 bnr 112

N

1:2500

14.10.2014




Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

-

| Sakshandsamar: | EFLÅ | Arkivsaknr: | 2014/738 |
|---|---|---|---|
| | | Arkiv: | 29/344 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 110/14 | Maritim og teknisk komite | 28.10.2014 |

## PER MORTEN BJØRLYKKE - 29/344 - KLAGE PÅ AVSLAG VEDRØRANDE ENDRINGSSØKNAD PÅ NAUST/SJØBUD

**Tilråding frå rådmannen:**

Maritim og Teknisk komite med heimel §20-1 avslår søknad om endring datert 19.06.2014 på gnr 29 bnr 344 .

Grunngjeving for avslaget er at tiltaket som er omsøkt og skissert ikkje er i tråd med gjeldande kommuneplanen sin arealdel og føringar som MTK har gjeve for naustbygg i kommunen.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre – veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jfr Plan-og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

Særutskrift:

Per Morten Bjørlykke,  Reitane, 6094 Leinøy

**Vedlegg:**

1 01 - Godkjent naust, 23.05.2014
2 02 - Søknad om endring 1 gang, 06.05.2014
3 03 - Avslag på søknad om endring, 12.05.2014
4 04 - Klage/søknad om endring 2 gang, 19.06.2014

**Saksopplysningar:**

Søknad om utfylling :

Per Morten Bjørlykke har i DS-sak 292/11,datert 26.09.2011 fått løyve til fylling i sjø med tanke på oppføring av framtidig naust på 70m2, det var sendt inn skisser som synte eit naust i tradisjonell stil. I løyve til fylling i sjø vart det framsett vilkår om at komplette teikningar av naust måtte innsendast før byggearbeida kunne ta til.

Søknad om naust:

Den 06.05.2014 mottok Herøy kommune ein søknad om oppføring av bygg på eigedomen der teikningane viste vesentleg endring av formål og uttrykk. Teikningane viste eit bygg som var utforma i retning av rorbu/fritidsbygg.

Med bakgrunn i Ds-sak 292/11, dei vilkår som der var gitt og dei føringane som MTK har signalisert siste tida i forhold til naustbygg vart denne endringssøknaden vurdert pr. brev den 09.05.2014. Administrasjonen vurderte det til at ein søknad som omsøkt ikkje kunne godkjennast.

Administrasjonen handsama deretter byggesaka og gav delegert vedtak den 23.05.2014 der ein godkjente eit tradisjonelt naustbygg slik som det var signalisert til søkjar/tiltakshavar og føringar som er gjevne frå MTK.

Endringssøknad :

I etterkant av dette har Per Morten Bjørlykke sendt inn ein ny endringssøknad. I endringssøknaden ber han om at det vert vurdert på nytt dei tiltaka som han tidlegare har skissert. Tiltak som han har fått tilbakemelding frå administrasjonen ikkje kunne godkjennast.

I endringssøknaden går det fram frå Bjørlykke at han klagar på administrasjonen si tilbakemelding om at skisserte tiltak ikkje kunne godkjennast.

**Vurdering og konklusjon:**

Per Morten Bjørlykke har fått godkjent eit tradisjonelt naustbygg på sin eigedom 29/344. Han har søkt om endring av dette i søknad datert 06.05.2014. Han vil utføre følgande endringar:

- Oppløft tak mot sør

- Inngang direkte frå terreng bakside
- Veranda mot aust
- Glasing

Bjørlykke vil ikkje gå utover dei ytre rammene for det naustet han har fått godkjent. Han vil gjere desse grepa for å lette bruken av loftet. Vil bruke naustloftet til det han kallar sosiale aktivitetar saman med familien og barnebarna. Behovet for meir lys er då viktig. Hovudfunksjonen til loftet vil vere lager for diverse sjørelaterte reiskap. Bjørlykke presiserer at naustet ikkje skal nyttast til permanent opphald.

Endringssøknaden frå Bjørlykke er supplert med mange foto av andre liknande bygg rundt om kring i kommunen. Han viser til at andre har fått løyve til naust med ark, altan, oppløft, mykje glas og fulle bufasilitetar.

Administrasjonen vil vise til at det er mange faktorar som påverkar utfallet av ei sak som m.a. reguleringsføremål, naboforhold, ytre miljø m.v. Samtidig vil ein vise til at handsaminga av naustbygg i kommunen er innskjerpa siste åra på bakgrunn av føringar frå både regionale mynde og lokalt politisk hald.

I brevet som Herøy kommune sende til Bjørlykke den 09.05.2014 vart det informert om framgangsmåten for å få handsama ein endringssøknad til gitt føremål.

Området er avsett til naust i kommuneplanens arealdel og tiltaket som er søkt godkjent vert vurdert å vere eit bygg som går i retning av fritid/rorbu. Dette strider både mot gjeldande arealplan og forslaget til ny arealplan som vert vedteken snart.

Administrasjonen vurderer det til at det omsøkte bygget si utforming ikkje er i samsvarar med føremål naust med omsyn til utsjånad, kvalitetar og funksjon. Naust skal vere i samsvar med naustfunksjonen både utvendig og innvendig. Bygget framstår som fritid/rorbu og følg difor ikkje intensjonen til naust i kommuneplanens arealdel og avvik også frå maritim og teknisk komite sine tidlegare føringar for naustbygging i Herøy kommune.

I endringssøknaden går det fram frå Bjørlykke at han klagar på administrasjonen si tilbakemelding om at skisserte tiltak ikkje kunne godkjennast. Tilbakemeldingane som administrasjonen gav i brevs form kan ikkje påklagast då det ikkje er eit enkeltvedtak og vert ikkje vidare kommentert.

Administrasjonen kan ikkje sjå at søknaden om endring, datert 19.06.2014, kan kunne godkjennast.

**Konklusjon:**

Rådmannen rår MTK til å avslå søknad om endring av tiltaket med visning til dei føringane som ligg føre.

<u>Konsekvensar for folkehelse:</u>

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Fosnavåg, 15.09.2014

| | |
|---|---|
| Erlend Krumsvik<br>Rådmann | Jarl Martin Møller<br>Avd.leiar |

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer

HERØY KOMMUNE

## UTVIKLINGSAVDELINGA

Per Morten Bjørlykke
Reitane
6094 LEINØY

# LØYVE TIL TILTAK UTAN ANSVAR

**etter plan- og bygningslova § 20-2**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | EFLÅ | Saksnr. | 2014/738 |
| Utvalssaksnr: | 187/14 | Arkiv: | 29/344 |
| | | Vedtaksdato: | 23.05.2014 |

ENKELTVEDTAK – med klagerett i samsvar med forvaltningslova kap. 6

## Per Morten Bjørlykke - 29/344 - Naust

*Med heimel i Herøy kommune sitt delegasjonsreglement – "Delegasjon til administrasjonen" § 3 pkt. 1, vedteke K-sak 91/02, og intern delegasjon frå rådmannen, vert det gjort slikt*

**Vedtak:**

**A.** Med heimel i plan- og bygningslova § 21-4, godkjenner uviklingsleiaren søknaden og gir løyve til tiltak utan ansvarsrett, etter pbl § 20-2 og SAK § 3-1, for mindre tiltak på bebygd eigedom gnr 29 bnr 344, slik det er søkt om og etter innsendte teikningar, situasjonsplan og søknad datert 21.05.2014.

**Det vert gitt løyve til oppføring av naust som omsøkt – storleik 7m x 9m med ei mønehøgd på 6,5 m på gnr 29, bnr 344 i Herøy kommune.**

**B.** Tiltakshavar har ansvar for at arbeidet vert utført i samsvar med dei krav som elles følgjer av reglane gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, SAK (byggesaksforskrift), TEK (teknisk forskrift), kommuneplan, reguleringsplan m.m.

1. Før tiltaket kan takast i bruk, **må** det søkast om ferdigattest / mellombels bruksløyve, jfr. pbl §§ 21-9 og 21-10. "Erklæring om ferdigstilling" (sjå vedlegg) må returnerast til kommunen før ferdigattest kan gjevast.
2. Alle vilkår i høve utsleppsløyve for denne eigedommen skal vere dokumentert stetta i søknad om ferdigattest / mellombels bruksløyve.

**<u>Dette løyvet og dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.</u>**

Jarl Martin Møller
Utviklingsleiar

Eivind Flåskjer
Sakshandsamar

***Dokumentet er elektronisk godkjent og er utan signaturer.***

**Stempla og godkjend dokumentasjon:**

- Søknad om løyve til tiltak med vedlegg datert 21.05.2014
- Fase- snitt og planteikningar M 1:100
- Situasjonskart

**Saksopplysningar:**

| | **Generelle opplysningar** |
|---|---|
| **Naboforhold:** | Ingen merknad |
| **Planstatus:** | Eigedomen er avsett til naust i gjeldande kommuneplan. |
| **Søknadsdato:** | 21.05.2014 |
| **Plassering:** | Som vist på situasjonskart. |
| **Høgde:** | Maks mønehøgd 6,5 m |
| **Areal:** | 57 m2 |
| **Anna:** | **Naustet skal kun nyttast til tradisjonelle naustføremål – ikkje til varig opphald.** Eigedomen 29/344 vart frådelt i 2011. Det vart gitt løyve til fylling i sjø med tanke på etablering av naust, jf Ds-sak 292/11. No ligg det føre søknad om naust og det vert godkjent i tråd med dei signal og vilkår som vart gjeve i Ds-sak 292/11. |

**Sakshandsamingsgebyr:**

| | | |
|---|---|---|
| Bustad/fritidsbygg | 973,- + 57x23 | kr. 2284,- |
| Sum gebyr | | kr. 2284,- |

Faktura for gebyret vert utsendt separat.

## Generelle opplysningar
## Bortfall av løyve, jf. plan- og bygningslova § 23-1

Er tiltaket ikkje sett i gong seinast 3 år etter at rammeløyve / igangsetjingsløyve / løyve til tiltak er gjeve, fell løyve bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år.
Føregåande avgjerd gjeld tilsvarande for dispensasjonar. Fristane kan ikkje forlengast.

Vert eit tiltak innstilt i lengre tid enn 3 månader, kan kommunen krevje at stillas og innhegning som støyter mot veg / gate som er open for offentlig trafikk skal fjernast, og at gate og fortau vert rydda og sett i stand.

Vert eit tiltak ståande utan framdrift i lengre tid enn 1 år, skal stillas fjernast og anlegget / tiltaket setjast i slik stand at det verkar minst mogleg til sjenanse for omgjevnadane.
Varer dette lenger enn 2 år, kan kommunen krevje at tiltaket skal fjernast og at tomta / anlegget vert rydda.
Ved reparasjon / ombygging, avgjer kommunen i kva for utstrekning byggverket skal førast tilbake til sin opphavlege stand.

Løyve til tiltak etter § 20-1 første ledd bokstav m fell bort dersom det ikkje er rekvirert oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan tre år etter at løyve vart gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering.

## Opplysningar om rett til å klage over forvaltningsvedtak

| | |
|---|---|
| **Klagerett** | De har rett til å klage over eit forvaltningsvedtak. |
| **Kven kan De klage til.** | Klagen skal stilast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, men sendast til det kommunale organet som har gjort vedtaket. Dersom dette organet ikkje endrar vedtaket som følgje av klagen, vil den bli oversendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd |
| **Fristen til å klage** | Klagefristen er **<u>3 veker</u>** frå den dagen melding om vedtaket kom fram til Dykk. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklårt for oss om De har klaga i rett tid, ber vi Dykk opplyse når De mottok denne meldinga. Dersom klaga blir send for seint, er det høve til å sjå bort frå ho. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen er ute. Om De har særleg grunn til det, kan De likevel søkje om å få forlenga klage-fristen. Årsaka til behovet for forlenga klagefrist bør då oppgjevast. |
| **Rett til å krevje grunngjeving** | Dersom De ikkje alt har fått grunngjeving for vedtaket, kan De setje fram krav om å få det. Eit slikt krav må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist blir rekna frå det tidspunktet De får grunngjevinga. |
| **Innhaldet i klaga** | I klagen skal De skrive kva for eit vedtak De klagar på, og nemne den eller dei endringane som De ønskjer. De bør også grunngi kvifor De klagar, og ta med eventuelle andre opplysningar som kan telje med når ein skal vurdere klagen. Klagen må underskrivast |
| **Utsetjing av vedtak** | Sjølv om De har klagerett, kan tiltaket dette vedtaket gjeld vanlegvis setjast i verk straks. De kan søkje om oppsetjande verknad. Kommunen vil då vurdere om igangsetjing av tiltaket bør utsetjast. |
| **Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing** | Med visse avgrensingar har De rett til å sjå saksdokumenta. De må i så fall vende Dykk til det kommunale organet som har sendt denne meldinga. De kan også få nærare rettleiing om klageretten, om korleis De skal gå fram når De klagar, og om reglane for saksbehandlinga elles. |
| **Kostnader ved evt. klagesak** | De kan søkje om å få dekt utgiftene til advokathjelp de treng, etter reglane om fritt rettsråd. Det gjeld likevel normalt visse inntekts- og formuegrenser. Fylkesmannskontoret eller vedkommande advokat kan gi nærmare rettleiing. Det er også høve til å krevje dekning for større kostnader i samband med klagesaka, t.d. til advokathjelp. Vert vedtaket endra til fordel for ein part, kan ein også søkje om å få dekka vesentlege kostnader i samband med saka. |
| **Klage til Sivilombodsmannen** | Det er også mogeleg å be Stortingets ombodsmann for forvaltningssaker / Sivilombodsmannen om å sjå på sakshandsaming / eventuelt avgjerd hos fylkesmannen. |

HERØY KOMMUNE

# Utviklingsavdelinga

# Erklæring om ferdigstilling av tiltak utan ansvarsrett, jfr. plan- og bygningslova § 20-2

## Søknad om ferdigattest

### Denne erklæring må sendast inn før tiltaket kan takast i bruk

Søknadspliktige tiltak skal avsluttes med ferdigattest, som utstedes av kommunen når det foreligger nødvendig sluttdokumentasjon og erklæring om ferdigstillelse fra tiltakshaver eller ansvarlig søker, jf Plan- og bygningsloven § 21-10.

**Gnr......** **bnr.......** **Delegert vedtak nr...............**

**Tiltakshavar:** **Telefon:**
**Adresse:**
**Postnr:** **Stad:**

**Tiltak**:

| | | | |
|---|---|---|---|
| ☐ Driftsbygning | ☐ Mur | ☐ Nybygg | ☐ Tilbygg |
| ☐ Levegg | ☐ Bruksendring | ☐ Terrasse | ☐ Bod |
| ☐ Naust | ☐ Riving | ☐ Uthus | ☐ Anna |

### Kort skildring av kva som er utført:

**(Foto kan nyttast som tilleggsdokumentasjon til denne søknaden)**

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og reglane gitt i eller i medhald av denne lov, jf. Plan- og bygningsloven § 24-10

☐ **Eg stadfestar at det omsøkte tiltaket er utført i tråd med delegert vedtak nr.........., og at tiltaket er i samsvar med SAK (byggesaksforskrift) og TEK (Teknisk forskrift) gitt i eller i medhald av plan- og bygningsloven.**

**Tiltakshavar søkjer Herøy kommune om utsteding av ferdigattest, jf SAK § 8-1**

.......................................................................................
.

**Stad / Dato** **Underskrift**

**Søknad sendast til:**

**Herøy kommune, utviklingsavdelinga, Pb 274, 6099 Fosnavåg**

ei båtlengd føre

Postadr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Gateadr.: Rådhusgata 5 6090 Fosnavåg Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no


29/63
29/9
NAUST
10 m
Kartopplysninger som kreves
hos kommunen.
Ellers står ikke kommunen ansvarlig.

# Sjøbud, P.M. Bjørlykke



FASADE SØR



FASADE AUST

## Målestokk 1:100

BYGG & SYSTEM AS
HUSLEVERANDØR - SYSTEMINNREDNING

Konstruert av Anders Leine
Rev. Tegning nr 2
Arkstørrelse: A4



FASADE NORD



FASADE VEST

# Sjøbud, P.M. Bjørlykke


FASADE SØR


FASADE AUST

## Målestokk 1:100

BYGG & SYSTEM AS
HUSLEVERANDØR - SYSTEMINNREDNING

Konstruert av Anders Leine
Rev. Tegning nr 2
Arkstørrelse: A4


FASADE NORD


FASADE VEST

**Naust (jf. Pbl § 11-9 nr. 5)**

Naust kan oppførast med bruksareal (BRA) inntil 60 m², jf. NS 3940. Eventuelt loftsrom skal ikkje ha måleverdig areal.

Når naustgrupper får større samla areal enn 480 m², skal det vere 8 m avstand til neste naustgruppe. Alternativ til 8 m avstand er brannskiljekonstruksjon som held klasse EI 60. Dobbeltnaust med storleik over 60 m² må ha brannskiljekonstruksjon som held klasse EI 60 mot andre naust.

Mønehøgde rekna frå topp golv nærast sjøen skal ikkje vere større enn 6,5 m eller kan tilsvare breidda på naustet.

Naust skal ha saltak med takvinkel i intervallet 30 – 40 grader.

Vindauge må vere av avgrensa storleik og samsvare med behovet knytt til naustfunksjonen. Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av hovudplanet sitt bruksareal (BRA).

Innsendt: 06.05.2014 14:48:01
Ref.nr: XZAXQP

Herøy kommune
Rådhusgata 5
Postboks 274
6099 Fosnavåg
Telefon: 70 08 13 00
Telefaks: 70 08 13 01
E-post: postmottak@heroy.kommune.no
Hjemmeside: http://www.heroy.kommune.no

# Tillatelse - søknad om endring av gitt tillatelse eller godkjenning

## Eiendom/byggested

| Kommune | | | | Saksnr. | |
|---|---|---|---|---|---|
| Herøy | | | | | |
| Gnr. | Bnr. | Festenr. | Seksjonsnr. | Bygningsnr. | Bolignr. |
| 29 | 344 | | | | |
| Adresse | | | Postnr. | Poststed | |
| Flusundveien | | | 6091 | Fosnavåg | |

Utgitt etter avtale med Direktoratet for byggkvalitet 01.08.2012

## Beskrivelse av endring(er)

Endringer:

☐ Endringer av ansvarsretter (ny ansvarsrett, skifte av ansvarsrett, avsluttet ansvarsrett)

☐ Endring av ansvarlig søker eller tiltakshaver

☒ Endring av tiltak (dispensasjoner, areal, plassering, formål, bruk, pbl §§ 20-1, 20-2)

Beskriv endringene

Endra teikninga til sjbud;

- Utvendig trapp med dør mot vest
- Opplett tak mot syd
- veranda m dør over naustdør mot sjø/øst
- Flytting dør fra syd mot øst samt flytting av naustdør mot nord 1 m for tilpassing stø

## Annet

Berører endringen av tiltaket eksisterende eller fremdtidige arbeidsplasser slik at det må innhentes nytt samtykke fra Arbeidstilsynet?

☐ Ja

☒ Nei

Har tiltaket ansvarlig søker?

☐ Ja

☒ Nei

## Vedlegg

Relevante vedlegg merkes med gruppe og vedleggnr.
Gruppe A: 705175 Opplysninger om tiltakets ytre rammer og bygningsspesifikasjoner
Gruppe B: Dispensasjonssøknad (begrunnelse, vedtak, jf. pbl kap. 19)
Gruppe C: Nabovarsling (gjenpart, nabomerknader og kommentarer til disse)
Gruppe D: Situasjons-/ avkjøringsplan
Gruppe E: Tegninger
Gruppe F: Redegjørelser, kart
Gruppe G: Søknad om ansvarsrett, gjennomføringsplan
Gruppe H: Boligspesifikasjon i Matrikkelen
Gruppe I: Uttalelse/vedtak fra annen offentlig myndighet
Gruppe J: Rekvisisjon av oppmålingsforretning
Gruppe Q: Andre vedlegg

| Gr. | Nr. | Vedlegg | Last opp vedlegg | Ev. per post |
|---|---|---|---|---|
| c | | Enkel nabovarsel | Nabovarsel endring mai 2014.PDF | ☐ Ja |
| Gr. | Nr. | Vedlegg | Last opp vedlegg | Ev. per post |
| e | | Reviderte teikningar | Reviderte teikningar sjøbud 052014.PDF | ☐ Ja |
| Gr. | Nr. | Vedlegg | Last opp vedlegg | Ev. per post |
| | | | | ☐ Ja |
| Gr. | Nr. | Vedlegg | Last opp vedlegg | Ev. per post |
| | | | | ☐ Ja |

## Tiltakshaver for tiltak uten ansvarlig søker, etter pbl § 20-2

Tiltakshaver er

☒ Enkeltperson

☐ Foretak/lag/sameie

| Etternavn | Fornavn |
|---|---|
| Bjørlykke | Per-Morten |

| Telefon | E-postadresse |
|---|---|
| 90643972 | per-morten@bjorlykke.net |

# Sjøbud, P.M. Bjørlykke



FASADE SØR



FASADE AUST

Målestokk 1:100

BYGG & SYSTEM AS
HUSLEVERANDØR - SYSTEMINNREIING

Konstruert av Anders Leine
Rev. Tegning nr 1
Arkstørrelse: A4



FASADE NORD



FASADE VEST







Hovedplan
BRA: ~~57~~m2
63




Loft
BRA: 37m2

Målestokk 1:100

BYGG & SYSTEM AS
HUSLEVERANDØR - SYSTEMINNREIING

Konstruert av Anders Leine
Rev. Tegning nr 1
Arkstørrelse: A4

Sjøbud, P.M. Bjørlykke

HERØY KOMMUNE

**Utviklingsavdelinga**

Per Morten Bjørlykke

Bergsdal
6091 FOSNAVÅG

| Saksnr | Arkiv | Dykkar ref | Avd /sakshandsamar | Dato |
|---|---|---|---|---|
| 2014/738 | 29/344 | | UTV / EFLÅ | 12.05.2014 |

## PER MORTEN BJØRLYKKE - 29/344 - AVSLAG PÅ SØKNAD

Viser til innregistrert søknad datert 06.05.2014 vedr. Oppføring av sjøbud.

**Søknaden vert avvist og det må sendast inn nye teikningar.**

Det er på omsøkt eigedom gitt løyve til fylling i sjø med tanke på oppføring av framtidig **naust** på 70m2, jf ds-sak 292/11, datert 26.09.2011. I løyve til fylling i sjø vart det framsett vilkår om at komplette teikningar av naust måtte innsendast før byggearbeida kunne ta til.

Området er avsett til naust i kommuneplanens arealdel. Det som no vert presentert er ikkje eit naust, men eit bygg som går i retning av fritid/rorbu. Dette betyr at om ein held fast på omsøkte teikningar må ein gjennom ein dispensasjonsrunde med høyring til regionale instansar. Dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanens arealdel. Gebyr for slik dispensasjonsbehandling er sett til kr 5464,-

Utviklingsleiaren vil allereie no signalisere at naust skal oppførast:

- utan altan og takopplett,
- ikkje utvendig trapp
- maks mønehøgd 6,5m (front)
- det skal ikkje vere målbart areal på loft og bygget skal ikkje nyttast til varig opphald.

Utviklingsleiaren er av den oppfatning at omsøkt bygg si utforming ikkje er i samsvarar med naust sitt føremål med tanke på utsjånad og kvalitetar samt funksjon. Naust skal vere i samsvar med naustfunksjonen både utvendig og innvendig. Bygget framstår som rorbu og følg difor ikkje intensjonen til naust i kommuneplanens arealdel og avvik også frå maritim og tekninsk komite sine tidlegare føringar for naustbygging i Herøy kommune.

Området er i kommuneplanen avsett til naust/sjøbud.
MTK har utarbeidd føringar for naust til den nye kommuneplanen sin arealdel. MTK har signalisert at desse føringane skal leggast til grunn i handsaminga av byggesaker.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Jarl Martin Møller<br>Avdelingsleiar | Eivind Flåskjer<br>Sakshandsamar |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og er utan signaturer.*

Per-Morten Bjørlykke
Flusundvegen 11
6091 FOSNAVÅG

(E) 14/738

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
2014/738 Saksbeh. EFM
20 JUNI 2014
Ark kode P 29/344
Ark kode S
J nr. Dok nr 8
Kassasjon

Herøy Kommune
C/o Maritim og teknisk komité
Rådhuset
6090 Fosnavåg

Fosnavåg 19.06.2014,

## Søknad om endring av tidligare godkjente teikninga/ løysing av naust- sjøbu

Viser til fyljande saker; Sak 292/11, 257/11, 2011/787 samt
Lik søknad med denne sak nr 2014/738 og utvalsak nr 187/14

Paula og Per-Morten Bjørlykke søkte i 2011 om frådeling av tomt samt utfylling i sjø utlegging av flytebrygge og bygging av naust. Løyve til dette ble gitt 26.09.2011 sak 292/11. Vi søkte 06.05.2014, om å gjere endringar på tidligare innsendte teikningar og var svært overraska over avslaget og ikkje minst ordlyden i avslaget samt varsel om førelegg.

Vi tillet oss å søke om disse endringane på nytt i vedlagte teikningar merka rev. Teikning nr 1, der vi søker om ***oppløft tak mot sør, inngang direkte frå terreng bak og veranda mot øst,*** da dette letter bruken av loftet samt endra glasing og innvendig takhøgder. Dette utan å endre ytre rammer og mønehøgd.
Begrunnelsen for disse endringa er at vi vil bruke naustloftet til sosiale aktivitetar og då er det viktig med lys og god takhøgd, endra glasing og oppløft tak gir både lys og meir romfølelse, likeså gir veranda og inngang i motsatt ende lettare tilkomst til loftet når ein skal ha inn reiskap m.m. Og større bruksglede i sosiale lag. Loftet skal og brukast til lagring av småbåtar og anna utstyr som ei aktiv familie har i disse dagar. Barne barn har egne gummibåt, kano, seglbrett osv I tillegg skal det lagrast krabbeteiner og anna fiske reiskap.

Vi har teke runda rundt og tatt bilder av liknande bygg i en liten del av kommunen/ nærområde for å vise at det vi søker om er gitt "løyve" til på de aller fleste naust/sjøbuder. Her er det alt frå fulle bofasiliteter til takterraser samt arker eller oppløft tak og masser av glass.
Vi vil presisere at naustet/sjøbu for oss ikkje skal brukast til permanent opphald.

Mobil +47 90643972 E Post per-morten@bjorlykke.net www.bjørlykke.no

Per-Morten Bjørlykke
Flusundvegen 11
6091 FOSNAVÅG

Vi undra oss derfor over at vi får et så krast brev frå sakshandsamar i kommunen og avslag på vår søknad, når det vi søker om er meir vanleg eller et unntak!
Vi håper derfor at komiteen vil likebehandle oss med det som er vanlig i kommunen!

Med vennlig hilsen

Per-Morten Bjørlykke

Vedlegg; Teikningar og bilder

Mobil +47 90643972 E Post per-morten@bjorlykke.net www.bjørlykke.no

# Sjøbud, P.M. Bjørlykke



FASADE SØR



FASADE AUST



FASADE NORD



FASADE VEST

Målestokk 1:100

BYGG & SYSTEM AS
HUSLEVERANDØR - SYSTEMINNREIING

Konstruert av Anders Leine
Rev. Tegning nr 1
Arkstørrelse: A4







Hovedplan
BRA: 57m2




Loft
BRA: 37m2

## Målestokk 1:100

BYGG & SYSTEM AS
HUSLEVERANDØR - SYSTEMINNREIING

Konstruert av Anders Leine
Rev. Tegning nr 1
Arkstørrelse: A4

# Sjøbud, P.M. Bjørlykke

En del bilder som ilustrere at det er helt vanlig med oppløft og veranda på alle naust og sjøbuder i Herøy dette er bare et lite utvalg i nærområde!



Leine  Frå Øst



Leine frå Vest



Leine fult innreia med alle fasilitetar tak oppløft rom oppe og nede!



Leine takterrasse og oppløft



Nærøy kva er definisjonen på dette Naust/Sjøbud/ Bustad hus eller rorbud?



Remøy hamn Oppløft altan innreia på alle enkelige måter!



Remøy hamn med oppløft inn mot anna tak alle naust/sjøhus har dette!

HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | JRG | Arkivsaknr: | 2014/432 |
| | | Arkiv: | P42 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 111/14 | Maritim og teknisk komite | 28.10.2014 |
| | Kommunestyret | 30.10.2014 |

**UTKAST TIL FORSKRIFT OM FARTSAVGRENSING I FOSNAVÅG FISKERIHAMN OG SJØOMRÅDET/FARLEIA GJENNOM STRAUMANE I HERØY KOMMUNE.**

**Tilråding frå rådmannen:**

Utkast til forskrift om fartsavgrensing vert godkjent med slik endring:
Fartsavgrensinga i sjøområdet/farleia gjennom Straumane vert endra frå
5 knop til 7 knop.

Særutskrift: Anlegg og driftsavdelinga v/Jon Rune Våge

**Vedlegg:**
1. Kopi av saksprotokoll MTK-sak 61/14
2. Framlegg til forskrift om fartsavgrensing i sjøen i Herøy kommune, Møre og Romsdal, sjøkart nr:30
3. Fartsavgrensingsområde 1, Fosnavåg fiskerihamn
4. Fartsavgrensingsområde 2, Straumane
5. Merknad til fartsavgrensing frå Gunn Urke
   « « « Asbjørn Pettersen
   « « « Stig Skarstein

**Bakgrunn for saka:**
Farleia gjennom Straumane har mykje trafikk av småbåtar, særleg i sommarhalvåret. Ein har i lengre tid vore uroa over at mange båtførarar nyttar særs høg fart når dei ferdast i området. Området har mange brukargrupper og ein ottast for at om ein ikkje får redusert fartsnivået, så vil det i værste fall vere eit tidsspørsmål før ein her vil kunne få ei alvorleg ulukke.
Det same er tilfelle for Fosnavåg fiskerihamn der spesielt fritidsbåtar nyttar stor fart gjennom den trange innseglinga til hamna.
Tidlegare maritimt utval og noverande maritim og teknisk komite har peika på behovet for å få oppsett skilt som viser maks. lovleg fart for båtferdselen i desse områda. Framlegg til lokal forskrift om fartsavgrensing har vore ute til høyring. Saka gjeld vidare handsaming for godkjenning av forskrifta.

**Saksopplysningar:**
Vedtak om fartsavgrensing kan berre skje med heimel i ei lokal forskrift. Lokale forskrifter om fartsavgrensingar i sjø vert gitt med heimel i forskrift av 15.desember 2009 nr. 1546 om fartsbegrensinger i sjø, elv og innsjø (fartsforskriften). I kommunen sitt sjøområde og kommunen sine innsjøar og elvar er det kommunestyret som har kompetanse til å fastsette forskrifter og gjere einskildvedtak om fartsavgrensingar. Dette gjeld i denne samanheng også for hovedlei og bilei innanor kommunen sitt sjøområde. For at den lokale forskrifta skal vere gyldig, må den vere godkjent av kystverket sitt hovedkontor.

Framlegg til forskrift har i henhald til forvaltingslova § 37 vore utlagt til høyring. I samband med høyringa kom det inn 3 merknader til den planlagde fartsavgrensinga.

- **Gunn Urke** ser nødvendigheita av den planlagde fartsavgrensinga, men peikar på at den også må følgjast opp og handhevast.
- **Asbjørn Pettersen** meiner at maks. 5 knop gjennom Straumane bør hevast til 7 knop.
- **Stig Skarstein** meiner ei fartsavgrensing med 5 knop gjennom Straumane er ein altfor stor restriksjon på ferdselen i dette området og ber om at planen om fartsavgrensing vert droppa. Det vert peika på at kommunen i staden for innføring av restriksjonar heller burde medverke til informasjon om bruk av redningsvest og vere pådrivar til generell aktsomheit.

**Vidare sakshandsaming:**
Etter at høyringa no er avslutta, skal framlegget til forskrift til kommunestyret for godkjenning. Forskrift med godkjenning frå kommunestyret vedlagt dokumentasjon av korleis høyringa er gjennomført, skal sendast Kystverket sitt hovedkontor for

godkjenning. Sjøkart der farvatnet som skal regulerast er innteikna, skal følgje som vedlegg. I følgje fartsforskrifta skal lokale fartsavgrensingar kunngjerast i «Etterretninger for sjøfarende» og i Norsk Lovtidend. Desse kunngjeringane er det Kystverket som tek seg av.

Plassering og oppsetting av skilt vert etter søknad godkjent av Kystverket. Ansvaret for sjølve oppsettinga og det framtidige vedlikehaldet er det kommunen som må stå for.

**Vurdering og konklusjon:**
Fartsavgrensing med 5 knop er av Kystverket tilrådd i typiske innaskjersmiljø som er attraktive for rekreasjon, opphald, naturopplevingar, fortøyning og ankring. Inkluderer også badeplassar, akvakulturanlegg, marinaer, bryggeanlegg samt farvatn med sårbart miljø og dyreliv. Ein vurderer at både Fosnavåg fiskerihamn og farleia og området gjennom Straumane kjem under dei kategoriområda som her er skisserte frå Kystverket.
Når det gjeld sjøområdet/farleia gjennom Straumane så er det tidvis ein del straum i området. Utfrå mottekne innspel til saka og etter nærmare vurdering finn ein at det for dette området vil vere rettare å sette fartsavgrensinga til 7 knop i staden for 5. Ein vurderer at ein ved ei avgrensing på 5 knop vil kunne oppleve at styrefarten blir for liten, noko som reduserer manøvreringsevne og sikkerheit.

Handheving av fartsavgrensinga er det politiet som har mynde til. Brot på forskrifta vert straffa med bøter. Lovheimelen er lov av 17.april 2009 nr.19 om havner og farvann § 62 dersom brotet ikkje vert ramma av strengare straffebestemmelse.

Ein vil utfrå ovannemnde og etter samla vurdering gje slik tilråding til vedtak:

Utkast til forskrift om fartsavgrensing vert godkjent med slik endring:
Fartsavgrensinga i sjøområdet/farleia gjennom Straumane vert endra frå 5 knop til 7 knop.

Fosnavåg, 16.10.2014

| | |
|---|---|
| Erlend Krumsvik | Jon Rune Våge |
| Rådmann | Avd.leiar |

Sakshandsamar: Jan Reidar Gjerde

Delegerte saker frå avdelingane

DS 345/14 Kjell Notøy 33/19 - Løyve til oppføring av murkant 16.09.2014 00:00:00 Kjell Notøy

DS 346/14 Per Arne Måløy 46/71 - Løyve til utviding av terrasse og oppføring av levegg 22.09.2014 00:00:00 Per Arne Måløy

DS 347/14 Arnfinn Sporstøl 79/83 - Løyve til etablering av landfeste og utlegging av flytebrygge 23.09.2014 00:00:00 Arnfinn Sporstøl

DS 348/14 Bygg og System AS 23/47 - Løyve til oppføring av lagerhall 24.09.2014 00:00:00 Bygg & System AS

DS 349/14 Øyvind Alexander Bostad 30/130 - Løyve til oppføring av sommerstue og levegg på veranda 24.09.2014 00:00:00 Øyvind Bostad

DS 350/14 Gnr 60 Bnr 58, 103 - Grensejustering mellom eigedomane 25.09.2014 00:00:00 Alf G Moltubakk

DS 351/14 Gnr 9 Bnr 13 - Frådeling av bustadtomt 25.09.2014 00:00:00 Inge Runde

DS 352/14 Gnr 9 Bnr 6 Frådeling av bustadtomt 25.09.2014 00:00:00 Gunnar Gundersen

DS 353/14 Gnr 9 Bnr 7 Frådeling av bustadtomt 25.09.2014 00:00:00 Hans-Jakob Runde

DS 354/14 Gnr 25 Bnr 3 Frådeling av næringsareal 25.09.2014 00:00:00 Einar Bent Jensen

DS 355/14 Frode Leine 32/13 - Igangsetjingsløyve for deler av tiltak 25.09.2014 00:00:00 Sporstøl Arkitekter AS

DS 356/14 Mellombels bruksløyve - 82/5 22.09.2014 00:00:00 Are Pilskog

DS 357/14 Per - Hallstein Dahle - 19/2 - igangsettingsløyve 17.09.2014 00:00:00 Bygg og System as

DS 358/14 Ferdigattest seksjon 6 og 7 på 5/65 26.09.2014 00:00:00 Oluf Teige

DS 359/14 Ferdigattest altan - 29/37 22.09.2014 00:00:00 Annette Paulsen

DS 360/14 Norgesgruppen Servicehandel as Mix - 34/124 - Reklameskilt 17.09.2014 00:00:00 Brand Factory Norge as avd Øsfold

DS 361/14 Runar Larsen 37/3 - Løyve til tiltak 26.09.2014 00:00:00 Runar og Urzula Larsen m.fl.

DS 362/14 Svein Ove Kleppe 86/41 - Løyve til oppføring av frittliggande garasje 23.09.2014 00:00:00 Svein Ove Kleppe

DS 363/14 Leon Nerland 7/50 - Løyve til oppføring av frittliggande garasje 26.09.2014 00:00:00 Leon Nerland

DS 364/14 Gnr 8 Bnr 6 Anita Johanne Kvalsund -Frådeling av naustparsell 01.10.2014 00:00:00 Anita Johanne Kvalsund

DS 365/14 Gnr 11 Bnr 21 - Frådeling av to naustparsellar. 01.10.2014 00:00:00 Margit Vik og Kjell Sævik

DS 366/14 Gullik Kjellstadli og Ingrid Sylvia Renberg 29/74 - Endring av løyve 03.10.2014 00:00:00 IEC-HUS NORGE AS

DS 367/14 Erling Magne Hestholm - 44/108 - Garasjebygg 15.10.2014 00:00:00 Erling Magne Hestholm

DS 368/14 Tømrer Prosjekt AS 29/346 - Mellombels bruksløyve for seksjon 1 og garasje 08.10.2014 00:00:00 Tømrer Service AS

DS 369/14 Ove Geir Myklebust 19/105 - Løyve til oppføring av frittliggande garasje og etablering av ny avkøyrsle 08.10.2014 00:00:00 Ove Geir Myklebust

DS 370/14 Mørebygg AS 26/200 - Løyve til oppføring av tomannsbustad og garasje 09.10.2014 00:00:00 MØREBYGG AS

DS 371/14 Tømrer Prosjekt as - 34/504 - fasadeendring av tidleger godkjent bygg 10.10.2014 00:00:00 Tømrer Prosjekt as

DS 372/14 ferdigattest 86/4 10.10.2014 00:00:00 Reidar Jøsok

DS 373/14 Ferdigattest 4/238 10.10.2014 00:00:00 Ignas Katilevicius

DS 374/14 Dina Mari H. Remøy - 4/148 - Veranda 10.10.2014 00:00:00 Dina Mari H. Remøy

DS 375/14 Marita og Aleksansder Zahl Tarberg - 12/94 - tilbygg/altan 10.10.2014 00:00:00 Marita Zahl Tarberg

DS 376/14 Svein Leon Nerland - 6/28 -Altan 01.09.2014 00:00:00 Svein Leon Nerland

DS 377/14 Gnr 12 Bnr 38 Frådeling av bebygd nausttomt 15.10.2014 00:00:00 Gerd Karin Remøy Holen

DS 378/14 Ignas Katilevicius 4/238 - Løyve til oppføring av hagestue 16.10.2014 00:00:00 Ignas Katilevicius

DS 379/14 ferdigattest 2 stk naust - 62/48 13.10.2014 00:00:00 Kvadratbygg as

DS 380/14 Børre Oddmund Waagan - 79/129 - Tilbygg til bustadhus 17.10.2014 00:00:00 Magne Bergseth Sivilarkitekt MNAL

DS 381/14 Ferdigattest - aktivitetspark -58/32 17.10.2014 00:00:00 Kvadratbygg as

DS 382/14 Cecilie Smådal og Kim Rory Woods - 26/222 - Endring ansvarsrett og garasjebygg 20.10.2014 00:00:00 Kvadratbygg as

DS 383/14 Mix Video Vest avd. Eggesbønes 37/217 - Løyve til utskifting av skilt 15.09.2014 00:00:00 Brand Factory Norge AS avd. Østfold

DS 384/14 Fosnavåg Vekst AS 34/5 - Løyve til endring for deler av tidlegare godkjent tiltak - Hotell, konsertsal, kino og simulatorsenter i Fosnavåg

17.09.2014 00:00:00 SE-Arkitektur AS

DS 385/14 Svanhild og Arvid Kvalsund 26/230 - Løyve til oppføring av einebustad og frittliggande garasje 23.09.2014 00:00:00 Sunnmørshus AS m.fl.

DS 386/14 Fosnavåg Parkering 34/360 - Mellombels bruksløyve for parkeringshus i Gerhard Voldnes veg 25.09.2014 00:00:00 Prosjektbygg AS

DS 387/14 Alf-Sigmund Hjelmeseth 29/32 - Løyve til riving av brannskada einebustad 23.09.2014 00:00:00 AF Decom AS

DS 388/14 Tømrer Service AS 45/164 - Løyve til oppføring av 2-mannsbustad med garasje, avkøyrsle, terrengtilpassing, planering av hage og opparbeiding av parkeringsplass 23.09.2014 00:00:00 Tømrer Service AS

DS 389/14 Fosnavåg Vekst AS 34/5 - Mellombels bruksløyve hotell, konsertsal, kino og simulatorsenter 26.09.2014 00:00:00 SE-Arkitektur AS

DS 390/14 Øyvind Kleven 29/177 - Ferdigattest 24.09.2014 00:00:00 Øyvind Kleven m.fl.

DS 391/14 Astrid Westbø 34/27 - Løyve til etablering av ny avkøyrsle 23.09.2014 00:00:00 Astrid Westbø

DS 392/14 Gnr 37 Bnr 374 Frådeling av tilleggsareal til gnr 37 bnr 258 25.09.2014 00:00:00 Gerh. Voldnes AS

DS 393/14 Frode Leine 32/13 - Rammeløyve til oppføring av sjøhus på Leine fiskerihavn 25.09.2014 00:00:00 Sporstøl Arkitekter AS

DS 394/14 Ferdigattest - 44/19 22.09.2014 00:00:00 Aurvoll og Furesund as

DS 395/14 Torgeir Hide 60/32 - Klagen vert ikkje gjeve oppsetjande verknad 26.09.2014 00:00:00 Advokat Tynes

DS 396/14 Hildebritt Kviebakk og Einar Gjeldsvik - 19/17 - Riving og oppføring av ny einebustad 26.09.2014 00:00:00 Nystøl og Fagerhol as

DS 397/14 Runar Kenneth Teige  7/54 - Løyve til oppføring av tilbygg

26.09.2014 00:00:00 Runar Kenneth Teige

DS 398/14 Stemmedalen Vasslag SA - 48/16 - Vassledningsanlegg 17.10.2014

00:00:00 Asplan Viak as

Referatsaker

Referatsaker

HERØY KOMMUNE
Utviklingsavdelinga

Grunneigarar, naboar, lag,
organisasjonar og
offentlege uttaleinstansar

| Saksnr | Arkiv | Dykkar ref | Avd /sakshandsamar | Dato |
|---|---|---|---|---|
| 2013/1418 | L12 | | UTV / AZT | 17.09.2014 |

**REGULERINGSPLAN FOR MYRABAKKEN BUSTADFELT - OFFENTLEG ETTERSYN**

Formannskapet vedtok i møte 16.09.2014, F-sak 145/14, at forslag til reguleringsplan for Myrabakken på Moltustranda skal sendast på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn i 6 veker.

Planforslaget legg til rette for nye kommunale bustadtomter, områder for fleirmannsbustader, leikeplassar, grøne korridorar, leikeplassar og ny offentleg infrastruktur m.m innanfor plangrensa.

Forslag til reguleringsplan blir fremja som detaljreguleringsplan etter plan- og bygningslova paragraf 12-3, og består av plankart, føresegner og planomtale med vedlegg.

Plandokumenta er også tilgjengeleg i papirformat i Servicetorget 1.etg på Herøy rådhus i Fosnavåg og på Coop Marknad Moltu. Du kan også lese og laste ned dokumenta elektronisk på kommunen sine nettsider: www.heroy.kommune.no

Dei som har innspel til planforslaget, vert bede om å sende desse skriftleg til:

**Herøy kommune v/ Utviklingsavdelinga**
**Postboks 284**
**6099 Fosnavåg**

Innspel kan også sendast elektronisk til e-post:
postmottak@heroy.kommune.no

Alle innspel må vere merka med ***"Reguleringsplan Myrabakken".***

Frist for å kome med innspel til planarbeidet blir sett til: **17.11.2014.**

Innspela som blir motteke innan fristen vert vurdert i samband med politisk sluttbehandling av plan.

Eventuelle spørsmål kan rettast til underteikna.

Med helsing


Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar
Tlf: 700 81 369
jarl@heroy.kommune.no

Aleksander Zahl Tarberg
Planleggar
Tlf: 700 81 368
aleksander.zahl.tarberg@heroy.kommune.no

HERØY KOMMUNE
Utviklingsavdelinga

Grunneigarar, naboar, lag,
organisasjonar og offentlege
uttaleinstansar

| Saksnr | Arkiv | Dykkar ref | Avd /sakshandsamar | Dato |
|---|---|---|---|---|
| 2013/552 | L12 | | UTV / AZT | 17.09.2014 |

**REGULERINGSPLAN FOR NY GANG- OG SYKKELVEG PÅ MOLTUSTRANDA - OFFENTLEG ETTERSYN**

Formannskapet vedtok i møte 16.09.2014, F-sak 144/14, at forslag til reguleringsplan for ny gang- og sykkelveg langs deler av fylkesvegen gjennom Moltustranda, skal sendast på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn i 6 veker.

Planforslaget legg til rette for nytt fortau og utviding av køyrebana for fylkesveg 10. Det er i planen også vist forslag til ny og framtidig veglinje for Nygjerdevegen m.m innanfor plangrensa.

Forslag til reguleringsplan blir fremja som detaljreguleringsplan etter plan- og bygningslova paragraf 12-3, og består av plankart, føresegner og planomtale med vedlegg.

Plandokumenta er også tilgjengeleg i papirformat i Servicetorget 1.etg på Herøy rådhus i Fosnavåg og på Coop Marknad Moltu. Du kan også lese og laste ned dokumenta elektronisk på kommunen sine nettsider: www.heroy.kommune.no

Dei som har innspel til planforslaget, vert bede om å sende desse skriftleg til:

**Herøy kommune v/ Utviklingsavdelinga**
**Postboks 284**
**6099 Fosnavåg**

Innspel kan også sendast elektronisk til e-post:
postmottak@heroy.kommune.no

Alle innspel må vere merka med ***"Reguleringsplan gangveg Moltu".***

Frist for å kome med innspel til planarbeidet blir sett til: **17.11.2014.**

Innspela som blir motteke innan fristen vert vurdert i samband med politisk sluttbehandling av plan.

Eventuelle spørsmål kan rettast til underteikna.

Med helsing


Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar
Tlf: 700 81 369
jarl@heroy.kommune.no

Aleksander Zahl Tarberg
Sakshandsamar
Tlf: 700 81 368
aleksander.zahl.tarberg@heroy.kommune.no

HERØY KOMMUNE
Utviklingsavdelinga

Grunneigarar, naboar, lag,
organisasjonar og offentlege
uttaleinstansar

| Saksnr | Arkiv | Dykkar ref | Avd /sakshandsamar | Dato |
|---|---|---|---|---|
| 2014/1043 | L12 | | UTV / AZT | 15.10.2014 |

**REGULERINGSENDRING TROLLDALEN GNR 55 BNR 5 M.FL - OFFENTLEG ETTERSYN**

Formannskapet vedtok i møte 14.10.2014, F-sak 161/14, at forslag til detaljreguleringsplan for Trolldalen (gnr 55 bnr 5 m.fl) skal sendast på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn i 6 veker.

Planforslaget legg opp til ei endring av ei tomt regulert til forretning i opphavleg plan for Trolldalen. Forslag til ny arealbruk for tomta er bustad – konsentrert bebyggelse. Herøy kommune ynskje å legge til rette for meir konsentrert bustadbebyggelse i dette området.

Forslag til reguleringsplan blir fremja som ein detaljreguleringsplan etter plan- og bygningslova §§ 12-3, og består av plankart, føresegner og planomtale med vedlegg. Grunneigarar, naboar, offentlege myndigheiter og lag og organisasjonar blir varsla i eige skriv.

Plandokumenta er tilgjengelege elektronisk på www.heroy.kommune.no, og i papirformat i servicetorget 1.etg på Herøy rådhus i Fosnavåg.

Dei som har innspel til planforslaget, vert bede om å sende desse skriftleg til:

**Herøy kommune v/ Utviklingsavdelinga**
**Postboks 274**
**6099 Fosnavåg**

Innspel kan også sendast elektronisk til e-post:
postmottak@heroy.kommune.no

Alle innspel må vere merka med ***"Reguleringsendring Trolldalen".***

Frist for å kome med innspel til planarbeidet blir sett til: **08.12.2014**


Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Innspela som blir motteke innan fristen vert vurdert i samband med politisk sluttbehandling av plan.

Eventuelle spørsmål kan rettast til:


Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar
Tlf: 700 81 369
jarl@heroy.kommune.no

Aleksander Zahl Tarberg
Planleggar
Tlf: 700 81 368
aleksander.zahl.tarberg@heroy.kommune.no

HERØY KOMMUNE
**Utviklingsavdelinga**

Grunneigarar, naboar lag,
organisasjonar og offentlege
høyringsinstansar

| Saksnr | Arkiv | Dykkar ref | Avd /sakshandsamar | Dato |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| 2013/165 | L12 | | UTV / AZT | 16.10.2014 |

**DETALJREGULERINGSPLAN FOR EGGESBØJORDA GNR 38 BNR 2 MFL OMRÅDET FKO - OFFENTLEG ETTERSYN**

Formannskapet vedtok i møte 14.10.2014, F-sak 161/14, at forslag til privat detaljreguleringsplan for området FKO på Eggesbøjorda (gnr 38 bnr 2 m.fl) skal sendast på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn i 6 veker.

Planforslaget legg til rette for meir kontor, forretning og bustader i området. Rema 1000 skal føre opp nytt forretningsbygg innanfor området FKT1 og det skal byggjast nye parkeringsplassar, tilkomstvegar og infrastruktur i området.

Forslag til reguleringsplan blir fremja som ein privat detaljreguleringsplan etter plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-10, og består av plankart, føresegner og planomtale med vedlegg.

Grunneigarar, naboar, offentlege myndigheiter og lag og organisasjonar blir varsla i eige skriv.

Plandokumenta er tilgjengelege elektronisk på www.heroy.kommune.no
Dokumenta er også tilgjengeleg i papirformat. Du finn desse i Servicetorget 1.etg på Herøy rådhus i Fosnavåg.

Dei som har innspel til planforslaget, vert bede om å sende desse skriftleg til:

**Herøy kommune v/ Utviklingsavdelinga**
**Postboks 274**
**6099 Fosnavåg**

Innspel kan også sendast elektronisk til e-post:

postmottak@heroy.kommune.no


Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Alle innspel må vere merka med ***"Reguleringsplan Eggesbøjorda".***

Frist for å kome med innspel til planarbeidet blir sett til: **08.12.2014.**

Innspela som blir motteke innan fristen vert vurdert i samband med politisk sluttbehandling av plan.

Spørsmål til planarbeidet skal rettast til:


Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar
Tlf: 700 81 369
jarl@heroy.kommune.no

Aleksander Zahl Tarberg
Planleggar
Tlf: 700 81 368
aleksander.zahl.tarberg@heroy.kommune.no